

Målmannen

Fjell-Norig Av Olav Aukrust

Du salme i skogen, der vindsus syng
kvar linnvørs natt,
du helsing frå villmark og végras og lyng –
stødt kjem du att.
Frå brisken den beiske og fine og stride,
frå fjellheim og viggur og vindheimar vide
kjem du, mitt hjarta til sorg og til trøyst,
du Fjell-Norigs inste, opphavlege røyst.

Du gufs av det norske, du ånd ifrå fjell –
di klage er mi.
Um ingen deg høyrer, eg høyrer deg lel,
og veit kva du lid.
Dei runer som gudgjevne her berre ljomar,
dei lengslur som her einast skin og ber blomar
ved aurgamal ile som her berre vell –
dei er det du syng um, du vindsus i fjell.

Du høyrest av dine ved dag og ved natt,
du utesus.
Um folket ditt svik deg, kom sterkare att –
fyll vårt hus!
Å døyp oss i vårdagars dom over døden,
til kveik att på nytt av den norrøne mjøden, –
du gufs frå det høge som hervil bli storm;
lyft elden vår eigen, i ånd og i form!

Du fengje vårt inste og føre oss dit
som lengslune gjeng!
Det tindrar av bjørk, og det lyser av kvit
skogstjerne-eng – –
Det tek som når tora og storskri'u rullar,
det møter med barndom og bestemorsullar,
med fimleik og avle og urtids vin, –
og langleite blånar, og høgfjell skin!

Di klage forklagar oss, klumsa eg stend, –
gjev tol, gjev tol!
Din djupaste løyndom er liv lage enn:
du skapte vårt mål.
Og du einast difor er etter vårt ynde:
vår lengting og lagnad, vårt lende og lynde,
det talar du ut um, og sjølve vårt kall
kann den lyde ut som er heilt i ditt vald.

Dei menn som um Fjell-Norig endå held vakt,
dei kjenner deg vel.
Alt folket skal eingong med glans av di makt,
med midtsamla sjel,
sin heimvegen velja og livsvoni vinne,
og tavlun' i graset då att skal me finne –
og då skal vår folkeånd gjeste sitt folk
og Fjell-Norig fagne sin fulltrugne tolk.

Motiv frå Gullfjellet, Hordaland

Med meir um desse sakene:

Raud målreising på 70-talet

Alain Soral um politikk på tvers av høgre og vinstre

Gabriele Adinolfi med europeiske visjonar

Jon Fosse på veg mot høgnorsken

I dette nummeret:

Eivind Øyre	Umtanke i postkassa	s. 2
Olav Torheim	Når ein må lesa med liti skrift...	s. 3
Olav Torheim	Tal no eller tei for alltid, Bjørkelo!	s. 3
Olav Torheim	Raud målreising på 70-talet: Kamp millom tvo vegar	s. 4
Olav Torheim	Olav H. Hauge var høgnorskman	s. 8
Olav Torheim	Jon Fosse på veg mot høgnorsken	s. 9
Ornella Winter	Nasjonalsinna rock anno 2015: Flak set standarden	s. 10
Svanhild Hestholm	Idis Örlög, "Frøya og Svipdag"	s. 11
Megan Leo	Abbat på Blastfest	s. 11
Ornella Winter	Intervju med Flak	s. 12
Olav Torheim	Gjev det meining å tala um fascisme i dag?	s. 16
Lars Bjarne Marøy	Vald og seksuelt misbruk i Håkan Nessers krim	s. 21
Olav Torheim	Gabriele Adinolfi med europeiske visjonar	s. 22
Alain Soral	Arbeids-vinstre og verdi-høgre	s. 26
Olav Torheim	Ungdomen til makti	s. 28
Olav Torheim	Støveltramp og politisk kamp	s. 30
Olav Torheim	"Patries" - utanforskap i både svart og kvitt	s. 31
Stig Andresen	Fosse-trilogien	s. 32
Stig Andresen	Levande stein: Ei onnorleis bok og mann	s. 33
Stig Andresen	Wergeland-poesiar med Fosse	s. 34
Siv-K. H. Johansen	Soga åt keltarkrossen	s. 35

Umtanke i postkassa

Av Eivind Øyre

I dagsens samfund er me yvereksponerte for informasjon. Me er berre eit tastetrykk undan alt og alle. So lengi du hev mobilen i lumma, er du i grunnen aldri heilt åleine. Alle kann senda deg ei melding på Facebook eller senda ei tekstmelding. Og du lyt som regel taka stoda til innhaldet og svara med ein gong. Er ikkje dette mest jamgodt med at personen stend framfyre deg og krev svar? For å verta heilt åleine må du skruva av mobilen. Og det torer me ikkje, for kva hender då? Då gjeng me ikring uvisse og lurar på um me hev fenge nokor melding medan mobilen hev vore avslagen.

Ikkje mistyd meg. Tekstmeldingar og Facebook er framifrå når du skal planleggja eitkvart, gjeva ei kjapp melding eller småprata med folk. Men um du ynskjer å hava ei djupare samrøda med einkvan, um noko som er viktugt for deg, og som du tykkjer du treng fleire ord for å uttrykkja, so kann det vera eit godt alternativ å skrive eit brev.

Eg skynar at nokon kann koma hugskotet slik i møte; Dette er heilt uvitugt! Absurd! Kvi skal me senda brev i dag? Det er gamaldags! Kva er vitsen, me kann då berre bruka mobilane våre? Det er dyrt! Eit frimerke fyr i eit innlandsbrev kostar 10kronur! Det tek for lang tid fyrr det kjem fram!

—Men mange kjem dessutan til å skyna alt det lure og positive med å senda brev, og at mange av dei tingi som vert dregne fram som negative faktisk kann vera til gagn.

Til dømes: Det at det er gamaldags kann då vera ein god ting! Det er so koselegt å få eit skikkelegt handskrive brev i postkassa! Tenk no berre på, at avsendaren hev teke seg bryet med å setja desse ordi på papir fyr i deg åleine! Han/ho hev lagt ut for frimerket og gjenge for å posta det. Han/ho hev havt deg i tankane ei god stund medan denne prosessen var i gong.

—Det at brevet kjem fram seinare, er faktisk ein av hovudgrunnane til at eg vil oppmoda dykk til å skriva brev. Det er det heile eg nemnde um at du aldri er åleine um du fêr og tekstar med folk heile tidi. Um du sender brev i staden, fær du meir fråstand og tid til å tenkje igjenom det som vert skrive millom dykk. Brevi kjem etter den farten de sjølve vel. Det kann vera at de vil skriva til einannan ein gong i vika (i helgane t.d.) um de er nære venir med mykje å prata um. Eller det kann vera månadlegt, um det til dømes er skyldfolk. Og brevi kann du taka vare på for all tid. Du kann lesa deim oppatt og oppatt. Du hev handfaste minne for ettertidi. Dine egne sokeskrifter, som du kan leggja for hugsande augo når du vert eldre. I alle fall tykkjer eg at dette er mykje koselegare enn å lesa gamle tekstmeldingar oppatt.

—Dette å skrive brev er for mange, trulegt

dei fleste, ein gløymd kunst. Det er ein heil kultur som me hev gløymd, og den medhøyrande normi og etiketta med. For det er litt av kvart ein bør vita eller læra seg, um ein vil taka oppatt den gamle brevskikken.

—Eg lærde mykje av det fylgjande på verdsveven, so det er berre å leite der etter opphavskjeldone um ein er hugin—

—Det er ikkje mykje du treng for å skriva brev, einast papir, konvoluttar, ein god penn og frimerke.

Um du vil gjera det skikkelegt, og med stil, bør du kaupa eit samsvarande brevsett. Altso eit brevsett der konvoluttar og ark/brevark stend i stil med kvarandre. Det treng kje vera store greidone. Einfelt, elfenbeinslita papir med likelita konvoluttir er ein einfelt, men like fullt ven måte å gjera det på. Dette kan du få kaupa mange stader der skuleutstyr og prentarutstyr (papir i det heile) vert selt.

Um du no hev fenge fatt i godt papir, er det lurt å få tak i ein penn som stend til resten av settet. Ein svart kulepenn rekk lenge, men han bør vera av ein viss kvalitet. Trettifemkronorsklassen plar duga. Um ein ser attende i saga, var svart den einaste liti som menner skulde skrive med. Kvinnor hadde større valfridom, men det skulde helst vera noko blått eller lilla. I dag er dette ei smakssak. No som du hev utstyret på plass, kan det vera greidt å friska upp etikette og oppsett.

Oppsettet bør av praktiske omsyn byrja med dato, og so ei helsing (t.d. “Gode Rolf”). So kjem hovudparten, der det stend det du vil skriva. Etter dette kjem ei avsluttande helsing (t.d. “Beste helsing”), og so underskrifti di.

I denne rekkjefylgja altso:

- (1)Dato
- (2)Helsing
- (3)Hovuddel
- (4)Avsluttande Helsing
- (5)Signatur

Noko anna som er viktugt er sjølve skrifti. Det viktugaste er at du skriv slik at lesaren kan tyda det, måvita. Ikkje skriv med lykkeskrift um du ikkje maktar gjera det på ein leseleg måte (eg skriv til dykk frå eigi røynsla). Det viktugaste er at det er lèseleg, men freista so godt du kann å skriva vent og innbydande.

—Når du ein dag er so heppen at du fær svar på eit av brevi du hev sendt, so opna brevet med kniv! Dette gjer at brevet ser finare ut etter at det er opna. Etter mi meining er det viktugt at brevi ser so fagre ut som råd er.

Du bør skriva so likt som mogleg måten du talar på, men ikkje slurva med rettskrivingi! Målet skal vera lett og einfelt, men kjensletungt

på ein slik måte at du syner kva for sinnsstemning du er i (med mindre du hev grunn til å ikkje gjera det. Bruk skyn!).

Ikkje ver stereotypisk! Eller på godt norskt: ikkje gjer det du trur alle andre gjer!

Mange hev fyrestellingar um korleides eit brev skal sjå ut, men det skal lyda nett som dú vil at det skal lyda. Syn honom som du skriv til at det er du som skriv, heilt i samband med din eigen person. Dette gjer det mykje kjekkare for den du skriv til sidan han eller ho so klårt og tydelegt kan kjenna deg att i ordi.

Du må dessutan hugsa at dei brevi du skriv i dag, kann verte lesne mange år frå no av! So du må tenkja yver ordi du nyttar!

Men, kven skal du skriva til? Du vil kanskje ikkje skrive til venene dine enno. Kann henda dei tykkjer du er sêr (um det ikkje var sêrt nok å vera målmann!). Visst kann det henda at du hev sers gode vener som du veit kom til å lysa upp um dei fekk brev frå deg i postkassa! Då må du for all del skriva til deim med ein gong!

Um ikkje, so kann du gjera som eg gjorde, og byrja i det små. Dei fyrste brevi eg skreiv, sende eg til “besten” min. Kann du tru han vart glad! Um du hev skyldfolk som du bur langt undan, og ikkje hev mykje samband med, kann det vera ei god løysing å senda brev åt deim! Dette er ein måte å skipa samband på som syner at du faktisk bryr deg! Du hev då gjort alt som skal til for å skriva og senda eit brev!

Då eg byrja skrive, skreiv eg masse brev til alle deim eg trudde kunde ha gleda av det og som eg tenkte kom til å skýna greida. Eg fann kjauppt ut kven som kom til å svara med brev, og kven som gjorde det som kvar brevskrivar ottast mest; å svara med tekstmelding. Soleides kartlagde eg kven eg kunde halde fram å skriva til. Kor som er, du treng ikkje gjeva upp med ein gong. Um du verkelegt ynskjer svarbrev frå ein som svarar med tekstmelding, so bør du bida litt, og so skrive eit nytt brev der du skriv kor glad du hadde vorte um dei skreiv attende åt deg (men svar på tekstmeldingi med!).

Eg vil påstå at å skriva brev kann gjera kvardagen din meir morosam, kjenslefull og spanande. Eg for min part, tykkjer i alle fall det er gøy å gå orventen for brev frå vener og huslyd i Noreg, men frå vener i utlandet med. So um du nokon gong kjenner at du hev hug til ei litt meir personleg form for samband enn ei melding på Facebook, so freista, berre freista å skriva eit brev til ein ven i staden. Du veit kje kva du gjeng glipp av!

Hugsa bladpengane!
Giro er stifta inn i bladet.

Det ein må lesa med liti skrift...

Av Olav Torheim

Det er eit triks like gamalt som prentekunsten: Det du er nøydd å nemna, men ikkje vil lesaren skal få med seg, det set du i nedminska skrift...

I Samtiden nr 4 2015 kom Kristian Bjørkelo med eit åtak på Målmannen som me trudde me skulde få nytta tilsvaresretten til å svara på. Det fekk me ikkje: Aschehoug nekta oss blankt å få svarinnlegg på prent. Fyrst etter at me hadde synt til straffelovi sin paragraf 270, som gjev dagbøter til redaktørar som nekta å taka inn imøtegåing av faktiske påstandar, so fekk me til slutt 1000 teikn til å leggja fram nokre reine kjensgjerningar. Men ikkje nok med det: Den vesle tekstmeldingi av eit svar som Samtiden til slutt gjekk med på å taka inn, ho vart etter beste evna gøymd burt på nokre unummererte sidor heilt på slutten av bladet, millom bylines og Klassekampen-reklame, og i ein skriftstorleik vaksne menneske flest treng brillor for å kunna lesa.

Eit ordskifte i si fulle breidd vart me difor avskorne frå.

Dei som kjenner Målmannen, dei veit at me aldri let nokon få sleppa undan med det som dei insinuerar. Me hev difor prenta tilsvaret til Bjørkelo i vårt eige tidskrift, og oppmodar Bjørkelo til å senda oss svarinnlegg - um han vågar då...

Mediekvardagen i Noreg er strengt sensurert. Mykje av det som ein les um i utanlandske media, det fær ingi uttala i Noreg i det

heile. Anten det eller so vert det nemnt på avtematiserande vis i stutte notisar. Dei som vil halda seg orienterte må leita etter informasjon på eigi hand, eller halda seg med alternative media. Dei finst det i dagsens Noreg ikkje so mange av...

Kvar hen finn ein grunnleggjande diskusjonar um norsk og europeisk nasjonalisme og freistnader på å setja politiske dagsetlar på tvers av avaldra høgre-vinstre-aksar?

Kvar hen kann ein lesa um nasjonalisinna musikk som er på høgd med all annan midtstraumsmusikk, men som korkje fær distribusjon eller uttala utanfor dei alternative kanalane?

Kvar hen er det at talsmennar for alternative idear og straumdrag kann få leggja fram tankeføringane på sine egne premisser, utan å verta stempla og fjerndiagnostiserte av medieoppnemnde "ekspertar"?

Og ikkje minst: Kven er det som stødt fleire ressurspersonar vender seg til av di dei er lut leide av at ordskifti i massemedia berre gjeng i ring, utan heilskaplege analysar eller løysingsframlegg? Me kjenner svaret...

Målmannen skal bokstavelegt tala setja fokuset på det som er skrive med liti skrift, det som berre vert nemnt i små notisar - og det som ingen andre enn oss vil skriva um. Me tilbyd lesarane våre ein eksklusiv høgorsk dagsetel. Når me kann tvinga andre media til å

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Postboks 599 Sentrum
5806 Bergen

Bladstyar:

Olav Torheim

Epost: olaveth@gmail.com

Tlf: 99156428

Skype: fivrel25

Netstad:

<http://maalmannen.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten!

putta oss i notisar med liti skrift, so syner det at me er vortne ei kraft å rekna med...

Tal no eller tei for alltid, Bjørkelo!

Svarinnlegget som Samtiden nekta taka inn

"La deg ikkje lure", skriv Kristian Bjørkelo i stykkjet "Fascismens unge andlet" i Samtiden nr 4 2015. Og for oss som faktisk veit litt um dei politiske kringværi Bjørkelo tek fyre seg, so er det ingen grunn til å verta førde på villspor. Bjørkelo sine innlegg gjeng alle inn i eit mynster som med tidi er vorte tydelegt nok for alle: Han lagar ei kompleks smørje der samanhengar det ikkje finst dekning for vert impliserte og insinuerte. Slutten på assosiasjonsrekkja er alltid Hitler og Holocaust. Innlegget hans um dei identitære i Europa og Noreg fylgjer same oppskrifti.

Bjørkelo innleider med å sitera franske Generation Identitaire sin video frå 2012, "Declaration de guerre" (Ei krigslysing): "Vi er generasjonen av etnisk splintring, av sameksistensens fullstendige kollaps og tvungen raseblanding", lyder Bjørkelo si umsetjing. Formuleringi um "tvungen raseblanding" avslører etter Bjørkelo sitt syn dei identitære sin "sanne natur". Det er "reinspikka rasisme" og "rasehygiene", hevdar han.

Det er berre eitt problem: Dei identitære talar ikkje um "tvungen raseblanding", dei nemner faktisk ikkje ordet rase med eit ord. I videoen talar dei um "métissage imposé", som

best kann umsetjast med "påprakka oppblanding". Det er ei påprakka etnisk og kulturell utvatning dei identitære gjeng til felts mot. Um ein les skriftene åt dei identitære talsmennene, so ser ein snøgt at dei hev eit syn på identitet som langt ifrå let seg redusera til eit spursmål um rase.

At ein må innleida ei tekst med reinspikka sitatfusk, det lovar ikkje godt for framhaldet. Bjørkelo hev eit politisk prosjekt, og skribentverksemd i hans skal underbyggja dette. Prosjektet gjeng ut på å (1) draga ei lina frå fascismen og nazismen og fram til vår tids identitære og alternative høgremiljø. Og (2) framhevja kringværi kring tidskrifti Kultorg, Kulturverk og Målmannen som kjernen i eit påstått nyfascistisk miljø i Noreg.

Til å underbyggja det fyrste syner Bjørkelo til "Den sorte tråden" av Øyvind Strømmen - ein journalist som på ingen måte er nokon vitskapleg autoritet på fascisme. Målmannen hev som det einaste tidskriftet i Noreg teke kritisk fyre seg "Den sorte tråden" - og ettervist at boki er grunnleggjande uetterretteleg (Målmannen nr 1 2014). Det kom aldri svar frå Strømmen på kritikken vår - og det endå tidskriftet Målmannen fylgjer både redaktørplakaten og Ver Varsam-

Plakaten, og med gleda hadde opna spaltone sine for ordskifte.

Det er rettcome når Bjørkelo dreg Oswald Spengler og Ernst Jünger fram som inspirasjonsskjeldor for Alain de Benoist, grunnleggjaren av det franske nye høgre som dei identitære hev henta idear frå. Derimot hev han ikkje gjort heimeleksone når han nyttar nett desse tenkjarane til å skapa ei påstått kopling millom det franske nye høgre og fascismen og nazismen. Både Spengler og Jünger var i opposisjon til Hitler-regimet. Jünger laut gå i indre eksil og Spengler synte seg å vera sannspådd då han gav det tredje riket maksimalt tolv år.

Alain de Benoist hev sjølv sagt at det var filosofane frå "den konservative revolusjonen" som gav honom ideen um "ei høgresida som korkje var liberal eller nazistisk". For Bjørkelo er det derimot slik at at ein anten må vera det eine eller det andre. Tankar um ein tredje veg skal ikkje ein gong diskutera, dei skal straks avvistast som fascisme.

Merkelege påstandar um eit påstått nyfascistisk miljø i Noreg dukka fyrste gongen upp i mars 2013 - i ei studentøvingsavis i Volda, Næravisa. I ein reportasje som nytta seg av nett

Framhald på sida 7...

Raud målreising på 70-talet

Kampen millom dei tvo vegane

Av Olav Torheim


Når ein ser på stoda i målrørsla av i dag, so er det vandslegt å fyrestella seg at nett målrørsla var åstad for sume av dei viktugaste og mest interessante nasjonalisme-ordskifti som hev gjeunge fyre seg i Noreg i moderne tid. Medan hovudstraumen i dagsens "vinstresida" er vorti liberal og unasjonal – og det meste av dagsens "målrørsla" er tilsvarande avpolitisert og i alle fall avideologisert – so var det på 1970-talet ei nasjonalsinna vinstresida med grunnlag i AKP(m-l) som kasta kreftene inn i målarbeidet, og det både praktisk og politisk. Dette var ei vinstresida som sette spor etter seg: Um ein gjeng attende til 70-, 80-, og jamvel tidlegt 90-tal, so finst det etter måten mange språkpolitiske artiklar og ordskifteunderlag som det er vel verdt å børsta støvet av. Eitt av desse dokumenti er "Norsk målreising – kamp mellom to vegar", som Haakon Aase kom med i 1974.

Det tidlege 70-talet var merkt av 1968-generasjonen sitt inntog i målrørsla. Dei politiserte den ålmennkulturelle tilnærmingi som målrørsla hadde havt på 1960-talet. Målrørsla kasta kreftene inn i både EEC-kampen og ymse slags distriktspolitiske saker. Det språkpolitiske tidsskriftet Mål og Makt såg til dømes dagsens ljøs – og namnevalet kom etter eit ordskifte der "Sentrum og Periferi" hadde vorte kasta fram som eit alternativt nameframlegg.

Både SV'arar og AKP(m-l)'arar kasta seg inn i målrørsla, men som me skal sjå so var det med tvo vidt ulike språkpolitiske tilnærmingar. I Norsk Målungdom førde dette til fraksjonsskampar millom dei "sosiale" (SV'arane) og dei "nasjonale" (ml'arane). Dei "sosiale" såg på målstriden som ein strid millom folkemål (nynorsk/dialekt) og yverklassemål (bokmål/riksmål) medan dei "nasjonale" rekna målstriden som ein strid millom tuo mål med ulik nasjonalkarakter (norsk og norsk-dansk).

"Norsk målreising – kamp mellom to vegar" var eit AKP-internt dokument, skrive av Haakon Aase, som skulde tena til ordskiftegrunnlag for eit seminar under eit "raudfrontsumarlæger" på Herdla i 1974. Dei "sosiale" nytta høvet til å gjera dokumentet kjent for ålmenta. Det skulde dei koma til å trega på – for dette førde til at innhaldet i dokumentet vart AKP(m-l) sin offisielle språkpolitikk. "Kamp mellom to vegar" kom soleides til å merka den politiske og ideologiske voksteren i målrørsla i lang tid frametter (stykkjet vart sidan prenta i tidskriftet Materialisten, der det ogso er med eit etterord frå hausten 1974).

"Kamp mellom to vegar" er tydelegt merkt av den tidi ho vart skrivi – og av den retorikken og dei referansane som AKP(m-l)'arane nytta seg av. Mykje av innhaldet og språkbruken kann



«Norsk målreising – kamp mellom to vegar» var eit av dei viktugaste språkpolitiske dokumenti på 1970-talet.

soleides kjennast framand og rar for lesarar i vår tid, og referansane til Stalin og Mao kann vel få nokon kvar til å rista på hovudet. Argumentasjonen er derimot solid, og det meste kunde like godt ha vore framført i våre dagar – um enn i ein litt annan kontekst.

Målsaki sett frå marxistisk synsleite

Haakon Aase freistar gjera seg ein marxistisk analyse av språkstoda i Noreg, og grunnleggjande kjennskap til marxistisk teori er difor naudsynt for å kunna forstå teksti:

Eitt av dei grunnleggjande prinsippi i marxismen er den dialektiske materialismen. Etter det denne teorien fortel, so er alle strukturar bygde upp av tvo eller fleire motsetnadpar. Det er både ein einskap og ein kamp millom motsetnadene – einskapen held strukturane saman, og kampen fører til at strukturane endrar og utviklar seg. Slik er det heilt frå dei minste handfaste strukturane, som med atomkjernen sin einskap og kamp millom elementærpartiklane, og upp til dei største abstrakte ovringane, som med menneskesamfundet sin einskap og kamp millom samfundsklassar.

Innanfor dei same strukturane kann det finnast mange ulike motsetnader, og kva for motsetnader som ei dei dominerande og dei som er drivande for utviklingi, det vil vera ulikt frå tid til tid. Kor som er, til kvar tid finst det ei hovudmotsegging – saman med ei eller fleire underordna motseggingar. Marxistisk analyse

gjeng ut på å identifisera motsetnadene og finna ut kva som til kvar tid er hovudmotsetnaden.

Sume strukturar endrar seg jamt og trutt, andre strukturar endrar seg berre i sprang. Sume motsetnader er fræve, til dømes fører motsetnaden millom mann og kvinna til at born vert avla og nye ættleider kjem til. Andre motsetnader er antagonistiske, og det heiter at den eine motsetnaden til sjuande og sist må vinna og utsletta den andre. Kampen millom adel og borgarskap – og seinare kampen millom borgarskap og arbeidarklasse – er døme på det siste.

Takk vere den dialektiske materialismen gjeng alle menneskesamfund igjenom meir eller mindre dei same utviklingstrinni. Drivkrafti i denne utviklingi er kampen for produksjonen av materielle gode. I dei aller mest primitive samfundi er produksjonen so dårlegt utvikla at det ikkje er moglegt å samla seg upp noko yverskot, og i dette samfundet må alle dela på alt – dette kallar Marx for urkommunismen, men det er ikkje noko paradisi, snarare eit barbari. Det urkommunistiske samfundet vert seinare avløyst av eit slavesamfund, der det er slavehaldarane som tileignar seg heile produksjonsyverskotet, og med det oppstår den aller fyrste klassesdelingi.

Slavesamfundet vert i neste umgang avløyst av føydalsamfundet, og føydalismen vert i sin tur avløyst av kapitalismen – og til slutt skal kapitalismen verta avløyst av sosialismen.

Medan forbedringi av produksjonsmidli gjeng fyre seg jamt og trutt, so kann produksjonstilhøvi einast endra seg sprangvis – med revolusjonar. Grunnen til dette er at den klassen som til kvar tid haustar yverskotet frå produksjonen hev eigeninteresse av at det held fram med å vera slik. Eigeninteressone åt den rådande klassen kjem soleides på eit visst tidspunkt i saga til å koma i motstrid med det som er vorte til interessone åt heile menneskesamfundet. Ved yverganga frå føydalisme til kapitalisme er borgarskapen ein progressiv klasse som målber interessone åt heile samfundet. Seinare vert borgarskapen reaksjonær – og det vert arbeidarklassen si historiske oppgåva å føra samfundet vidare frå kapitalisme til sosialisme.

Haakon Aase set grunnlaget for målreisingi inn i eit klassisk marxistisk skjema der samfundet gjeng igjennom yverganga frå føydalisme til kapitalisme. Dette vert kalla for den borgarleg-demokratiske revolusjonen, og ute i Europa var 1848 eit merkeår. I Europa fører oppbrotet frå dei gamle føydalstrukturane til at det vert skipa einskaplege nasjonalstatar – det jakobinske Frankrike og det keisarlege Tyskland kunde vera dømme på dette. Nasjonalstaten er råmeverket for det kapitalistiske samfundet i sin tidlege fase – den fasen der borgarskapen enno spelar ei progressiv rolla. Det er på denne tidi at Noreg hev rive seg laus frå Danmark og fører unionssstrid med Sverige.

Målreisingi og den borgarleg-demokratiske revolusjonen

Nasjonalromantikken verkar sterkt nasjonsbyggjande i denne tidbolken, og mykje arbeid vert gjort med å samla folkeminne og skildra norsk natur og folkeliv. Samstundes er det småborgaren Ivar Aasen som skriftfester det norske målet. Eller sagt med Aasen sine egne ord: “Efterat vort Fædreneland atter er blevet hvad det engang var, nemlig frit og selvstændigt, maa det være os magtpaaliggende at bruge et selvstændigt og nationalt Sprog, eftersom dette er en Nations fornemste Kjendemerke.” (Ivar Aasen, “Om vort skriftsprog”, skrive i 1836, men fyrst prenta i 1909).

Jamvel um borgarskapen på denne tidi kunde ha havt ei progressiv rolla i den norske målreisingi, so konstaterar Aase at dei var likesæle eller beint fram motstandarar av dette prosjektet, og det heilt frå byrjingi av. Mykje av grunnen, men ikkje heile grunnen, var det at storborgarskapen i byane sjølve var av eit frammandt opphav – det er det same som Garborg poengterte i si tvonasjonslæra. Utgangspunktet deira var at det danske målet skulde kallast for norsk, og elles stå meir eller mindre ubrigda. Welhaven vilde halda på den pure dansken, medan Wergeland vilde nytta norske ord som litterære verkemiddel i det danske målet – som til dømes med “Fos” i staden for “Vandfald”. Grammatikk og formverk var det derimot ingen

som tok til ords for å oppnorska. Knud Knudsen sitt framlegg um å driva med oppnorsking på grunnlag av “Dannet Dagligtale” fekk einast tilslutnad etter at den norske målreisingi var vorti ei kraft som var til å rekna med. Det gjekk ikkje ut på anna enn nokre endringar i ljodverket, til dømes å skifta mjuke konsonantar ut med harde, og var i røyndi ikkje større endringar enn dei som var heilt naudsynte for at det danske målet i Noreg skulde ha nokor framtid i det heile.

Kapitalismen lyt heile tidi ekspandera, og dimed kjem kapitalismen inn i den endelege fasen som Lenin kallar for imperialismen. Medan nasjonalstaten i den tidlege fasen er eit høvelegt råmeverk for å kunna einsretta og bryta ned gamle strukturar, so vert nasjonalstaten på eit visst tidspunkt til eit meinbægie for kapitalismen. Striden um EEC og seinare EF/EU er berre eitt av mange dømme på dette. Den borgarskapen som tidlegare var nasjonal vert seinare viljug til å selja ut det nasjonale sjølvstendet, dei hev fenge ei reint reaksjonær rolla i det nasjonale spursmålet. På dette tidspunktet er det upp til arbeidarklassen å forsvara dei nasjonale rettane. I målspursmålet vert det upp til arbeidarklassen i Noreg å driva fram det som småborgaren Ivar Aasen sette i gang og som borgarskapen aldri fullførde:

“I brodden for den norske arbeidarklassen må arbeidarpartiet AKP(m-l) djervt velje den revolusjonære linja for norsk målreising. Den proletære revolusjonen må gjennomføre den oppgåva den borgarlege revolusjonen sette opp, men ikkje fullførte: Full oppreising for det norske målet.”

Samnorsken var eit rangt lineval som tok brodden av målreisingi

Kva er so grunnen til at dette ikkje skjedde då Arbeidarpartiet kom til makti, og då intellektuelle frå Arbeidarpartiet gjorde sitt inntog i studentmållagi og i målørsla? Kvifor gjekk Arbeidarpartiet tvert imot inn for å taka brodden av heile målstriden med ein statlegt påtvinga samnorskpolitikk? Sitatet um at det spelar ingi rolla um det heiter “gryta” eller “gryten” so lenge ein hev eitkvart å putta i henne er vorte nytta for å illustrera ei arbeidarrørsla som tilsynelatande skulde vera likesæle til heile målstriden. Arbeidarpartiet vilde vinna fram i ein jafs – og lukkast med det – med di dei la seg på ei kompromisslina i dei fleste grunnleggjande spursmål. Målspursmålet var ikkje noko undantak frå dette.

Mannen som fekk høve til å utforma Arbeidarpartiet sin språkpolitikk var Halvdan Koht, vinstremannen som vart arbeidarpartimann. Haakon Aase meiner at Koht tok sitt borgarlege språksyn med seg inn i arbeidarrørsla. Den politiske og ideologiske lina som han bygde på var ikkje rett, og dimed vart alt det andre ravgale med. Aase syner til Mao Tse Tung, som hev

slege fast at so lenge den politiske og ideologiske lina er rett, kann det verta ei ordning med alt det andre – men elles ikkje.

Halvdan Koht var med på å gjera upptak til rørsla Østlandsk Reisning, som hadde til fyremål å fremja austlandsk mål og identitet. I staden for å hjelpa fram norsk målreising på Austlandet, so byrja dei å stella krav til både bokmål og nynorsk um at desse tvo måli frå kvar sin kant skulde nærma seg austlandsk talemål. Dei tok dessutan til ords for ulike slags dialektnormalar innanfor dei tvo skriftmåli. Østlandsk Reisning hadde titusundtals medlemmer i den fyrste tidi, men gjekk fullstendig i frø etter nokre år. Det var soleides ei rørsle som ikkje makta å konstruera nokon ting. Det dei derimot makta – anten dei vilde det eller ikkje – var å bremsa ned den framgangen som nynorsken hadde på Austlandet.

Samnorskmenne i Arbeidarpartiet tok til ords for “språklig samling på norsk folkemåls grunn”, men denne samlingi let til å venta på seg. I staden for å mobilisera arbeidsfolk for den norske målreisingi, so skulde byråkratar og nemnder gjera jobben for folket med å måta dei tvo skriftmåli etter talemålet. Arbeidsfolk på Austlandet vart dimed fråtekne høvet til å velja norskt mål – og det av di ein ikkje hadde trui på dei. Men ikkje berre det: Samstundes som målfolk og arbeidsfolk vart sitjande og venta på at styresmaktene skulde løysa målstriden, so provoserte samnorskpolitikken fram nett den riksmålsreaksjonen som all framgangen for nynorsken ikkje hadde greidd å vekkja.

Dette er i grunnen ikkje so rart: I ei tid då dei nasjonale tankane framleis stod høgt i kurs, so var det vandslegt å argumentera imot den norske målreisingi so lenge ho var på fullnorsk grunn. Ein samnorsk som korkje likna fugl eller fisk vart derimot eit mykje lettare bytte for riksmålsagitasjonen.

Ein må våga å tru på folk

Samnorskarane hadde ikkje tru på å mobilisera arbeidarklassen til kamp for nynorsken. Men arbeidarklassen er den progressive klassen og soleides den einaste klassen som hev eigeninteresse av å nå fram til den fulle og heile sanningi um stoda i Noreg i dag, poengterar Aase. Er det nokon som er mottakelege for å høyra heile sanningi um målstoda i Noreg, so er det arbeidarklassen.

Lenin slo fast at arbeidarane hev eit “fagforeningsmedvit”. Dei vil til kvar tid ha høgare løn og betre arbeidstilhøve, men dei kann ikkje fyrestella seg ei grunnleggjande umskipling av heile kvardagen deira. Eller sagt på ein annan måte: Dei vil gjerne ha ein større bit av kaka, men torer ikkje tenkja tanken på at dei kann yvertaka heile bakeriet. Lenin poengterte at kommunistpartiet er den subjektive krafti i klassekampen, dei kann skapa eit revolusjonært medvit i arbeidarklassen.

Målspursmålet er berre eitt av mange spørsmål der arbeidarklassen kann vinnast for ei revolusjonær lina (nynorsk/sosialisme) og ikkje ei avslagslina (sammorsk/sosialdemokrati). Alle saker der ein kann sensibilisera folk på eit radikalt grunnlag høyrer med til desse bekker små som kann verta til ei stor å.

Aase avviser slett ikkje at det finst ei motsegjing millom folkemål og yverklassemål, men stend fast ved at hovudmotsegjingi i den norske målstriden gjeng millom norsk og norskdansk mål. Alle dei hine motsetnadene er underordna so lenge hovudmotsetnaden ikkje er løyst.

Denne motsetnaden kann ikkje løysast med å blanda i hop dei to måli, slik som sammorskstrævet gjekk ut på. Samnorsken lukkast med å gjera nynorsken mindre norsk, men for bokmålet sin part var det heile fåfengt. Den indre samanhengen i det danske målet er so sterk at det jamvel for dei mest ressurssterke er sers vandslegt å skriva radikalt bokmål på ein konsekvent måte – bokmålsbrukaren graviterar heile tidi mot dei mest konservative formene og må streva for å skriva radikalt yver heile lina. Korleis er det ikkje då for arbeidsfolk? Aase nyttar seg av Stalin sine språkvitskaplege skrifter for å slå fast at målblandingslina er ei dautslina: “I røyndi er det slik at når tvo språk vert blanda, vert det eine språket sigerherre. Det bergar den grammatiske bygnaden sin, bergar grunntilfanget av ord og utviklar seg etter sine indre voksterlover, medan hitt språket smått um senn misser kvaliteten sin og smått um senn døyrt burt” (Josef Stalin, “Marxismen og problem i språkvitskapen”, kronikkserie i Pravda i 1950).

Eller um eg sjølv skal taka eit aktuelt døme av i dag: Er det slik at norsk er vorte engelsk av di det dagstødt snik seg nye engelske ord inn i målet vårt? Visselegt ikkje, den grunnleggjande målbyggnaden vert ståande. Likevel hevdar ein at det danske målet er vorte norsk, berre av di det hev teke inn nokre norske ord her og der, og gjort nokre reint ortofone tilmåtingar til norsk lydverk.

Kvifor skal arbeidarklassen velja norsk? Nokre argument

Artikkelforfattaren siterar Gustav Indrebø på at «landsmålet ville verta ei lyftestong for det store arbeidande norske folk». Ei lyftestong er ein reidskap, og nett dette er eit sentralt poeng for Haakon Aase i polemikken mot dei “sosiale”.

I marxismen skil ein millom basis og yverbyggnad, der yverbyggnaden einast er ei avspegling i menneskeheilen av dei materielle tilhøvi, ikkje minst produksjonstilhøvi. Tankar og idear høyrer alle heime i yverbyggnaden, men kva med språket? Dei sosiale meinte at språket høyrde til yverbyggnaden, og umtala bokmålet som eit slags yverklassemål eller “maktspråk” som vart nytta til å tyna folk med. Men um språket høyrer heime i yverbyggnaden, so må ei

endring av produksjonstilhøvi føra til ei endring av språket med, og det syner soga tydelegt at det ikkje gjer.

Tvert imot, språket høyrer til den materielle basisen – og det av di språket er ein reidskap. Det er ein reidskap for tanken, rett nok, men framvoksteren åt språket høyrer saman med framvoksteren åt arbeidet og dimed produksjonen. Produksjonsmidli er i vedvarande utvikling heile tidi, det er ikkje som med produksjonstilhøvi som endrar seg sprangvis. Jarnbanen er til dømes den same jarnbanen både under kapitalismen og sosialismen. Dette er eit argument som Aase hentar frå Josef Stalin sin artikkel um marxismen og språkvitskapen.

Jamvel um språket vert framhevja som ein reidskap, so hev dei ikkje eit reint instrumentelt syn på språk. Det er ikkje ein reidskap som kann veljast på slump, ein må velja den reidskapen som er måta etter den røyndomen han skal nytast på:

«Det norske målet er skapt av og atter speglar livet og røynslene til det store strevande folket gjennom hundretals generasjonar her i Noreg. Det ber difor i seg ein stor rikedom av uttrykk som vi vil tape følt mykje på å kaste frå oss. For oss finst der ikkje betre hjelpemiddel vi kan gripe vår røyndom med. Tilhøvet mellom norsk og tillempa dansk i dette stykket er som tilhøvet mellom eit jernspett og eit trespett. I eit knipetak kan vi greie oss med annarangs reiskap, men han gjer ikkje fullgod nytte for seg.»

Dette er slett ikkje so langt undan dei teori-ane som Frode Jens Strømnes seinare hev ettervist vitskaplegt, um at ulike mål svarer til ulike slags fyrestellingsverder – ulike måtar å modellera røyndomen på (Frode Jens Strømnes, “The Fall of the Word and the Rise of the Mental Model”, Peter Lang Verlag, 2006).

Eller sagt med ordi åt Paul Sandøy (“For ein nasjonal språkpolitikk”, Åtgaumen nr 5 1986), som var ein av dei NMU-leidarane som seinare kom til å stå på den “nasjonale” AKP-lina:

“Standpunktet eg hamnar ned på, som ei fylgja av desse kjensgjerningane, er at eg vil bjoda fram og slåst fram nynorsken som skriftmålet åt heile det norske folket. Eg veit at nynorsken vil vera ei letta for storparten av heile folket dersom de tek honom i bruk, eg veit at nynorsken vil utløysa ei stor skaparkraft hjå den einskilde, hjå heile nasjonen, ei skaparkraft målstoda i dag held nede.”

Dimed fell ogso den talemålsromantiske argumentasjonen mot talemålsnormering. Dialektane er ei viktug kjelda for nynorsken, og det er ikkje moglegt å reisa upp det norske målet utan at ein samstundes kjempar mot dei som vanvyrder tradisjonelle norske talemål. Men um ein lærer folk upp til å tala normaltalemål, so driv ein ikkje med språkundertykking. Tvert imot, ein lærer ein upp folk til å nytta seg av ein reidskap slik at dei stend på like fot. I land som

Sverige og Tyskland lærer ein borni upp til å nytta normaltalemål i skule og offentlegt samheng, og det er ein demokratisk fyremun.

Nynorsken lyfter det folkelege upp på eit nasjonalt nivå. På dialekt vert ein berre ein heimstaddiktar. Lat meg få lov å ta nokre døme som ikkje er frå 70-talet: Kva hadde til dømes Olav Stedje vore utan nynorsken? Eller sjå til dømes på trønderrocken med Aage Alexander-sen og DDE: Når Wannskrækk vart til Dum-dumboys på bokmål, so var grunnen nett det at dei ikkje berre vilde vera eitkvart lokalt. Her kunde dei ha valt nynorsk i staden – um dei hadde vore medvitne nok til det, men kva ventar ein seg av nokre punkarar?

Bokmålet hev røtene sine i dansk mål, men nett denne kjensgjerningi hev ein gjort til eit tabu å diskutera. Soleides er ikkje berre bokmålet eit språk som vantar ein norsk tradisjon å stydja seg på, dei hev jamvel kutta bandi til den danske tradisjonen. Nett det at bokmålet ikkje hev nokon sterk og livande tradisjon å knyta seg upp mot, gjer at bokmålet vert eit lett byte for anglo-norsken.

Det norske målet kann derimot heile tidi få næring frå dialektane – ikkje av di folk skal skriva som dei talar, men tvert imot av di nynorsken byggjer på mynsterformer. Mynsterform er viktugt. Det gjer at alle dialektord kann få ei standardisert form og nyttast, det er ikkje moglegt med bokmål – sidan det ikkje er ei norm for korleis norske ord skal skrivast. Når ein nyovring kjem frå utlandet, kann ein til dømes gå til dei nedervde målføri og leita fram gamle ord og nemningar frå den gamle reidskapskulturen, gjeva ordi ei mynsterform og taka deim i bruk att.

Etterord

Det er til Haakon Aase si store forteneasta at han maktar føra kampen millom dei tvo vegane, millom det “nasjonale” og det påstått “sosiale” målsynet, attende til den grunnleggjande motsetnaden millom dei som vilde reisa upp att det norske målet og dei som vilde reformera det danske målet akkurat so mykje at det var nok til å taka brodden av heile målstriden. Samnorskstrævet vert framstelt som noko radikalt og folkelegt, men botnar i ein reaksjonær og borgarleg motvilje til å sleppa det norske målet fram. Arbeidarpartiet slo seg inn på ei lina som hjelpte fram ein riksmålsreaksjonen som so langt hadde mislukkast. “La det bli sagt endeleg farvel til borgarlege politikarar i raud frakk som Koht, Trammæl og Nygårdsvold og andre tjon”, avsluttar Aase stykkjet sitt med.

Aase syntte til at Østlandsk Reisning gjekk i frø av di dei ikkje kopla dialektkampen på Austlandet til nynorsk kampen. På 70-talet kom dialektbylgja, og han åtvare mot at det same kunde skje endå ein gong. Han fekk rett – diverre. Dei “sosiale” vann kampen um Norsk Målungdom i 1976, etter ein beisk fraksjon-

sstrid, og sentralstyret vart flutt frå det AKP-dominerte Bergen til det SV-dominerte Oslo. Kring 1980 var dialektromantikken i målørsla på topp. 40 prosent av Studentmållaget i Oslo sine medlemmer skreiv bokmål, og Studentmållaget gjorde eit stort nummer ut or det i flygeblad. På Målungdomen sitt landsmøte på Ås kom Målungdomen med kritikk mot Noregs Mållag for å ha blanda nynorsken inn i dialektkampen.

Resultatet av det heile var at ein kom til eit punkt der dialektkampen var "vunnen", og det

utan at ein kunna nytta momentumet frå dialektkampen til å driva nynorsk målreising. Tvert imot: Dialektbylgja rulla yver målørsla og etterlet henne med broten rygg. Langsamt visna heile Målungdomen burt, og ved landsmøtet i 1984 – som skulde verta eit vendepunkt med di dei "nasjonale" kom attende til makti – so vart det teke til ords for å leggja organisasjonen ned. Paradoxsalt nok etter at dei hadde sigra både med dialekt- og læremiddelaksjonar.

I ettertid framstår det som underlegt å skilja millom "sosialt" og "nasjonalt" i norsk målstrid.

So lenge det nasjonale sviv seg um eit folkehopehav – ei gruppa menneske med ein sams lagnad – so er det klart at det nasjonale må ha ein sosial dimensjon. Og som me ser med innvandringsordskiftet i våre dagar, so er umgrip som "tillitssamfund" og "velferdsstat" einast moglegt innanfor eit nasjonalt rådeverk. Utan dette rådeverket raknar alt det andre. Det sosiale let seg ikkje skilja ut frå det nasjonale – og sosial kann ein ikkje vera i lengdi utan at ein hev ein ein nasjon og eit folk å stø seg på

Framhald frå sida 3...

Øyvind Strømmen og Kristian Bjørkelo til kjeldor, so vart det hevda at Målmannen fylgde ein "metapolitisk strategi" der nyfascistisk politikk vart umformulert til ei kulturrørsla - og at dette var ein måte å lura folk med seg på. Reportasjen vart klaga inn for PFU og felt for brot på god presseskikk. Det finst ingen seriøs journalistikk som underbyggjer påstandane.

Neste framstøyt kom hausten 2014 i publikasjonen Humanist. Her kom Bjørkelo med ein konspirasjonsteori der Målmannen, Kultorg og Kulturverk skulde framstellast som det nyfascistiske trikløveret i Noreg. Eg sende inn svarinnlegg på dette ("Mistydingar um Målmannen", Humanist nr 4 2014). Bjørkelo kommenterte aldri svarinnlegget, derimot var det redaktør Didrik Söderlind som sjølv greip inn og utstyrte mitt svar med ein polemisk replikk. Söderlind kom her med ei rad nye påstandar mot Målmannen, og det samstundes med at han signaliserte at ordskiftet vart avslutta. Dette er brot på Ver Varsam-Plakaten, og eg klaga Humanist inn for PFU. Humanist nekta å lata seg vurdere i PFU, og ein fekk det soleides svart på kvitt at Humanist ikkje liver opp til normal presseskikk. Når Söderlind seinare vart konfrontert på Twitter, var svaret hans at "[v]i følger presseskikk, men vi tar oss ikke så veldig nær av om noen blir sure for at vi korrekt påpeker at de er nazi-apologeter". At Målmannen forsvargar nazismen er visseleg vrøv!l

Me byrjar å sjå eit mynster: Bjørkelo er ikkje interessert i ordskifte, han er interessert i få påstandane sine inn i flest mogleg publikasjonar slik at dei kann verta etablerte som ålmenngyldige fakta. Bjørkelo vil skriva kritisk um politisk nasjonalisme, men gjer Göbbels sin devise til sin eigen: "Tek du upp att ei usanning ofte nok, so trur folk til slutt at det skal vera slik". Denne strategien hev han mislukkast med: Alt som Bjørkelo hev kome med er vorte attendevist. I offentlegt ordskifte er det ingen andre enn Bjørkelo og miljøet kring Humanist som steller seg attum teorien um det påstått nyfascistiske og identitære miljøet i Noreg. Det er vorte til deira "greie" å styra med dette.

Javisst hev Målmannen havt artiklar både um identitære og andre nasjonalsinna og systemkritiske initiativ, men det heiter ikkje at me

sjølve er ein lekk i desse samanhengane. Me tykkjer nasjonalistar og identitære skal få koma til ords på eigne premissar - utan merkelappar som puttar dei i den moralske og historiske skammekroken. Dei som vil vita meir um Målmannen kann vitja nettsida maalmannen.no.

Bjørkelo fortel at "[d]ette er folk ein gjerne treff på små lokale musikkfestivalar med tradisjonell musikk eller obskure metalband... Dette er ikkje folk som engasjerar seg stort politisk... Der du vil finne dei, er gjerne i små akademiske sirkler og innan ulike motkulturelle miljø". Brotsverket vårt er med andre ord at me hev variert musikksmak og at me er upptekne av norsk kultur. Di mindre engasjerte me er i direkte politisk arbeid, di meir politiske er me i realiteten, skal me tru Bjørkelo. Sviv det seg um ei slags politisk "potensering" - der budskapen berre vert sterkare di mindre tydeleg ein gjer honom? Denne tankegangen finn ein paradoksalt nok att i nett den homøopaten som Bjørkelo sine Humanist- og Skepsis-vener normalt plar vera so mistruiske til...

"Vi veit kva resultatet vart sist gong", av-

luttar Bjørkelo - og ja, me forstår godt kvar hen Bjørkelo vil med insinuasjonane og skuldassosiasjonane sine. Difor fær ikkje påstandane stå uimotsagde, same kvar han skulde koma med dei. Bjørkelo hev til dessar vorte sitert i reportasjar som bryt med god presseskikk (Næravisa), han hev sett innlegg på prent i publikasjonar som nektar underleggja seg PFU-vurdering (Humanist) og han hev ikkje vilja svara når han vart møtt med kritikk offentleg (Utrop, 13. mai 2015).


No hev Bjørkelo fenge konspirasjonsteorien sin inn i Samtiden - tidskriftet for "landets skarpeste penner". Då er det bokstaveleg tala tid for å skjerpa seg. Bjørkelo hev gong etter gong påstått at det finst eit nyfascistisk miljø i Noreg - og at Målmannen, Kultorg og Kulturverk er kjernen i dette. Um denne teorien skal takast seriøst, so må Bjørkelo koma med noko litt meir substansielt enn at me likar høyra på musikk, er glade i å diskutera filosofi og gjerne uppsøker motkulturelle kringvære. Lat oss segja det slik, Bjørkelo: Du fær tala no - eller tegja for alltid.



Klarar du finna svarinnlegget frå Torheim? Lengst nede til vinstre ser ein den tekstmeldingi av eit svar som til slutt kom på prent, på ei av dei siste og unummererte sidone, millom bylines og reklame, og i **redusert skriftstorleik**. Kor smålege kann Aschehoug verta?

Olav H. Hauge var høgnorskmann

Av Olav Torheim



Olav H. Hauge, ein av Noregs største lyrikarar i moderne tid, nytta seg av klassisk nynorsk med i-mål. Det at «nynorsk er so fint i dikt» kann kanskje få sume til å tru at den tradisjonelle nynorsken einast var eit litterært verkemiddel frå Hauge si sida. Andre tenkjer kannhenda at han berre nytta seg av den målformi som låg nærast upp til hans eige klangfulle Ulvik-mål. Kor som er, slik er det ikkje. Hauge var ingen litterær posør eller talemål-sromantikar. Det låg eit klårt språkpolitisk standpunkt attum rettskrivingi hans, og Hauge knytte seg sjølv beinveges til høgnorsklina. Eit intervju med Hauge frå 1989 stadfester dette.

Hauge sitt syn på språkpolitikk kjem tydeleg fram i dagbøkene hans, og Klaus Johan Myrvoll hev i teksti «Ein nasjonal aristokrat» gjort ein god analyse av Hauge sine språkpolitiske synsmåtar. Der slær Myrvoll fast at Hauge stod for både tradisjonell normering og normaltalemål. Men ein treng ikkje å analysa Hauge sine dagbøker for å slå fast dette. I juli 1989 reiste Hans Olav Brendberg og Bård Eskeland til Ulvik i Hardanger for å vitja Hauge og høyra um kvar han stod språk- og kulturpolitisk, og Hauge gav deim reine ord for pengane.

Hauge vert spurd um kvifor det er slik at den høgnorske skrifttradisjonen – som vart spådd å døy ut for ein mannsalder sidan – framleis er livande hjå Hauge. Han gjev deim dette svaret:

“Sjølv hev eg ikkje vore aktiv i målrørsla, men eg hugsar godt striden attyver. Stutt sagt var eg samd med Gustav Indrebø. Etter Aasen vart det ymse flikkingar med norsken som vel kunde vera tenlege. So kom læreboknormalane – sjølv hadde eg den frå 1901 då eg byrja i

skulen. Medan eg var der, kom rettskrivingi frå 1917 – den var no meir enn god nok, med sine konsesjonar og valfrie former. Samstundes var ho klårt norsk, og tolleg fylgjerett i hovudformene. Visst hev eg kunna gjera det, men eg hev aldri funne noko grunn til å brigda på det målet. 1938-rettskrivingi var ei ulukka for norsk mål. Sjølv sagt er det råd å skriva norsk med den nynorsken me hev i dag, og det finst dei som gjer det. Eg hev no aldri fenge kritikk for målet mitt, og trur ikkje det har vore til meins for nokon – snarare hev eg vunne på det. Eg ser dei reknar det for høgnorsk. Det tek eg som ei æra.”

Bodil Cappelen, kona til Hauge, bryt i det høvet inn i samrøda og slær fast at det ikkje er dialekten som fær Hauge til å skriva som han gjer. «Eg kjenner Olav, han hev klåre prinsipp», slær ho fast.

Dimed kjem dei inn på spursmålet um tilhøvet millom talemål og skriftmål. Helder ikkje her legg Hauge fingrane imillom:

«Det var ein aksjon, i alle høve eit slagord: “Snakk dialekt, skriv nynorsk” eller noko sovore. Eg skynar ikkje korleis det skal hanga saman med norskmålsstrev. Fyrr freista no desse som stridde fram norsken å lempa talemålet sitt etter mynster frå nynorsk skriftmål. No held talemålet på å missa den norske sersvipen. Etter krigen, då det vart gode stillingar i kommunane, kom det ferdigutdana folk frå Bergen og slo seg ned i bygdene. Men bergensarane skifter ikkje mål, um du so set dei på månen – og ungane vert innprenta til å halda på bokmålet. Når folk herifrå flytjer til byen, held dei i beste fall på målet i ein generasjon. Garborg skriv i dagboki at han høyrde

det beste norske målet på Helgeland. Å døma etter det eg sjølv hev upplevt i Lofoten, er det ingen som tviheld meir på det danske skriftmålet enn nordlendingane.»

Vidare so er Hauge tydeleg på at målstriden er ein strid millom tvo mål med kvar sin nasjonalkarakter. Hauge vert spurd um kva han meiner um målrørsla sitt gamle slagord, «Nynorsk til einaste riksmål», og han gjev deim dette svaret:

«Ja, det var eit djervt slagord, men krigen skipla so mykje. Eingong var det 5 nynorske dagblad. Folk skreiv gjerne gratis då, endå det var magre tider – målfolket var idealistar. Det gjekk fordi viljen var der. Stortingsfolket vart spurde um dei nytta nynorsk. Ved bispeval vòg det målpolitiske standpunktet mesta jamt med det teologiske. Vinstrealliansen dreiv saki fram. Jamvel dei som ikkje nytta nynorsk studde saki i prinsippet. [...] Kong Haakon sa det beint ut”, segjer han og hentar eit gamalt avisutklipp: “Riksmålet er jo dansk”. [...] Nynorsk er ei rett språkhistorisk nemning, men ho er misbrukt og misvisande. Ein segjer ikkje nysvensk um det svenske målet. Ordet bokmål gjev ikkje meining i det heile. [...] Etter krigen kom språknemndi og gjorde skade. Filologane skulde snu på alt, og sette i gang med “tillemping”. Men det var nynorsken som laut fira, og gje slepp på sermerki.”

”Norsk og dansknorsk er dei rette namni på skriftmål”, segjer Bodil Cappelen og Olav H. Hauge.

Hauge vert til slutt spurd ut um han trur det enno er von for nynorsk kultur, og kva som i so fall må gjerast. Han svarar deim slik:

«Det skil seg. Dersom det held fram som no, vil soja kanskje syna at den nynorske kulturen varde i 100 år, med Vesaas som den siste forfattaren. Det er ein stolt tradisjon. Me hev ein bokheim som hev synt kva norsk mål var og kunde vera. Med den i ryggjen skulde det vera von. Men det held ikkje å servera turre fakta. Ungdomen må vekkjast emosjonelt. Nordmennene må skyna at målet er den største arven eit folk hev. Men det ser kje ut til at det nyttar å gjera noko med dei. Det er for mykje fantasilaus etteraping her – alt gjævt kjem frå utlandet. So er det målbruken; me må ikkje tru at alt mål er like godt. Fyrr var det fleire som dyrka det nynorske talemålet.»

Hauge vert elles spurd ut um kva det er han meiner um EF (EU), og der med er han tydeleg med nei-standpunktet sitt.

”Det er vilje som må til”, er avskilsordi som Hauge gjev Brendberg og Eskeland etter at dei hev takka for seg. Det sluttar me oss gjerne til. Der det finst ein vilje, finst det ein veg. No som den gongen.

Jon Fosse på veg mot høgnorsken

Av Olav Torheim

Den tabloide yverskrifti gjeng kanskje litt lengre enn det her og no er dekingi for, men kjensgjerningi er at Jon Fosse er vorten meir tradisjonell – både i målvegen og reint ålment. Det gjeng fram or ei utspyrjing i MelandJul, årboki åt Meland Mållag.

Reint språkleg hev den tradisjonelle nyorienteringi kome til uttrykk med det at Fosse hev bytt frå e-infinitiv til a-infinitiv. Dette er ei viktugare markering enn mange fyrst vil tru: Nett e-infinitiven hev vore ei av merkeformene åt det samnorskvenlege Samlaget, og det medan den høgnorske a-infinitiven tidlegare var einerådande i nynorsk.

På jakt etter noko djupare

Elles fortel Fosse meir um motivasjonen sin for å ha vorten katolikk, og her med sviv det seg um det at han søker seg etter ein fastare tradisjon å stå i. Etter Fosse sitt syn er den norske kyrkja vorti utvatna og blodfatig, og med det tenkjer han ikkje på det kivet og kjeklet som hev vore i dei seinaste tiåri um homofilt samliv. Hom-sar i kyrkja er han heilt for, fortel han. Nei, det sviv seg meir um det at han tykkjer det protestantiske trui vantar metafysisk djupn. I katolisismen finn Fosse meir av alt det mysteriøse som han finn gleder av å grava i, fortel han.

Me siterar or MelandJul:

«Sjolv har Jon Fosse gått over til å skriva ein meir tradisjonell eller konservativ nynorsk samanlikna med tidlegare. [...] - Det er skilnad på bokmål og nynorsk, og den skilnaden må gjerast tydelegare, ikkje mindre tydeleg. Mellom Ibsens riksmål og Aasens landsmål var skilnaden enorm. Både moderne bokmål og moderne nynorsk står kvarandre langt nærare, nettopp difor må det som er av skilnad framhevast. Eg har til dømes gått over frå å skriva e-infinitiv og til å skriva a-infinitiv. Bokmål har berre e-infinitiv, på nynorsk kan ein velja mellom det eine og det andre.»

Fosse fortel elles at Tarjei Vesaas og Knut Hamsun var forfattarane som merkte honom sterkast den gongen han var ung. Dessutan gjorde diktingi åt Tor Jonsson og Olav H. Hauge eit sterkt inntrykk på honom.



Jon Fosse, fersk vinnar av Nordisk Råd sin umtykte litteraturpris, vart nyss spurd ut i MelandJul.

Høgnorske målmeistrar på leselista

Av bøker som han les i dag, so fortel han at han les det meste – ikkje minst ord-bøker! Faktisk so var den siste boki han las «Juridisk ordliste» av høgnorskman-nen Nikolaus Gjelsvik. I det høvet so let ikkje Fosse vera å draga fram det store arbeidet som Gjelsvik gjorde med å få fram norskt mål.

Det var i eit intervju i Bergens Tidende for tvo år sidan at Fosse fortalde at han hadde bytt bustad frå Bergen til Frekhaug i Nordhordland. Det gjorde han med grunngjevingi at «[b]ergenskulturen har definert seg negativt mot strilekul-turen, med det meiner eg heile den nynorske kulturen, både folkekulturen og elitekulturen. Det er ei ulykke og ei skam at det ikkje finst ein einaste nynorskinsti-tusjon i Bergen, byen som er hovudstad i nynorskland. Eg mislikar sterkt attityden at sjolv det lågaste av bergenskulturen skal vera betre enn det beste av strilekul-turen» (Kjelda: «Jon fosse drakk døgnet rundt», Bergens Tidende 15. november 2013).

Det finst ei grensa for yverköyring, og ho gjeng ved språket

Frekhaug er kommunesentrum i Meland, og det er soleides naturleg at det er nett i

MelandJul at Fosse fær høve til å gjera nøgnare greida for ytringane sine. Jamvel um nynorsken er under press i Meland med, so ottast ikkje Fosse for framtidi. Det finst ei grensa for den yverköyringi som folk i utkantane uppliver frå sen-traliseringsskåte politikarar og næringslivstoppar – og den grensa gjeng ved språket, hevdar Fosse. Det er lov å vona at han fær rett.

Du kann lesa Målmannen sine meldingar av “Andvake”, “Olavs draumar”, “Kveldsvævd”, “Levande stein” og Wergeland-poesiane litt lengre bak i dette nummeret.

Kom ikkje fyrre Mål-mannen i postkassa di?

...

Hugs å melda frå um ny tilskrift dersom du hev flutt sidan sist!

Nasjonalsinna rock anno 2015: Flak set standarden

Av Ornella Winter

Med plata «Maßstab» (2015) so hev den tyske musikkgruppa Flak sett ein ny standard. Både musikalsk, lyrisk og produksjonsmessig so hev plata «Masstab» vorte nett det – ein mælestav for korleis nasjonalsinna rock i våre dagar skal lyda.

Berre for å oppklåra ei mogleg misforståing med det same: Det ikkje for å setja seg sjølv på pjestall at gruppa hev valt å kalla plata si for «Maßstab». Det er snarare for å setja ljuskastarane på personar og verd-såskodande idear som dei meiner bør vera fyredøme for andre. Det lukkast dei etter mitt syn godt med.

Introen på plata «Masstab» byrjar med ei politisk tala – framført av ein nasjonalsinna aktivist som nylegt fekk kjenna systemet sine represjonsåtgjerder på kroppen. Soleides vert det heilt frå byrjingi av klårt at her er det ein politisk budskap som gruppa vil ha ut. Denne budskapen vert i dei etterfylgjande spori hamra inn – med låtar som hentar innslag både frå punkrock, hardcore, metal og metalcore. Det er alt frå «vanleg» drivande «Deutschrock» til brutal metalcore på denne skiva.

Hulter til bulter vert det likevel aldri, det syter den proffe og sereigne produksjonen for. Alle låtane hev noko varmt og opplyftande yver seg, det er eit dynamisk driv i melodiane og ein optimisme i tekstene som spinn ein raud tråd igjennom heile plata. Det er heile 13 ulike låtar på plata, og dei er alle framifrå gode. Sidan eg ikkje kann taka fyre meg alle, so hev eg heilt subjektivt valt meg ut dei som hugtok meg mest:

«Auf ein Wort» er drivande, melodisk rock med energisk song hakk i hel. Det er på mange måtar ei programlåt, med eit serskilt kall til ungdomen: Fram for ein positiv nasjonalisme med fokus på familie, heimstad, nederverdskjensla og skuldkultur!

«Im Herzen tragend» er ei godlåt som er full av lovord til heimstaden og til det som gjer ein heimstad til nett det: Gode grannar og folk som bryr seg og tek vare på kvarandre. Harmonien i låti vert til slutt broti med ein tollegt disharmonisk gitarsolo, og dette gjev melodien eit nytt høgdepunkt mot slutten.

«MHD» er ei humoristisk hardcore-låt med ein seriøs undertone: Dagens samfund er mest for eit kjøleskåp å rekna. Eit kjøleskåp der stimplingsdatoen på varone for lengst hev gjeunge ut, og der det både myglar og kryr med bakteriar. Å eta frå dette kjøleskapet fører berre til sjukdom og død, det som trengst er ei retteleg opprydding og reingjering der roten-



skapen vert teken ut og kasta!

«Der Staat mit der Eisernen Mask» er ei rockelåt med hardkjerneinnslag. Titelen og teksti spelar på «Mannen med jarmmaska». Dette var ein mann som franske kong Ludvig den 14. heldt fanga i heile 34 år. Spekulasjonane um kven han var hev vore mange, og Voltaire meinte han var ein eldre bror av kongen – gøymd burt i eit fangehol av di han faktisk var den rettkomne kongen i landet. Og det rettkomne politiske systemet i Tyskland, kva er det? Kva med den fredsavtala som enno hev til gode å verta underskrivi? Attum jarmmaska finn ein svari...

«Lichtbringer» er ei brutalt moderne metalcore-låt som tek fyre seg den amerikanske dronekrigføring i fjerne land. I namnet åt menneskerettar og humanisme vert menneske drepne og bomba i småbitar på dataspel-vis. I refranget slær ein lakonisk fast at: «Yes, we can... Fight their system now!»

«An Europas Erben» er den einaste akustiske låti på plata. I motsetnad til dei hine songane so er dette ei retteleg trubadur-låt der song og gitarspel er det einaste som driv låti fram. Visa er ei oppmoding til oss som er Europa sine ervingar: Det er tid for å bryta upp frå det rotlause forbrukarsamfundet – tid for å bryta lekkjone. Det rådande systemet syng på siste verset, det hev ingenting meir å tilby oss og me hev ingenting å venta oss frå det – aller minst pensjon og andre slags

«framtidige» velferds gode. Um me vil ha ei framtid, må me stå saman og skapa henne sjølv!

«Heimwärts» kunde like godt ha vore skrivi av Ensiferum eller eitkvart anna pagan-metal-band. Denne låti tek fyre seg slutten på livet og lengselen etter å møta att dei som hev gjeunge fyre i døden. Songen rundar plata av på ein fin og harmonisk måte.

Fyrste gongen eg hørde «Flak» var for fem år sidan, då dei kom med debutplata «Feuertaufe». Den gongen avskreiv eg dei som eit «vanleg» nasjonalsinna rockeband – altso ikkje serskilt dårlegt og helder ikkje serskilt interessant å høyra på. Med «Masstab» hev dei derimot teke steget til å verta ei gruppa som det er spanande å lyda til. Dei hev prova at dei er noko langt meir enn berre eit «nasjonalsinna» band...

I dei seinaste åri hev stødt fleire nasjonalsinna musikkgrupper nådd det nivået som krevst for å vekkja interessa utyver egne krinsar og nå ut til eit breidt og «normalt» publikum. Både musikalsk, tekstlegt og produksjonsmessig er dei fullt på høgde med den «vanlege», upolitiske musikken – og det opnar nye dører. Slik kann dei endelegt nytta musikken som det politiske våpenet det var meint til. Det er berre å ynskja Flak velkommen med i klubben!

Idis Örlög, “Frøya og Svipdag” og “Songs from Njartharlåg”

Av Svanhild Hestholm

Idis Örlög er eit musikalsk prosjekt der ein med ord og musikk freistar koma so nær som råd er til hjarta og åndi åt den nordiske naturen. Songane er tileigna gamle soger og segner, til dei vekslende årstidene, til solkvervingane og til dei arketypiske og energetiske karakterane som målber fortidi, notidi og framtidi. Det sviv seg um å koma til røtene, koma til hjarta av sakene og søkja sanningi. Det er det som er motivasjonen åt Idis Örlög (Idis tyder “gudinna”, Örlög tyder “karma”).

Den seinaste utgjevingi, “Frøya og Svipdag” og “Songs from Njartharlåg” set ljaskastarane på samspelet millom krafter: Ljoset som varmar upp horison-ten under den kalde vintersolkvervingi, det å koma heimatt til nokon ein er glad i. Dette er tema som ein finn att både i saga um Frøya og Svipdag og på dei eldgamle kultstadene på øyi Njartharlåg (i dag kalla Tysnes, i Sunnhordland i Vest-Noreg). Frøya og Svipdag kjem saman atter ein gong, og soli riser yver fjelltop-



pen for å skina på altaret på den gamle kultstaden.

Instrumenteringi på albumet er akustisk og sett i hop av harpa, gitar, hardangerfela, sjamantrumba, munnharpa, fløyta og røyst. Siv Idis fær fylgje av Runahild frå Eliwagar, som stend for trumba, fela og fløyta på dei fleste songane, og jamvel med koring på eitt av spori.

Albumet er ein mjuk yvergang frå det

fyrre albumet, “The Spiral Tide of Seasons” (utgjeve på Wolftyr Productions), samstundes er det meir samansett i ljod og dimensjonar.

Alle som hugar mot å koma nærare røtene sine og koma djupare inn i den norrøne mytologien, dei kjem til å setja pris på dette arbeidet som både er jordnært og samstundes hev noko storfelt og dynamisk yver seg.

Abbath på Blastfest

Av Megan Leo

Det skulde verta den fyrste konserten på norsk jord med Abbath - det heiter, fyrste gongen utan at ein framleis vart kalla for Immortal. Staden var USF Røkeriet i Bergen, under den årvisse Blasfest-festivalen.

Abbath spela med King ov Hell på bass, Creature på trumbor og Per Valla på sologitar. Jamvel um det hev vore Abbath i eigen høge person som hev vore sjølve kjernen i det gamle Immortal, so tek det likevel tid å verta vand med ei ny gruppa og den nye personkjemien som rår på scena.

Ein av dei fyrste songane dei spela var “Nebular Ravens Winter”, ei gamal Immortal-låt som vart spela med energi og entusiasme.

Trulegt var det I-låti “Warriors” som var den beste framføringi denne natti. Kor som er so var det likt til at publikum fyrst og fremst var komne for å lyda til gamalt Immortal-materiale, for dei verka mykje meir passive der dei nye songane vart spela. Når songar som “One by One” og låtar frå “At the Heart of Winter” vart framførde, då vart alt meir livande i konsertsalen. Til dømes so tok det heilt av når dei framførde “Solarfall”, som er ei



urnorsk låt heilt i Málmannen si gata.

Abbath er attende frå ein tur i utlandet, og Abbath framstod som trøyt og ikkje like energisk som ein er vand med å sjå honom. Like fullt var han til stades med humor og karakter, og han var sterk både på instrument og vokal. Nokre tekniske mistak kunde høyrast tydelegt, og det gjorde kanskje gruppa litt irritert.

Likevel var det ei godkjend framføring, og Creature fekk syna at han var like god på trumbor som det Horg hadde vore tidlegare.

Alt medrekna so var det ei framføring som det lønte seg å møta fram til. Det vert spanande å sjå korleis Abbath kjem til å verta vidare som sjølvstendig musikkgruppa.

Intervju med Flak Av Ornella Winter

I fjor hugtok den tyske gruppa Flak heile den nasjonale musikkscenen med ei plata som både er allsongvenleg, nyskapande og profft produsert: "Der Maßstab" (Målestaven). Målmannen hev meldt denne plata i dette nummeret, men ikkje nok med det: Me hev teke ein prat med gruppa, og det vart til ei samrøda um langt meir enn berre musikk. Intervjuet tek fyre seg både verdsåskodande aspekt og eventuelle løysingsframlegg til problem i Tyskland og Europa i dag.

Fyrst, fortel oss litt um FLAK. Korleis oppstod gruppa og korleis fekk de ideen um å driva med nasjonalsinna musikk?

Goddag, eg heiter Phil og eg er songar og gitarist i musikkgruppa FLAK. FLAK vart grunnlagt i 2007, som eit moderne, nasjonalsinna rockeband. Ideen attum var å kombinera verdsåskodingi vår med lidenskapen vår for musikk: Gjera dei tankeføringane og temai som fylgjer frå verdsåskodingi vår til noko som ein kunde "dansa" til.

Grunnleggjande sett so hev ikkje konseptet endra seg. Kor som er so er påverknadskjeldone og innfallsvinklone vortne mykje meir mangslungne, og slik lyder FLAK annleides i 2016 enn det gjorde i 2007. Under alle omstende so er endringi etter vårt syn sers positiv.

For meg lyder musikken som ei blanding av hardrock, punk, metallmusikk, metallkjernemusikk og hardkjerne-rock - korleis de faktisk lyder, det er ikkje so godt å skildra. Korleis tykkjer de sjølve at de best kann skildra musikken dykkar?

Helder ikkje for meg er det råd å skildra musikken frå „Der Maßstab“ med nokon slags merkelapp. Like fullt so kann eg frå kvar einaste song nemna andre musikkgrupper som umedvite må ha påverka meg. Den opprømsingi som du kjem med kann eg skriva under på, i alle fall heilt fram til det med hardrock ;-).

Som ein tummelfingerregel gjeld dette for alle "Maßstab"-songane mine:

1. Det må vera moglegt å syngja med, og songen må vera klår og forståeleg - i minsto hovudparten.

2. Melodiøse aspekt stend i framgrunnen (harmoni og melodi gjeng framfor rytme).

3. Temaet i tekstene må verta bore fram av stemningi i den instrumentale musikken



Me hev teke ein prat med Phil frå Flak.

(musikk og tekster må klinga saman)

4. So lite "metall" som moglegt (so kann ein helder leggja på meir utetter i låti...)

5. Positivt posisjonierende innhald (det finst nok songar um alt som er rangt og gale (Stikkord: "Liebe, Ideale statt Hass und Kriege").

6. Me lyt alltid gjeva vårt beste, halda oss sjølvkritiske og freista verta betre.

Summen av desse aspekti er trulegt den beste skildringi av musikken vår.

Kor som er so er det klårt at me vil laga musikk som er harmonisk, til tider "hymnisk" og varm, og like fullt hard so det held. Dette er musikk som hev nam til å gløda folk upp og som me kann stella oss 100 prosent attum. So lenge me er i stand til det, so vert det som regel ikkje keidsamt å lyda til.

Kva for musikarar hev påverka dykk?

Millom mange andre so kann me heilt sikkert draga fram grupper som Rise Against, The Machine, A Day to Remember, Hatebreed, Die Toten Hosen, 3 Doors Down, Wintersun, BMTH, Architects eller Breakdown of Sanity. Kvar av desse gruppone hev musikalske element som eg

tykkjer vel um og som umedvite hev påverka låtskrivingi mi. Elles so er det Nirvana som i si tid var utløysande for at eg tok til å spela gitar. Dei einskilte teknikkane som eg nyttar meg av på elgitaren, dei fekk eg i fingrane frå dei fyrste fem Metallica-platone.

Slik sett so er baa desse to gruppone heilt klårt ei serskild inspirasjonskjelda. Metallica sine varme komposisjonar (stikkord: blånotar) hev openbert sett sitt merke på grunnleggjande bitar i harmoniforstångi mi.

Sjølv høyrer eg for tidi mest berre på "moderne" energifyld musikk (amerikansk punk og all slags metallmusikk med hardkjerneinnslag), og gitarteknisk let eg meg framfor alt påverka av skrap- (thrash), død- og svartmetallgrupper. Difor vert eg nøydd til å ta meg sjølv litt i nakken og ikkje sleppa alt for mykje metallpåverknad inn i min eigen musikk. Me freistar å samla dei venaste og tøffaste elemente frå metallmusikk, punk og hardkjerne-rock - men utan at det endar i rein metallmusikk eller progressiv rock. Me ynskjer ikkje å syna kor flinke me er med instrumenti våre, men snarare skriva fengjande låtar med "øyreorm"-karakter. Det er det me strævar mot.

Kva er den viktugaste budskapen som de vil føra fram?

Den viktugaste budskapen er at det ikkje finst mykje som er so positivt og vent å oppdaga som kjærleiken til eige folk, det skapande mangfaldet åt dei europeiske nasjonane - og dei frisinna menneski som er røtte i desse. Ikkje noko er so stort som å få vera med på å arbeida og strida for at desse skal få veksa og styrka seg, og ingen venskapsband vert sterkare enn dei som ein knyter med likesinna i denne striden.

Det å få uppliva dette, det er noko me alle inst inne lengtar etter. Det er den største gåva som livet hev gjeve meg. Eg ynskjer å lata alle få kjensla av å nærma seg dette storslegne. Det er noko frigjerande i det å få vera med i eit hopeheng som er større enn ein sjølv, men det er det diverre ikkje so mange som er medvitne um i våre dagar - det er vorte gløymt, og dimed ligg det der som eit sovande sakn hjå oss alle.

Nett dette tilbyd me. Det kostar ikkje ei krone, og kvar og ein som lyder til hjarta sitt og som kjem til oss, han finn eit meirverde større enn noko anna - og det for heile livet sitt!

...og han som likevel ikkje vil, han er fri til å gå sin veg. Halvhjarta idealistar hev ingen bruk for i våre venekrinsar. Media kjem med skrekkehistorier um "avhopparar" som ikkje fær vera i fred frå sitt gamle miljø, men sjølv hev eg aldri høyrte um noko slikt. Det er oss heilt framandte å te seg på den måten.

Framigjenom er det visselegt sume som hev vendt oss ryggen, men jamvel med desse hev me skilt lag som vener. I verste fall hev me ikkje lenger helsa på einannan på gata. Altso sers u dramatisk og med sers lite "hollywood-hått".

Me hev røynt at det å kunna liva ut visse verdiar og ideal i våre venekrinsar, det er med på å smi saman ein karaktersterk elite. Det er ikkje kven som helst som hev det som trengst til å finna sin plass i slike hopeheng. Det er mykje oftare slik at det er me som må halda oss borte frå folk som ikkje hev ryggrad eller som vantar disiplin - enn det er folk som treng å "springa burt" frå oss.

Når ein jamfører den siste plata dykkar, "Der Maßstab", med den fyrre som heitte "Feuertaufe" (Elddåp), so tykkjer eg at de sidan den gongen hev nådd eit heilt anna nivå. Dette hev eg nemnt i platemeldingi mi med. Samstundes veit ein at mykje hev hendt i millomtida, som med AB Mittelrhein-prosessen og tidi i



varetekt (Eit titals unge aktivistar vart arresterte våren 2012, og nokre vart haldne so lenge som 22 månader i varetekt for verksemd som etter norsk lov ikkje hadde vore for brotsverk å rekna i det heile, men snarare normal politisk aktivitet. Red.). Kanskje ein kann segja at de fekk den verkelege "elddåpen" dykkar fyrst etter at debutplata dykkar var komi ut? På kva slags måte hev hendingane dei seinaste åri merkt musikken dykkar?

Den personlege elddåpen min hadde eg vel fyrestelt meg litt onnorleis, men ja, ein kann godt sjå det slik at tidi i varetekt var ein slags "elddåp". Sjølv likar eg betre å sjå på det som ei slags "herdingstid". Til sjuande og sist hadde me ikkje noko anna val, me var nøydd å halda hovudet kaldt. Det fanst ingen alternativ. Eg veit ikkje korleis visse andre, med alt det som dei fekk seg til å segja, kann sjå seg sjøve i spegelen den dag i dag.

Reint ålment: Fyre me visste ordet av det, so var kasta rett inn i varetekt og mange vart jamvel fullstendig isolerte. Me vart berre nøydd til å takla det. Bassisten vår, Erik, var innesperra like lenge. Det gjev ovende mykje kraft å ha so trugne vener ikring seg. Det var visselegt ingen i venekrinsen som var fyrebudde på det som me skulde koma til å uppliva. Endå so vandsleg denne tidi kom til å verta, so hev kvar og ein av oss vorte ekstremt styrkt av dei røynslone denne tidi gav oss. Det hev

gjort oss klokare og sveisa oss endå meir saman. Mange som eg tidlegare ikkje kjende so godt, dei er i dag personar som eg reknar for mine mest trufaste vener.

Um ein ser burt frå det personlege dramaet kring kvar og ein av oss, um det no skulde vera familie eller kjærastar som ikkje heldt stand, gode eller jamvel sers gode jobbar som ein fekk sparken frå eller studium som vart avbrotne, so vart endskapen på det heile sers positiv. I ettertid so kann me nesten takka staten for at han gav oss høve til å syna for all verdi at det framleis finst unge tyskarar som ikkje berre radlar - eller syng, som det er for min part - um saker som karakter, verdiar, ideal og verd-såskodingar. Nei, det finst enno dei som heilt til det siste stend for dei og set alle krefter inn for desse sakene.

I denne tidi, då me sat i isolat, so hev kvar og ein av oss lært seg sjølv betre å kjenna. Sett i retroperspektiv so var isolasjonstidi det beste som kunde ha hendt meg. Tidi i JVA Diez gjorde meg mykje vaksnare mentalt. På den måten so veit eg i dag nett kva eg vil og ikkje minst kva eg ikkje vil. Kompromiss finst det so godt som ingen av lenger.

Kravi som eg set til livet mitt og til umkrinsen min er vortne større. Framfor alt so set eg meir krav til meg sjølv. Det merkar ein kann henda i musikken min med. For meg er han ekte og autentisk. Kann henda er det difor me hev gjort det so bra med "Der Maßstab". Eller det kann

henda me berre hev havt flaks ;-).

På umslaget åt den seinaste plata dykkar so ser me ein mann som gjeng åleine langsetter ein veg. Dessutan so ser me eit kamphelikopter som eg mistenkjer for å ha sleppt ei bomba og øydelagt ein bil. Kva ynskjer de å segja med dette? Mannen på vegen, er han dum eller modig - eller finst dette saker som ein mann berre må gjera um han vil verta verande ein mann?

Plateumslaget er sett i hop av James ("Black Legion" millom anna). Det gjev rom for mange tolkingar, og det er heilt medvite at det er laga slik. Kor som er, so er det korkje mannen eller dei nemnde ran-delementi som stend i framgrunnen. "Vegen er målet", heiter det visseleg. Dette valspråket høver sers godt for oss, for folket vårt og for Europa. Dimeir so var det viktugt for meg at umslaget hadde optisk djupn og at det ikkje under noko umstende vart eit 08/15-verk. James hev lote lida mykje under min perfeksjonisme. Men det hev openbert lønt seg. Slik me ser det so hev umslaget vorte framifrå, og det takk vere James sitt arbeid. Atter ein gong takk for det!

I kva for ei leid mannen på umslaget er på veg, det er ikkje klårt definert. Framtidi er tollegt uviss: Anten gjeng han på den steinute vegen mot dei høge bergi, rett i framtidsskauset, eller han er alt komen sigrande ut derifrå og vert no jaga av helikopteret - eller kanskje vakta av dette. Desse "framtidsscenarioa" er berre tvo, eller rettare sagt tri, variantar av mange ulike slags tolkingar. Kva for ei som høver best, det fær kvar og ein avgjera med seg sjølv.

På umkvervet med nasjonalsinna hardrock/hardkjerne-rock so finst i det seinaste so mange musikkgrupper - som til dømes Moshpit, Brainwash, Übermensch, Terrorsphära - og plateselskap - som OPOS og Leveler - som kann gjeva ut høgkvalitetsmusikk med profesjonell produksjon. No jamvel dykk med. Tenkjer du at det snart kann koma til eit gjennombrøt der den nasjonale musikken kann glida inn i midtstraumsmusikken? Fyrst og fremst: Takk for komplimentet!

Nei, det trur eg ikkje. Problemet er eit samfundsproblem og hev mykje med tabu å gjera. Midtstraumsmusikken er styrt av pengeinteressor og det er framfor alt media som styrer kva som skal få sleppa til der. Media i den staten me liver under er openlyst tyskfiendslege, folkefiendslege og

mangkulturvenlege. I BRD (Bundesrepublik Deutschland) kjem ikkje det til å endra seg.

Kor som er, so ligg problemet endå djupare enn som so:

So lenge den jamne tyskaren ikkje uppliver eitkvart utløysande, noko som kann rikka i det forkvakla verdsbilætet hans og gjera honom open for å lyda til alternative idear, so kjem han ikkje til å tenkja seg um. Utan at folk tenkjer seg um so kjem det ikkje til nokon slags tabubrot - og med dei rådande tabui so fører ei positiv standpunkt-taking for eige folk berre til at ein sjølv berre vert skuva ut i kulden.

Talet på "absolutt framande" i vårt eige land aukar dessutan jamt og trutt, og slik vert det meir og meir ufjelgt å stikka seg fram med eit klårt standpunkt for eigen heimstad. Kvar og ein hev då noko å tapa (sic!). Samfundet vert meir og meir frammandt og "lyt" difor stødt verta meir "tolerant". Det lyt berre vera slik, sidan talet på dei som må verta "tolererte" berre aukar på - elles so hadde ein faktiske vore nøydd til å gjera noko med denne vanstoda.

Han som ikkje lenger vil vera med i denne vonde tankesirkelen, og som jamvel gjev det offentlegt til kjenne, han risikerar å få godmenneski på nakken. For hjå "dei gode" sluttar toleransen ved dei som vågar stella spursmål ved "tolleriet" og "demokransen". Dette hev likevel inkje med logikk å gjera, det er berre absurd. "Toleransen" deira er ikkje logisk, det er ein slags religion - det er tru og ikkje vissa!

Å gjeva avkall på litt av kvardagslulusen sin, det er dei færraste reiduge til. Dei er som regel tidlegt ute med å "ta avstand", sidan klåre linor er eit meinbægie for å lukkast i dagsens samfund (sjå til dømes Frei.Wild mfl).

Menneski i dagsens samfund tenkjer dei er "lukkelege" og tykkjer at dei "hev det bra", og slik er dei under alle umstende integrerte inn i det rådande systemet. Me er ikkje det. Dette samfundet er til 100 prosent motstykkjet av det som me stend for. Dagsens samfund hev ingen trong til musikkgrupper som våre. Same kor gode me skulde vera. Sjølvforstångi, tekstinnhaldet og heile det huglaget som me utstrålar er det som gjev utslaget. Korkje Flak eller nokon av dei hine gruppone som du nemner kjem nokon gong til å få distribusjon hjå Impericon eller få kontrakt hjå plateselskap som Roadrunner Records - eller verta inviterte til koseprat med Joko og Klaas i "Circus Halligali". Jamvel desse er midtstraums for meg. Me er ljøsår undan desse, og godt er det.

Etter mitt syn skulde me bruka kreftene på å laga høgkvalitetsvideoar for Youtube (Übermensch med H Photography og AD VERSUS Media er heilt klårt fyredøme her). So kann me helder nytta mindre tid på tekster og røyster som ein einast kann lyda til i våre eigne krinsar. Det siste er rett og slett berre avskrekkande for so altfor mange, og det tener eigi sjølvtilfredsstelling meir enn det tener saki åt Tyskland - men det er berre mi eigi personlege meining, det med. Eg hev eit hjarta for moderne tekstar og musikk. For visse andre huglag og tema vert eg aldri serlegt ihuga...

På dette umkvervet hev Moshpit vore eit fyredøme av dei store. Dei var den fyrste "völkische" musikkgruppa som greidd å setja ein retteleg standard i våre eigne rekkjor. Effektane, produksjonen på "We carry the heart" og heile måten dei framstår på - alt dette danar ein framifrå symbiose av verdsåskoding, mote og ungdomskultur. Og det med god smak. Chapo!

Songen "Spielverderber" tek fyre seg folk i "miljøet" som ein gjerne skulde ha vore forutan - asosiale personar utan ryggrad, som einast er komne til oss av di det er ingen andre som vil vita av dei. Problemet i dagsens samfund er at dei fleste menneske tenkjer at dei hev meir å tapa enn å vinna på å gå inn i ei politisk rørsle og verta aktive. Langsamt endrar dette seg, til dømes med asylmottaki som nett no kjem til kvart eit grannelag... Kva kann ein gjera for å gjera "rørsle" meir attraktiv og bringa folk til det punktet der dei vel å koma til oss?

Som eg alt hev vore inne på, so bør me etter mi meining nytta oss av dei nye medii der me kann gjera det. Youtube, Facebook, VK og so burtetter, dei er alle gåvor som me må nytta oss av.

Dessutan må me alle sjå lengre enn til vår eigen navle:

Kvar og ein som set i verk ein offentleg aksjon i namnet åt vår rørsle - som lagar musikk og videoar eller som skriv artiklar - han bør freista å taka vår tid på pulsen, framfor å berre kopiera våre eigne gamle idear og arbeidsmåtar. Det heiter visseleg ikkje at ein skal etterapa kvart eit idioti som media eller andre spyttar ut. Men det er tid for å leggja burt skylappane og konfrontera alle desse kameratane som visseleg er engasjerte og som hev hjarta på rette staden, men som like fullt korkje hev talent eller god smak.

I våre krinsar burde engasjementet fyrst og fremst sviva som um framtidi åt folket

vårt, og ikkje so mykje um sjølvrealiseringi åt den einskilde av oss, eller kva meiner du? Me plikt alle å koma med konstruktiv (!) kritikk til felagane våre, og me må på same måten tola å høyra kritikk sjølve. Kvar og ein må gjera sitt beste. Berre slik kann me framstå som eit rettelegt alternativ. Dei som ikkje innser dette, dei er ikkje noko røynelegt alternativ, dei er berre “gamle godtruande”.

Når kvar og ein finn ut på kva slags umkverve det er han kann yta sitt beste, og ikkje berre kva hans sjølv hev mest lyst til å gjera, då steller me optimalt med dei ressursane me hev til rådvelde. Slik vert det lettare for oss å lukkast, og det er i interessa åt oss alle!

Dinæst so lyt me skyna kva det er som ligg unge menneske nærast på hjarta og kva som verkelegt interesserar dei - ikkje det som interesserar oss mest! Dimeir so må me leggja vinn på dei positive sakene som hopehavet vårt skaper og hev i seg, me må vekkja lengslane deira.

For i motsetnad til dei fleste hardkjernegruppone, til dømes, so kann me faktisk syngja og tala ærlegt um familiar, broderskap og ekte kameratskap - for det er det livet som me verkelegt liver! Kvifor ikkje syna desse positive tingi fram for umverdi? Kvar hen finn dei unge innfødde framleis verdihopehav i det samfundet me hev i dag? Visselegt ikkje i BRD-samfundet, for der finst slikt berre hjå innvandrara og nasjonalistar! (Her vil eg leggja til at me slett ikkje er nokor slags utgruppa, me stend snarare parallellt med det rådande samfundet, i den pulserande midten av det tyske folket!)

Når eg tenkjer etter, kva det var som gjorde at eg og dei fleste av mine likesinna vart opne for nye idear som i neste umgang førde oss inn i det politiske, so hadde dette sers lite med nokre slags subkulturar eller soldatar å gjera.

Heilevasken dei seinaste 70 åri hev sytt for at kvar ein positiv dragnad til eige folk, serskilt det tyske folket, i minsto umedvite vert knytt til “hat” - um ikkje endåtil rekna for eitt og det same. Kor som er so stend me diametralt i motsetnad til desse fyrestellingane: Verdsåskodingi vår ber fram kjærleik i staden for hat. Det er det likevel ikkje so ofte at me gjev tydelegt til kjenne! Drivkrafti vår er kjærleiken: Kjærleiken til eigen kultur, eige folk, til naturi, til mangfeldet i vårt eige språk og til den ov-vene heimstaden vår. Kjærleik til alt dette som det gjeld um å halda uppe. Denne bodskapen er det vår plikt å nytta kvart eit høve til å utbasunera til folket.

Eitt av dei største mistaki våre, det er å nytta dei falske system-klisjeane på oss sjølve eller å akseptera folk i eigne krinsar som målber desse. Med desse “utstillingsnazistane” hev me ingenting sams.

Til dømes var hovudimpulsen for min eigen part at ein i dagsens samfund kjenner seg fortapt og ufjelg millom alle “albogemenneski”, “godmenneske-moralapostlane” og desse som einast er store i kjeften. På jakt etter svar på dei ufjelge spursmål mine, so vart eg kjend med nokre av desse som er vortne mine beste felagar og vener.

Me lyt heilt einfelt syna dei unge menneski korleis det verkelegt stend til i våre krinsar. Når ein set dette i kontrast til det rådande, “demokratiske” samfundet, so er det meir enn god nok reklame. Og um me kann nytta oss av Youtube, Facebook eller feite CD-produksjonar for å få denne informasjonen ut til folket, so er vel det alt ei byrjing, eller? :-)

Med den ovstore asylstraumen so fær ein kjensla av at me liver i ei oppbrotstid. Den langsame folkedøden med “vel-lukka integrasjon” er forbi, det heile kjem til å enda i eit brak - og anten er det slutten eller det er ei ny byrjing. Korleis trur du Tyskland ser ut om 5 eller 10 år? Åh, det er eit ufattelegt vandslegt spursmål.

Reint ålment so ser eg på den negative utviklingi (tilskeivingi) i Europa som noko positivt for dei europeiske folki. Serskilt for det tyske folket. Kann henda er den stødt låkare stoda det sparket i rævi som folket vårt treng for å endelegt vakna upp. Me veit likevel alle at det ikkje er noko “arbeidsuheld” som “demokratane” hev stelt i stand, det er meiningi at det skulde verta slik. Fasen med snikande framandgjerjing er no forbi, og det skulde ikkje vera oss imot.

Under alle umstende so er eg ein absolutt optimist. Um det so skulde skje at det tyske folket i dei neste tiåri vert ekstremt desimert og me vert etnisk minoritet i vårt eige land, so er eg likevel fast yvertydd um at me jamvel i slik ei stoda ein dag atter skal vinna attende sjølvstendet vårt.

Grunnleggjande sett so er alt moglegt i BRD nett no. Korleis alt hev endra seg dei seinaste fem åri, det hadde ingen av oss kunna sett på fyrehand. Korleis skal eg profetiera kva som kjem til å henda dei neste 5-10 åri? Jamvel min eigen arroganse kjenner visse grensor ;-).

Slik eg ser det so kjem nok represjons-skriven til å verta skriva endå nokre hakk. Um folket endå ein gong skulde taka til gatone, og det rettelegt - og dei ikkje lenger

let seg knebla av godmenneske-moralen i media - då kann alt skje. Det kjem trulegt til å finnast nok av dei som “i namnet åt manneætti” - eller i namnet åt Profeten - er viljuge til å opna eld, i minsto gummikulor, mot desse “fælslege tyske rasistane som atter er på frammarsj”. Seinast på dette tidspunktet bør ein ha hamstra inn nok popcorn og vitacola for eit tid...

Kann henda so opplever me at det rådande vinstreorienterte meinungsdiktaturet vert etterfylgt av ei stor pendelsvinging mot høgre. Historisk og massepsykologisk sett, so er det sannelegt råd å fyrestella seg det. Visse instrument for å kanalisera det folkelege raseriet er alt vortne installerte (AfD, til dømes).

Det som serskilt gjev meg von um ei positiv endring, det er det at desse problemi ikkje berre er tyske problem. Snarare europeiske problem. Me er altso ikkje åleine i kampen for å halda oss sjølve uppe som folk.

Slik kann me segja: Ein for alle, alle for ein!

Er det noko meir som du tykkjer du skulde ha sagt?

Ein serskild takk gjeng til deg, Ornella, for at du gav oss høve til å verta høyrd i Noreg. Takk til deg, Ornella, og takk til alle som hev lese seg igjenom heile denne utspyrjingi.

Takk for at du, kjære lesar, gjev Flak so mykje merksemd. Det er er sannelegt ei æra for oss og hev sers mykje å segja for oss. Me takkar deg frå hjarta!

Me tek gjerne turen til Noreg slik at de kann få sjå oss spela i livande live. Frå oktober 2016 av so hev me tid til rådvelde (kontakt oss på Facebook, so avtalar me detaljane på Threema).

Dei siste ordi mine gjeng til alle brør og systre som dagstødt gjev alt for heimstaden, folket og nasjonen sin. Gjev dykk sjølve litt oftare ein klapp på skuldri. For det er de som er “mælestaven”.

Takk for at de hev lagt so mykje av hjarta og fornufti dykkar inn i framtidi for folket vårt, for borni våre og kulturane våre.

Me råkast att i Europas konsertsalar!

Takk!

Phil! Mars 2016

Gjev det meining å tala um fascisme i dag?


Av Olav Torheim

Er "fascisme" ei meiningsfull nemning å nytta på politiske tendensar og straumdrag av i dag? Eller er det minka ned til eit skjellsord som ein kann nytta til å diskvalifisera meiningsmotstandarar frå deltaking i offentlegt ordskifte? Me hev sett nærare på korleis denne nemningi hev vorte nytta framigjenom og kva slags politiske analysar som ligg til grunn for umgripsbruken. Det er likt til at den fascismedefinisjonen som er vorten den mest populære i det offentlege ordskiftet i Noreg i dei seinaste åri hev lite å gjera med den historiske fascismen. I staden kann ein vel slå fast at han vert nytta yver ein låg sko på ymse slags nasjonalistiske prosjekt og ideologiar som aldri hev vorte sette ut i livet. Dette samstundes med at sosialdemokratiet og den nært knytte nyliberalistiske høgresida vert skåna for tilsvarande kritikk.

Dei fyrste som freista gjera ein analyse av fascismens natur var marxistane. Dei nytta nemningi fascisme som eit umfemnande samleumgrip, både for det italienske Mussolini-regimet og for ei rad andre autoritære politiske rørsler og regime som etter deira syn skulde vera nærskyldige. Det er høgst umdryftelegt um dei verkelegt var det.

Det var til dømes store skilnader millom det Mussolini-styrde Italia, det Franco-styrde Spania og det Hitler-styrde Tyskland. Helder ikkje innanfor dei einskilte landi kunde ein tala um nokon einstaka ideologi, det tyske NSDAP rømde etter måten mange ulike fløyar. Ein kann soleides undrast på um det i utgangspunktet er grunnlag for å nytta nemningi fascisme på noko meir enn på nett det italienske fascistregimet som rådde Italia frå 1922 til 1943. Men den diskusjonen tek me ikkje i denne artikkelen, i staden vil eg i resten av denne artikkelen leggja til grunn at det er slik dette umgripet hev vorte nytta i daglegtala og i offentlegt ordskifte – endå so upresist det i røyndi vert når ein nyttar ordet "fascisme" på ein so generell måte.

Når marxistane kunde nytta fascisme som eit sekkeumgrip for regime og rørsler med vidt ulik ideologi, so var det av di dei rekna den teoretiske og ideologiske yverbygningen som underordna det dei meinte var den materielle basisen. Marxistane var beinharde materialistar, og dei var upptekne av fascismens klassekarakter. Dei framheva det reaksjonære ved fascismen. Fascismen var ei styreform som borgarskapen hadde i bakhand når klassekampen spissa seg til og den



Dimitroff nytta nemningi «fascisme» på ein heilt annan måte enn det sjølvuppnemnde ekspertar og andre systemvaktarar gjer i dag.

rådande klassen var redd for å missa privilegia sine, meinte dei. Den fascistiske makttyvertakingi i Spania, Italia og Tyskland skulde vera klassiske døme på det. I nyare tid er statskuppet i Chile i 1973 eit anna døme som skulde stadfesta teorien.

Den kommunistiske tredje internasjonale kom i 1935 med fylgjande definisjon på fascismen:

“Fascismen i maktposisjon er det openlyse, terroristiske diktaturet åt dei mest reaksjonære, dei mest sjåvinistiske, dei mest imperialistiske elementi åt finanskapitalismen”.

Er fascismen reaksjonær eller revolusjonær?

Seinare hev det kome til andre granskarar som hev freista analysera fascismen ut frå ei reint ideologisk og idehistorisk tilnærming. Ein av desse er britiske professor Roger Griffin. Stikk i strid med marxistane si tilnærming, der fascismen er den rådande kapitalistklassen sin siste skanse i møtet med ein opprørske arbeidarklasse, so hev Griffin freista framheva det revolusjonære ved fascismen. Fascismen er ei ein freistnad på å mobilisera dei store folkemassane – vekkja upp att folkeåndi og dei sovande, klassiske ideali og byggja ein ny elite på grunnlag av desse.

Det er langt i frå nokon vitskapleg konsensus um Griffin sin måte å definera fascismen på. Som me alt hev vore inne på, so hadde marxistane freista definera fascismen reint objektivt på grunnlag av klasseinteressone som dei meinte stod attum (finanskapitalen) og dei metodane som vart gjorde nytte

av for å halda på makti (diktatur). Med ein gong ein freistar definera fascismen som ein politisk ideologi, so råkar ein på det problemet at dei påstått fascistiske rørsler langt i frå var ideologisk homogene. Professor Robert Paxton hev til dømes argumentert for at det rett og slett ikkje er moglegt å definera fascismen reint ideologisk, sidan det er eit samansett politisk fenomen. I staden freistar han å definera fascismen ut frå politisk kontekst og funksjonell utvikling, og set upp fem stadium som ei fascistisk rørsle må gå igjennom – jamvel um han sjølv medgjev at det einast er Italia og Tyskland som hev vore igjennom alle fem – og der han i det siste stadiet skil millom land som gjeng vidare i ei radikaliserd leid (Tyskland) og land som endar med å verta ein vanleg, autoritær stat (Italia).

Kor som er, Griffin held seg til ei reint ideologisk tilnærming. Han definerar fascismen som:

«Fascisme ... er ei revolusjonær form for nasjonalisme som hev ein politisk, sosial og etisk revolusjon som mål, og ynskjer å forma «folket» til ei dynamisk, nasjonal eining under nye elitar med heroiske verdier. Kjernemyten i dette prosjektet er at det berre er ei populistisk, klasseyverskridande rørsle for reingjerande, reinsande nasjonal atterfødning som kann stogga bylgja av dekadanse.» (Roger Griffin, *Nature of Fascism*, New York: St. Martin's Press, 1991, p. xi)

Spredid høgnorsk lesnad!

Det som er klårt er at i dei landi der “fascismen” faktisk kom til makt – Italia, Tyskland, Spania – so var desse regimi ein reaksjon på ein framveksande kommunisme. Mange av dei personane som drømde um ei åndeleg fornying var nett dei som ikkje yverlevde dei fascistiske maktyvertakingane eller som vart nøydd til å gå i eit slags indre eksil: Jose Antonio Primo de Rivera vart fengsla og drepen i dagane som leidde fram til den spanske borgarkrigen – og falangistrøsla hans vart tvangsintegrert i det statsberande partiet til Franco. Konservative revolusjonære som Spengler og Jünger laut halda ein låg profil i det nasjonalsosialistiske Tyskland. Den påstått fascistiske teoretikaren Julius Evola hadde helder aldri noko han skulde ha sagt i det fascistiske Italia, synsmåttane hans vart so vidt tolererte.

General Franco vilde ikkje skapa noko nytt, han studde seg på militæret og den katolske kyrkja. Benito Mussolini var den fyrste italienske statsleiararen som forlikte seg med Paven og gav honom Kyrkjestaten sin attende. Under natti åt dei lange knivane so tok Adolf Hitler knekken på grasrottrøsla SA som hadde kjempa nasjonalsosialismen fram på gata, dette gjorde han med støtte frå militæret og det gamle keisarlege aristokratiet – dei same kreftene som paradoksalt nok til slutt fall honom i ryggen ved attentatfreistnaden i juli 1944.

Griffins fascismedefinisjon er som me kann sjå problematisk på minst to måtar:

Når ein definerar fascismen slik som Roger Griffin gjer, som ein yverskridande grasrotnasjonalisme som skal revitalisera gamle ideal og byggja nye elitar som skal taka makt i landet, so fær me ein definisjon som mest av alt rårar prosjekti til nasjonalistiske tenkjarar som ikkje vann fram og som aldri hev vore ved makti: Som til dømes Primo de Rivera eller Charles Maurras. Det er ikkje nokon definisjon som er serskilt dekkjande som eit samleumgrip for dei regimi som faktisk vart stabla på føtene – den reellt eksisterande fascismen. Griffins fascismedefinisjon kann soleides jamførast med ein kommunismedefinisjon som fyrst og fremst rårar trotskismen, og det endå ordet kommunisme i daglegtala fyrst og fremst vert assosiert med stalinismen...

Når ein nyttar Griffin sin fascismedefinisjon, so sviv det seg um ein nasjonalisme som både skal vera populistisk og samstundes skal byggja nye elitar. Samfundet skal formast i tråd med nasjonalistiske ideal. Ein må undrast på um det i det heile finst nokon slags politisk nasjonalisme som ikkje på den eine eller andre måtar kjem til å hamna innanfor denne definisjonen. Alle politiske

rørslor er då nøydd til å finna den rette balansen millom det å tala eit språk som folket forstår og samstundes byggja ideologisk skulerte kadrar som ein gong kann styra landet. Å finna denne balansen er eit vilkår for å kunna lukkast med eit politisk prosjekt. Korleis skulde ein elles gjera det, ty til statskupp? Det hadde vel i alle fall vore fascistisk...

Skal ein leggja Griffin sin definisjon til grunn, so lyt ein koma til den konklusjonen at politisk nasjonalisme beint fram er det same som fascisme. Det er nett slik som Griffin-tilhengjarane i det daglege resonnerar når dei tek fyre seg nasjonalsinna politiske rørslor ute i Europa. Med andre ord er det ikkje moglegt å vera nasjonalsinna utan å vera fascist, um ein fylgjer Griffin sin definisjon. Dette fær som ein forstår store konsekvensar.

Til dømes er det franske nye høgre ei intellektuell rørsle som Øyvind Strømmen hev sett mykje tid og energi inn på å få stempla som “nyfascistisk”, og det endå den leidande ideologen deira, Alain de Benoist, hev henta mykje av ideane sine nettopp frå tenkjarar som i millomkrigstidi stelte seg sterkt kritiske til den reellt eksisterande fascismen i Tyskland og Italia – som Spengler, Jünger og Evola. Brotsverket deira var kann henda at dei våga kritisera desse ideologiane frå eit høgreradikalt synsleite? Det siste kann visseleg vera eit relevant motlegg, men då bør ein vera intellektuelt ærleg nok til å medgje at ein rett og slett mislikar folk med soverne politiske synsleite, og ikkje lesta som um det sviv seg um faglege eller politisk-semantiske grunnar.

Den einaste nasjonalismen som ikkje er fascistisk etter Griffin sin definisjon, det må vel vera ein slags upolitisk is-brus-pølse-nasjonalisme som kann dragast fram ein gong i året som ein slags kuriositet? Ikkje for å skapa medvit um nedverd kultur og sedvane, men snarare for å feira universelle verdar som menneskerettar og demokrati, alt medan dei vaksne syner fram sine dyrekjøpte, Asia-produserte nasjonaldrakter – og borni skyt med knallpistol og viftar med eit flagg som er syntesen av det danske flagget og den franske trikoloren... Det siste lyder nesten litt kjent, kann henda ikkje so rart at det er nett i Noreg at den medieskapte “eksperten” Øyvind Strømmen sin ukritiske bruk av Griffin er vorten møtt med so liten motstand?

Då Sten Ingen Jørgensen melde “Den sorte tråden”, so kritiserte han Strømmen for å vera altfor opprampsande i framstillingi. Han slær fast at “[I]eseren biter seg nok merke i mange ting, men får strengt tatt ingen

dypere forståelse av fenomenet ut over at det er gammelt og internasjonalt.” (“Ekstremisme på rams”, VG 04.03.2013). Halvor Fosli hev meldt den etterfylgjande boki, “I hatets fotefar”, og han konkluderar med at boki framstår som uferdig. Etter Fosli sitt syn gjer Strømmen ingen freistnad på å setja den “høgreekstremismen” som han skriv um inn i nokon større politisk og sosial kontekst, dimed fær lesarane aldri noko svar på kvifor soverne politiske rørslor faktisk veks fram (“I strømmens fotefar”, Minerva, 2. april 2014).

Som me ser frå bokmeldingane so er kortande samanheng ein gjennomgåande veikskap ved Strømmen sin forfatterskap, og denne veikskapen kann sporast beinveges attende til Strømmen sin ukritiske bruk av Griffin si reint ideologiske tilnærming til fascismen. Sjå elles vår eigi melding av Strømmen si bok, “Den sorte tråden”, i Målmannen nr 1 2014.

Marxismen-leninismen var aldri anti-nasjonal

Det er klårt at kvar ein ideologi som gjeng ut på å samla folket, på tvers av klasseskilje, kjem alltid til å verta avvist frå marxistisk hald. Alle tankar og idear hev klassekarakter, meiner dei, og ein yverskridande nasjonalisme kann ikkje vera anna enn ein teoretiske yverbyggnad for det som i røyndi vert ei vidareføring av kapitalismen. Frå marxistisk sida sett so var det likevel aldri slik at det var nasjonalismen som skulde vera kjernen i fascismen. Kjernen i fascismen er storkapitalen sitt opne diktatur – ein kapitalisme som hev kasta den borgarleg-demokratiske maska og som vert diktatorisk og militaristisk. Det hev til dømes vore eit viktugt marxistisk prosjekt å ettervisa at det var storkapitalen som stod attum Hitler. Den same storkapitalen som kastar verdi ut i imperialistiske umfordelingskrigar, med fyrste og andre heimskrigen som dei fremste dømi på nett det.

Endå um tradisjonelle marxistar vil avvisa det som dei kallar for “borgarleg nasjonalisme”, so vil dei ikkje avvisa at nasjonar finst. Dei vil helder ikkje avvisa ideen um alle nasjonar sin rett til til sjølvstende, dette er tvert imot noko som marxistar hev vilja forsvara – i alle fall i teorien, um ikkje alltid i praksis. Josef Stalin hev i verket “Marxismen og det nasjonale spursmålet” knesett tesen um at nasjonar kann identifiserast objektivt på grunnlag av sams språk, sams territorium, sams økonomi og ein sams psykisk eigenart som kjem til uttrykk i ein sams kultur. Stalin slo samstundes fast at kvar nasjon må stå fritt til å råda seg sjølv og avgjera si eigi framtid. I ei tid der kapitalis-

men vert global og der landegrensar berre vert til hindringar for kapitalens frie flyt, so vert det å verna um nasjonal suverenitet og sjølvrådetrett til ein lekk i den anti-imperialistiske kampen. På den 19. partikongressen i 1952 heldt Josef Stalin ei tala der han slo fast at:

«Tidligere gikk borgerskapet for å være nasjonens leder, det forsvarte nasjonens rettigheter og selvstendighet, satte dem «høyest av alt». Nå er det ingenting igjen av det «nasjonale prinsipp». Borgerskapet selger nå nasjonenes rettigheter og uavhengighet for dollars. Den nasjonale uavhengighet og den nasjonale suverenitets fane er kastet overbord. Det hersker ingen tvil om at det er dere, representanter for de kommunistiske og demokratiske partiene, som må løfte denne fanen og bære den framover, hvis dere vil være patrioter, hvis dere vi bli den ledende kraft i nasjonen. Det finnes ingen andre som kan løfte denne fanen.»

Det var på dette grunnlaget at AKP(m-l) og RV gjekk imot NATO. Det var på dette grunnlaget at dei gjekk imot norsk EU-medlemskap under parolar som “Forsvar sjølråderetten” og “Nei til sal av Noreg”. Det var på dette grunnlaget at marxist-leninistane engasjerte seg sterkt i den norske målørsla, og det jamvel på eit ideologisk grunnlag som mange andre målfolk avviste som altfor nasjonalistisk (Jamfør teksti “Norsk målreising, kamp mellom to vegar”, ei tekst skrivi av tvo anonyme forfattar som kom på avvegar og som sidan vart ei av dei mest lesne målpolitiske tekstene på 1970-talet).

Kor som er: Alt dette er kampar som kommunistar hev engasjert seg sterkt i, men som dei hev tapt. Det norske forsvaret er vorte umlagd frå å vera eit invasjonforsvar til å verta ein lekk i NATO sin nye og offensive strategi. Noreg vert stødt sterkare integrert i EU, me er “flinkast i klassen” endå um me formelt sett ikkje er medlem. Det norske samfundet vert stødt meir sentralisert og dialektar og norskrøtt skriftmål er på vikande front.

Når sosialdemokratiet skal administrera kapitalismen

Det var Lenin som utvikla teorien um arbeid-aristokratiet (“Imperialismen, det høgaste stadiet i kapitalismen”). I staden for å vera kamporganisasjonar for arbeidarklassen so var fagforeiningsapparatet vorte til den forlengja armen åt arbeidsgjevarane. Leidarane og tillitsmannssjiktet i arbeidarklassen sine eigne organisasjonar fær vera med på å administrera kapitalismen og soleides halda arbeidsfolk i ro. Sosialdemokratlar stend til dømes for mykje av den same korporativis-

men i arbeidslivet som det fascistane stod for, meinte dei. Den parlamentariske samarbeidslina åt sosialdemokratiet kalla kommunistane for “sosialfascisme”, og denne motarbeidde dei med alle midlar.

Medan grunnlaget for ml-rørsla i Noreg var ein vinstreopposisjon imot sosialdemokratiet, so hev dagsens Raudt flutt seg eit godt steg til høgre – og det nett for å fylla det tomromet som hev uppstade med kvart som Arbeidarpartiet og SV hev vorte mindre sosialdemokratiske og meir og meir reint marknadliberale. Det er i dag ingen fundamental kritikk å spora mot sosialdemokratiet, tvert imot er det dette samfundet mange av dei drøyer seg attende til.

Um ein ser på stoda i Noreg i dag, so er ikkje berre arbeidslivsorganisasjonane – men heile spekteret av friviljuge organisasjonar – tett knytte upp til staten. Det er ikkje minst dei rause stønadsordningane som er grunnen til dette. Målørsla er eitt av mange døme på dette, og som eg kann gå nærare inn på sidan det er ei av dei grasrotrørslone som eg kjenner best. Målørsla var saman med fråhaldsrørsla og lekmannsrørsla ein av dei sentrale “motkulturane” i Noreg. I dag er kor som er alt av radikal målkamp kasta på båten. Ein er meir interessert i målreising i Zimbabwe enn av å læra av målreisingar som hev ført fram. Ideologisk målkamp på norsk grunn hev dei for lengst gjeve upp, i staden sviv det seg um å verna um ein status quo med offentlege målformer og jamt minkande skulemålsprosentar.

Det som ein gong var ei livande folkørørsla er i dag vorte redusert til ein organisasjon med mange fulltidstilsette som er heilt avhengige av statsmidlar. I Norsk Målungdom si årsmelding for 2011 kann ein til dømes lesa fylgjande: “Verksemda Norsk Målungdom ureinar ikkje det ytre miljøet. Norsk Målungdom praktiserer likestilling, og er mot diskriminering på grunnlag av språk, kjønn, seksualitet, etnisitet, livssyn eller funksjonshemming.” Kvifor er det naudsynt å skriva noko slikt i årsmeldingi åt eit målslag? Svaret er at det er standardformuleringar som må vera med for at organisasjonen skal oppfylla kravi til statsstudnad...

Når sosialdemokratiet gjeng til krig...

Frå marxistisk ståstad hev ein stødt lagt vinn på det militaristiske apektet ved fascismen. Kapitalismen må stødt ekspandera, og det fører til krig.

“Krig” er likevel eit ord som politikanane helst vil sleppa å nytta seg av i våre dagar. Ein talar helder um “avgrensa militæraksjonar” og “humanitære intervensjonar”. Det

liberale, borgarlege demokratiet – nett det systemet som “antifascistane” hev slege ring um – det hev vorte til ein eksportartikkel som skal utbreidast med militærmakt – anten det er i Jugoslavia, Irak eller Libya. Fridom og demokrati er noko som skal tvingast på folk...

Det er ingen tvil um at det norske forsvaret sidan Berlin-murens fall er vorte lagt um i ei meir aggressiv leid: frå eit invasjonforsvar med verneplikt til ein topp-trena spesialisthær som vert send til utlandet på oppdrag. Denne umleggjingi hev sosialdemokratiet aktivt medverka til. Jamvel um det var sentrumsregjeringi åt Kjell Magne Bondevik som i 1999 for fyrste gong sende norske jagarfly ut på bombetokt mot eit anna europeisk land, so var det på europeisk nivå sjølve sosialdemokratiet som gjekk til krig: Pådrivarane var Tony Blair i Storbritannia og Gerhard Schröder i Tyskland – med påtrykk frå det “demokratiske” Clinton-riksstyret i USA.

Frå å ha havt eit fullverdig norsk forsvar med alle dei våpengreinene og våpensystemi som trengst til å forsvara eit land – jamvel tilmåta det å føra forsvarskamp i landet Noreg, med kystfort og torpedobåtar som kann gøyma seg i skjergarden – so hev me amputert Forsvaret ned til det nivået at me praktisk tala ikkje hev noko forsvar lenger. Me er einast i stand til å levera spesialavdelingar som kann integrerast inn i ein større styrke for å vera med i internasjonale operasjonar.

Kystforti er lagde ned, og det same vilde ein gjera med torpedobåtane (som vart berga med eit naudskrik). I staden er enorme summer investerte i fregattar. Lett luftvernartilleri er lagt ned, so me kann ikkje lenger forsvara oss dersom norske styrkar kjem under åtak frå flyi åt ein fiendsleg stat. Derimot skal ovstore pengesummar nyttast på nye kampfly som vert nytta på bombetokter yver andre land, på oppdrag frå NATO eller EU.

Medan det gamle RV ikkje vilde stydja nokon av regjeringsalternativi, so gjorde det nye partiet Raudt det klårt at dei kom til å verta støtteparti for den raudgrøne regjeringi dersom dei kom inn på tinget. Dette både i 2009 og 2013. Den raudgrøne regjeringi – der Sosialistisk Vinstreparti var med – hev medverka aktivt til NATO sin “out-of-area”-politikk. Til dømes var norske jagarfly i 2011 med på å taka ut dei mest kontroversielle bombemåli i det som utvikla seg til å verta ein krig for å skifta ut styresettet i ein annan suveren stat, Libya. Det var ingen norske veljarar som ved valet i 2009 vart spurde um dei var samde i at Noreg skulde vera med på å

føra krig mot ein annan suveren stat, men dei same topp-politikarane med Jonas Gahr Støre og felagane hans vil no gjeva vanlege folk dårlegt samvit um dei ikkje er med på å ta rekningi – med integrering av tusundtals asylsøkjjarar som tek seg yver Millomhavet i båtar. Det er so godt som ingen på vinstresida som hev våga ta tak i denne openberre hykkelskapen...

Frå kamp for sosialisme til borgarleg-demokratisk ultraliberalisme

Sosialfascismeteorien er i våre dagar lite umtala. Mykje av grunnen til dette er at han hamna i skuggen av ein ny taktikk: Folkefronten mot fascismen. Dette var ein taktikk som fyrste gongen vart utforma av den bulgarske kommunisten Dimitrov og som fyrst vart rådande doktrine etter at fascismen hadde kome til makt i Italia og Tyskland. Med folkefronten mot fascismen skulde kommunistane stå saman med sosialdemokratlar og borgarlege i eit sams forsvar for dei borgarleg-demokratiske retane.

Folkefronten mot fascismen var ein taktikk som kommunistane valde på det tidspunktet der den fascistiske maktyvertakingi alt var ein realitet i etter måten mange europeiske land, og der fleire land etter deira syn stod for tur. Det var ein taktisk allianse som einast vara ved til dess at den andre heimskrigen var slutt og fascismen ikkje lenger var nokon maktfaktor å tala um. Framhaldet kjenner me, det vart til den kalde krigen...

Folkefronten mot fascismen er i røyndi ikkje noko anna enn eit forsvar for det borgarlege demokratiet. Men for den rådande kapitalismen so er borgarlegt demokrati den mest høvelege styreformi. Ein held folket i ein illusjon av fridom, ein held folk hefta med symbolpolitiske saker som ikkje spelar nokor rolla, og det medan det er tverrpolitisk konsensus um alle sentrale spursmål kring til dømes økonomi og utanrikspolitik. Ein treng ikkje lenger um å bruka rå makt, for ein hev skapt seg eit hegemoni som gjer at den parlamentariske vegen er stengd for alternative politiske prosjekt (Gramsci).

Medan ein på 1970-talet hadde ei godt organisert sosialistisk rørsle som hadde ein klår ideologi og eit program for å taka makt i Noreg – og der sigrane åt FLN i Vietnam og Raude Khmer i Kambodsja og dei lysande fyrtårni i Kina og Albania synte vegen – so hev desse prosjekti i vår tid for lengst kollapsa. I millomtidi hev dei gamle AKP'arane funne vegen vidare inn i nye prosjekt, det heiter topp stillingar innanfor akademien, statlege umbod, fagrørsla og media. Korleis

nyttar dei seg av desse posisjonane i dag?

Ideologisk er det so godt som ingen lenger som trur på den tradisjonelle marxismen-leninismen. I restane av dei rørselone som er att, so finn me ein ideologisk lapskaus av både trotskisme, feminisme og andre teoriar som hev lite med Marx sin dialektiske materialisme å gjera. Innslaget av "The New Left" frå 1970-talet er vorte meir og meir tydelegt: Minoritetsgrupper av ymist slag er vortne substitutt for den vestlege arbeidarklassen som dei aldri greidde å vinna og som under alle omstende hev fenge stødt mindre dei skulde ha sagt.

Eit program for å gjera Noreg til ein sosialistisk stat styrt av arbeidsfolk, det kann ein sjå langt etter. Det ein i staden finn er freistnader på å tekkjast "minoritetar" av alle slag: Frå kvinner og innvandrarar til homsar og transvestittar. Ein er meir uppteken av patriarkat, heteronormativitet, interseksjonalitet og "triple oppression"-teoriar enn av profitttrata sin langsiktig fallande tendens, for å segja det slik. Innvandring – for innvandringi si skuld – er vorte viktugare enn korleis dette påverkar livet åt norske arbeidarar.

Kor som er: Slik uppliver vinstresida endelegt at dei hev "vinnarsaker" og ikkje berre taparsaker. Dei greider ikkje å stogga globaliseringi, dei greider ikkje å stogga EU-tilmåtingi, dei greider ikkje å hindra at Samhalds-Noreg vert bytt ut med Marknads-Noreg. Og slikt er ikkje lett å svelja for folk som trudde dei var på lag med framtidi, for folk som trudde at utopien deira skulde verta tvinga fram av "dei historiske lovene".

På nettstaden Radikal Portal so kallar dei seg radikale, men er i røyndi ikkje i stand til anna enn å krevja meir av det som alt er godteke innanfor rāmone av eit liberalt, demokratisk samfund. Meir demokrati og fleire menneskerettar (og då av det symbolpolitiske slaget, som homoadoptasjon og kynsnøytral liturgi i kyrkja) og kamp mot all rasisme (les: fri flyt av arbeidskraft). Nyttige idiotar for den globale kapitalismen, vilde nok Lenin ha sagt um han hadde livd i dag. Radikalismen kalla han som kjent for ein barnesjukdom...

Globaliseringskritikk er ikkje "fascisme", snare tvert imot

Um ein ser på gamle leidarartiklar i Klassekampen, so ser ein at dei gamle AKP'arane var medvitne um det trugsmålet som masseinnvandringi representerer – med sosial dumping og undergraving av faglege rettार. Eit døme kunde vera Klassekampen si framsida frå våren 1971, då 600 pakistanarar kom til Noreg: "Steng grensene! Innvandring en trussel mot norske arbeidere".

Innvandringspolitikken er faktisk eitt av dei beste dømi på at interessone åt den borgarlege staten og interessone åt arbeidarklassen kjem i motstrid. I staden for å betra arbeidsvilkåri i dei tyngste og dårlegast betalte manuelle yrki, so importerar styresmaktene ein ny underklasse som tek til takke med det som dei kann få. I staden for å få ned kostnadene, med meir automatisering av det mest monotone arbeidet, so finn ein folk som vil arbeida for dårlegare løn.

Medan det i gamle dagar var slik at store institusjonar hadde sine egne reinhaldsarbeidarar som høyrde med verksemd og som åt dugurd med dei hine tilsette, so vert slike arbeidsuppgåvor i dag skilde ut til eksterne firma som ISS – der vaskekonor med innvandrarakgrunn lyt hasta ikring frå den eine verksemd til den andre for å vaska golvet åt folk ho snaudt fær sagt "hei" til. Utan masseinnvandringi kunde mykje av den utskiljingi og "effektivisering" me hev sett dei seinaste tiåri ikkje ha kunna skjedd.

Dette er det i det seinaste stødt fleire folk med bakgrunn frå den tradisjonelle vinstresida som atter er byrja å forstå. Ottar Brox og Pål Steigan kunde vera døme på dette. Ottar Brox hev serskilt sett nærare på fylgione som masseinnvandringi fær for norsk arbeidsliv, og Steigan fær seg jamvel til å kritisera mangkulturalismen i endå meir fundamentale ordelag.

For den globale kapitalismen er sjølvstendige nasjonar, språk og kulturar berre barrierar som blokkerar den frie flyten av varor, kapital, tenestor og arbeidskraft. Dette vart nylegt godt oppsummert av redaktør Roland Helie i det franske tidskriftet *Synthese nationale*:

"Me hev sagt det gong etter gong, me hev ikkje so mykje val: Anten vel ein å leggja seg inn under diktatet åt dei rådande maktene – og ein godtek det som lagnadens gang at den franske nasjonen og den europeiske identiteten løyser seg upp i ein varm magma av planetariske dimensjonar – med menneski reduserte til rotlause forbrukarar som ikkje er til for anna enn å fylla upp kontoane til finansielle grupper, helst på hi sida av Atlanteren. Anten det, eller ein nektar å godtaka at det er slik det skal enda."

Ronny Kjelsberg, fylkestingsrepresentant for Raudt i Sør-Trøndelag, er eit typisk døme på korleis norske vinstre-radikalarar tenkjer. Han hev valt å hengja seg upp i nett dette sitatet. Ja, han nyttar det jamvel som grunnlag for ymse slags skuldingar mot Målmannen og hevdar på sin eigen nettstad at det er "en ganske gjenkjennbar fascistisk retorikk". Kjelsberg hev vidare freista å stempla Målmannen som eit "fascistisk

tidsskrift”, og det med di han lygnaktig hev-
dar at Øyvind Strømmen skal ha skrive um
Målmannen i boki “Den sorte tråden”.

Samstundes hev Pål Steigan, ein av
grunnleggjane av den rørsla som Kjelsberg er
med i, nylegt uttala at:

*«Det denne fornektninga av skandinavisk
kultur er (for vi har dette i Norge også) er
ikke noe annet enn globalistenes forsøk på å
knekke nasjonalstatene og gjøre oss til enda
mer lettmanipulert kveg.»*

Når Pål Steigan segjer dette so slepp han
undan med det, han kritiserar då berre glob-
aliseringi. Men når Målmannen siterar
Roland Helie på nøyaktig det same, då er det
“gjenkjennbar fascistisk retorikk”?

Det burde ut frå denne teksti vera klårt
nok at det er fullstendig skivebom å kalla
Målmannen fascistisk, slik sume vinstreek-
stremistar og liberale systemvaktarar hev
freista å gjera – og det ved hjelp av falske
skuldingar, søkte konspirasjonsteoriar og
utspekulerte insinuasjonar – utan at me skal
gå nærare inn på desse no.

Det sviv seg um definisjonsmakti

Som me hev sett av denne artikkelen so var
nemningi “fascisme” opphavlegt forma av
marxistar på 1930- og 1920-talet, og det i ein
freistnad på å gjera ein materialistisk analyse
av politiske rørslor og regime med vidt ulik
ideologi. For same korleis ein snur og vender
på det, so kjem ein ikkje burt i frå at “fascis-
men” på det ideologiske umkvervet var eit
samansett fenomen. Alt etter kva for land og
kva for ei rørsla ein vel å leggja vinn på, so
kann ein slå fast at “fascismen” hadde både
nasjonalistiske, sosialistiske eller borgarleg-
konservative innslag.

Sume hev sett fokus på dei borgarleg-
konservative innslagi, og nytta seg av desse
til å framstella dei borgarlege partii som pre-
missleverandørar for fascismen. Andre hev
lagt vinn på dei sosialistiske og kollektivist-
iske innslagi i ein freistnad på å framstella
kommunismen og nazismen som to alner av
same stykkjet (totalitarisme-teorien). Og so
hev me endelegt dei som vil leggja vinn på
nasjonalismen og nytta denne til å spinna trå-
dar frå nasjonalsosialismen på 1930-talet og
fram til innvandringskritikarar i vår tid.
Øyvind Strømmen er millom dei som hev
valt å gjera det siste, men det skulde alt vera
klårt nok at med soverne framgangsmåtar so
finn alle det som dei leitar etter. Her kunde
nokon kvar havt godt av å læra seg litt grunn-
leggjande mengdelæra, for å segja det slik...

Kor som er: Når ein fyrst vel å sjå burt
frå den historiske, politiske og økonomiske
konteksten, og i staden insisterar på ein tid-
laus og reint ideologisk definisjon, der

nasjonalismen skal vera kjernen i fascismen,
slik Øyvind Strømmen gjer, då er det tydelegt
at ein er ute i eit ideologisk ærend. Eit ærend
som gjeng ut på å kunna setja den stigma-
tiserande stempelen “fascisme” og “nyfas-
cisme” på alle slags nasjonalsinna politiske
initiativ av i dag, anten det skulde vera dei
identitære i Frankrike eller islamkritikarar i
Noreg – og det med grunnlag i eit reson-
nement som Ludvig Holbert tok på kornet alt
for nesten 300 år sidan: Mor Lille er ein
stein...

Han som hev eit ljøs, han steller det ikkje
under eit skjeppe. Me som stend attum Mål-
mannen er ikkje redde for kritisk ordskifte,
me helsar ordskifte velkome. Me hev freista
formidla tankar og idear som ein hev til gode
å dryfta i ei større norsk ålmenta.

Agendaen åt dei som hev skulda oss for
“fascisme” er soleides godt gjennomskodeleg.
Endå me tek fyre oss tankar og idear som
framleis hev til gode å verta sette ut i livet i
eit moderne samfund, so hev vinstreestrem-
istar og medieuppnemnde “ekspertar” sett
seg fyre å stempla og utdefinera dei alt fyre
dei hev vorte tekne upp til ordskifte. Det sviv
seg ikkje um å forstå eit politisk og historisk
fenomen, det sviv seg um å ha eineretten på
eit umgrep som ein kann nytta for å sleppa å
diskutera med andre. Ein vil vera på banen
både som spelar og som domar – med eit
raudt kort som ein kann etla ut so snart ein
fær litt for mykje motstand.

Til liks med andre stigmatiserande
umgrep som rasisme, islamofobi og anti-
semitisme, so er “fascisme” ei nemning som
vert verande sopass flytande definert at van-
lege folk aldri veit kva tid dei risikerar å
trakka ut i salaten og ikkje. Slik skaper ein eit
klima av angst og uvisse, der folk let vera å
ordskiftast um vanskelege, men viktuge,
emne.

Me hev vore ute i Europa og teke fyre oss
eit heilt spekter av politiske rørslor og
straumdrag som stend utanfor den sosiallib-
erale norske konsensusen, men her til lands
er det slik at desse berre skal kunna formid-
last til ålmenta gjennom medieuppnemnde
“ekspertar” som presenterar det heile i ein
skræmeleg kontekst dei sjølve hev skapt.
Slik hindrar dei alternative tankar å nå den
norske ålmenta. Me hev kalla desse person-
ane for “systemvaktarar”, og det med rette,
for det er nett det som desse personane er.
Det er visseleg ikkje slik at me er samde
med alle som me skriv um eller som me slep-
per til i bladet vårt, me ynskjer kort og godt å
setja i gang ordskifte um grunnleggjande
emne. Ynskjer ein å stogga slike ordskifte, då
er ein systemvaktar, det er det ikkje råd å
nekta for.

Skal ein kjempa mot systemet eller integr- era seg inn i det?

Ein kann godt meina at den marxistiske
sosialfascismeteorien var eit historisk mistak
som var med på å hjelpe fascismen til makti
i mange europeiske land. Men denne teorien
vart utforma av ei kommunistisk rørsla som
var på hogget – og som hadde identifisert
sosialdemokratiet som ein fårleg snåvestein
på vegen fram mot ei verd utan kapitalisme.
I motsetnad til Griffins fascismeteorii so er
det dessutan ein teori som faktisk kann
fortelja oss noko um det nyliberale samfun-
det av i dag.

Det er visseleg t nøgdi med utviklings-
drag i samfundet som ein godt kunde ta tak i
og analysa med utgangspunkt i marxis-
mens analyse av fascismen, men dette er det
fåe som gjer. Ein bit ikkje handi som matar
ein...

Difor vil ikkje vår tids vinstreeradicale
vita noko av alt dette. Dei hev redusert
ambisjonane sine og nøgjer seg i dag med å
krevja mest mogleg liberal fridom på dei
umkvervi der det høver den globale kapital-
ismen. I staden for å slå til mot systemet, so
hev dei lagt ut på jakt etter systemkritikarar –
væpna med ein fascismedefinisjon som er
vorten introdusert til eit norskt publikum av
den liberale EU-tilhengjaren Øyvind Strøm-
men. Dette i seg sjølv burde vera nok til at
sume av desse kanskje vilde ganga i seg
sjølve og sjå på kva dei eigenlegt tener med
sin “radikalisme”. Dei som ut frå Øyvind
Strømmen sine utsøkte definisjonar skulde
vera “fascistar” eller “nyfascistar” er per i
dag so langt som det er moglegt koma frå å
vera nokon maktfaktor i samfundet. Å nytta
tidi si på å jakta på og yvervaka desse vert
nær sagt låtteleg systemtruska.

Skiljet i dag gjeng millom dei som trur at
alternativ til dagsens rådande system er
moglegt – og dei som i praksis er slutta å tru
på det. Um ein vil slåst mot imaginære fien-
dar på nokre fåe umkverve som høver den
globale kapitalismen, so er det berre å halda
fram ei godt betalt meningsforfylgjing mot
personar, tidsskrift og andre småe tiltak som
gjeng imot straumen i ein freistnad på å berga
restane av norsk språk og kultur i ei stødt
meir globalisert verd der sume tenkjer at slut-
ten på saga nærmar seg. Um ein derimot
vågar sjå det store bilætet, um ein kann leg-
gja attum seg saker og stridar som for lengst
ikkje lenger er relevante og helder sjå litt på
røynelege maktfaktorar i verdi i dag – då hev
me med ein gong mykje meir å snakka um.
Skal den samtala snart få lov til å byrja?

Vald og seksuelt misbruk i Håkan Nessers krim

Av Lars Bjarne Marøy

Håkan Nesser er ein av dei sentrale svenske krimforfattarane med sin Van Veeteren hev han gjort mykje for å skaffa ein truverdig politietterforskar. I motsetnad til andre krimforfattarar som gjerne vil at krimhelten deira skal høyra til ein sermerkt by, er Nesser imot dette han. Han hev skapa den oppkonstruerte byen Mardaam som kann vera kvar som helst i Nord-Europa. Namni er òg ein miks millom ein slags tysk-nederlandsk-svensk, noko som Van Veeteren namnet i seg sjølv er eit godt dømme på. Men Nesser er utan tvil svensk og filmane um Van Veeteren gjeng fyre seg i Sverige.

Den fyrste boki som kom ut heitte det grovmaskige nettet. Ein mann og kona hans er heime ein kveld og kosar seg med god mat og drykk. Dei hev jamvel samlægje midt uppe i ein orgie av mat og vin. Då hovudpersonen vaknar finn han kona si i badekaret. Ho er død, og han hugsar ingenting av det som hev skjett. Han melder frå til politiet som ikkje trur noko som helst på at han hev havt minnetap eller iallfall so hev han gjort det utan å vita um det.

“Det grovmaskiga nettet”

Van Veeteren er ikkje viss på at hovudpersonen er skuldig, men det vert ikkje sett inn ekstraressursar i saki, og etterforskingi peikar eintydig mot ektemannen, jamvel um ein manglar beinveges prov. Rettsaki endar med at mannen vert dømt, men det kjem fram interessante opplysningar. Millom anna at entredøri til mordhusværet alltid var open. Den som greidde å koma seg gjennom hovud-døri til blokkhusværi, vilde med andre ord koma seg rett inn i husværet til dei tvo.

Van Veeteren er no ålvorleg i villreide yver um det kann vera rett mann som vart teken. Han set i gong nye undersøkingar på sida av dei offisielle sakene han arbeider med på politihuset. Millom anna tek han kontakt med advokaten til den tiltalte og fær ut materiale frå han. Dessutan intervjuar han mori til mordofferet grundig.

Men ingi av dei opplysningane han samlar inn ser ut til å føra han nærare ei løysing. Den dømde vert sendt til psykiatrisk utgreiding. Her byrjar han ein dag å hugsa, og han fær høve til å skriva brev til ein ukjend person. Dessutan ringjer han politihuset for å nå Van Veeteren. Men då han ringjer politihuset møter han ein politimann som reknar han som eit avskum av ein mordar. Han gjer narr av han, og Van Veeteren er ikkje til stades for han hev ein fridag. Van Veeteren fær ikkje melding



Håkan Nesser.

um telefonen seinare heller.

Ein mystisk person i dameklede tek seg inn på den psykiatriske institusjonen. Hovudpersonen vert drepent, og no er det fullt trykk på politihuset igjen. Van Veeteren kann byrja å bruka ressursar på saki. Han fær vita um telefonsamtalen til politihuset frå pleiarane på den psykiatriske institusjonen og sameleis um brevet som vart sendt. Brevet vart sendt utan at mannen trong å sjå i nokor tilskriftsbok, so det må ha vore ei kjend tilskrift. Det fær Van Veeteren til å tru at det må vera tilskrifti til skulen som er nytta.

Van Veeteren set i gong full undersøking mot heile det pedagogiske personalet ved skulen. Etterkvart som dei vert eliminerre for mistanke, snører nettet seg saman. Til slutt viser det seg at det er broren til det fyrste mordofferet som er mordaren. Det er ei grotesk saga som vert rulla fram for Van Veeteren. Faren til dei tvo syskeni var valdeleg og misbruka borni sine. Det førde til at det utvikla seg eit incestiøst tilhøve millom bror og syster som varar yver lang tid. Det gjeng so langt at ein av kjærastane til systeri vert drepent av broren. Då tvingar ho han til å reisa utanlands. Men etter lang tid i utlandet kjem han attende, og når han vert klår yver at systeri hans no er gift, so lurar han seg inn i husværet hennar og drep ho i badekaret.

Temaet er utan tvil mishandling, misbruk og incest. Det ligg mange bodskapar i filmen. Millom anna det som alltid er sentralt i mord-saker at etterforskarane hev veldig lett for å taka den løysingi som tilsynelatande er den lettaste og som krev minst arbeidsinnsats. Ofte kann løysingi liggja svært nær, berre ein ikkje tek alt for gjeve.

Van Veeteren er defintivt den personen som fær hovudfokuset i denne filmen. Privatlivet hans vert bretta ut i det lange og det

breide. Han hev ein ti år gamal hund som fær kreft. Det gjeng sterkt inn på han. Han fær ryggplagor og kjøper seg springfjormadrass. Han vrikkar foten då han spelar badminton med ein kollega. Heile tidi hev han ein litt sur veremåte. Han kann verka litt småarrogant og byrg, men samstundes hev han leidareigen-skapar og stor empati for den mannen som han ulukkelegvis fær uskuldig dømd.

Miljøet er litt skiftande. Mardaam stend ikkje fram som ein stor by, men meir som ein liten by utanfor dei sentrale delane av Sverige. Byen ligg tydelegvis ved sjøen, for Van Veeteren kjøper fisk frå ei fiskeskøyte. Elles vert det ein del reising til landsbygdi kring Mardaam, og her er det svært landleg.

“Kvinna med fødselsmerket”

I filmen Kvinna med fødselsmerke møter Van Veeteren igjen. Denne gongen er vel like fullt hovudfokuset retta mot mordaren, for no fær me frå fyrste stund fylgja mordaren. Tidleg på 1970-talet vert ei ung kvinna valdteken av fire menn som er i militæret. Dette vert det barn av. Den unge kvinna gjeng meir eller mindre til grunne etter fødselen og endar upp som prostituert.

Gjenta hennar kann heller ikkje ha fenge nokon serskild god oppvekst. Det heile startar med at mor dør. Hennar siste ynskje er at dotteri skal taka hemn yver dei fire menn som valdtok henne. Ein av deim er naturleg nok far til dotteri, men det let ikkje til å setja nokon stogg i den systematiske jakti på kvar einskild av deim.

Den unge kvinna kjenner den musikken som stod på då mori vart valdteken. Ho spelar denne musikken for kvar einskild mann yver telefonen. Deretter lurar ho seg inn på deim og drep deim med ein pistol med ljoddemping. Då ho hev drepe tvo av mennene. Hev politiet kome so langt at dei kann slå fast at det er ei kopling millom eit kull med menn som var saman i militæret på 1970-talet. Dei sender ut brev til alle mennene. Tvo av mennene skynar at det er dei ho er ute etter. Den ein skaffar fram tvo pistolar og satsar på at dei skal klara å taka mordaren utan at dei treng å kopla inn politiet. Det vil nemleg ikkje taka seg godt ut at dei må verta konfronterte med udåden frå fortidi.

Den fyrste av dei vert lura av mordaren som ringjer og gjev seg ut for å vera frå politiet. Den siste som heiter Bidersen vert no desperat. Han skynar at mordaren kan koma til han når som helst. Han vil ikkje risikera noko heime, og han vil ikkje fortelja kona si um

noko, so han kjem seg til hytta si. Her trur han at han er trygg, men mordaren gjev seg ut for å vera frå jobben og fær vita kvar han er. Ho kled seg ut som ein mannleg forfattar og reiser rundt i området kring hytta.

Politiet finn til slutt ut at Bidersen må vera i fære, og då dei er på veg til ein utestad der han uppheld seg, ringjer han og vil gjeva upp. Politiet bed han um å halda seg millom folk, men han drikk mykje øl og må på toalettet. Då han kjem inn på herretoalettet fær han høyra musikken frå valdtekti. Mordaren stig fram og skyt han med pistolen med ljoddempar.

Då politiet finn hytta til mordaren fær dei eit brev med forklåring på mordi. Her fortel mordaren at ho kjem til å taka livet av seg.

Slutten av forteljingi gjeng fyre seg på ein båt der mordaren hoppar i havet. Valdtekti hev fenge sin slutt. Den valdtekne er død, valdtektsmennene er døde og barnet som kom ut av valdtekti dør.

Van Veeteren vert verkeleg sett ut av spel i lange periodar i denne saki. Det sermerkte med saki er at det vert nytta ein pistol med ljoddempar. Det er svært originalt og profesjonelt. Van Veeteren nektar å gå med på at det kann vera ei kvinna som stend attum drapi av dei er so kynisk utførde.

Det mest irriterande for Van Veeteren er nok at mordaren sender fleire brev der ho gjer greide for kvifor ho drep og kva tankar ho gjer seg kring mordi. Skrifteksperten fær ikkje sagt noko meningsfylt um brevi og Van Veeteren

vert ikkje klok på deim. Mordaren er svært påhittug og greider gong på gong å koma seg undan prekære situasjonar. Ho sit jamvel på same benk som Van Veeteren i parken.

Det er eit skræmeleg motiv at eit menneske kann kjenna seg so til dei gradar meiningslaus som mordaren. Ho hev berre eit mål med livet sitt det er å sletta ut heile opphavet sitt. Det segjer mykje um korleis ei valdtekt kann øydeleggja eit menneskeliv.

I denne serien vert politifolki langt på veg statistar. Dei som vert ein del av jakt på mordaren er dei tvo valdtektsmennene som stend att til slutt og som veit at dei hev mordaren etter seg. Atter ein gong vert det slege fast at det alltid løner seg å kontakta politiet i staden for å handla på eigi hand.

Gabriele Adinolfi med europeiske visjonar

Av Olav Torheim



Gabriele Adinolfi: Aktivist, ideolog og inspirator for nasjonalistar.

Gabriele Adinolfi er so godt som ukjend i Noreg. I høgreradikale krinsar ute i Europa hev han derimot gjort seg eit stort namn. Saman med Roberto Fiore var Gabriele Adinolfi grunnleggjar av Terza Posizione på 1970-talet, og på 1980-talet laut han gå i eksil i Frankrike under det som vart kalla for “bly-åri”. Vel attende i Italia hev han på 2000-talet etablert seg som nasjonalistisk teoretikar og ideolog med sitt eige Institutt Polaris, og han er rekna som ein av inspiratorane åt den sosiale rørsle Casa Pound. No hev Adinolfi skrive ei bok um Europa. Det er ei bok som alle som søkjer etter alternativ til det rådande EU-systemet kunde ha godt av å bryna seg på.

“Det var ein gong ein avant-garde”, det er titelen på den fyrste bolken i boki. Her slær Adinolfi fast at den kritikken som mange europeiske nasjonalistar framfører mot EU vantar perspektiv. Han stend i

sterk kontrast til dei europeiske visjonane som europeiske nasjonalistar var dei fyrste til å setja fram for eit førtitals år sidan. Den gongen var det “Europe Nation” som stod på dagsetelen.”

“Europe Nation” var ein parole som framfor alt vart sett fram i nasjonalsinna krinsar i Italia og Frankrike. Tanken um eit samla Europa voks ut or den sannkjenningi at alle dei store imperiemaktene som Storbritannia, Frankrike, Nederland og Spania hadde tapt koloniane sine. Dei var soleides komne til eit vegskilje. Anten laut dei europeiske landi redusera ambisjonane sine og yverlata til USA og Sovjet-samveldet å verta dei store og sterke maktene i verdi, eller so laut ein gå saman.

Reaksjonær forsvarskamp hjelper berre dei undergravande kreftene

Etter Adinolfi sitt syn, so hev nasjonalistane i Europa gjenne frå å vera ein politisk

og intellektuell avantgarde til å verta reaksjonære forsvarsfolk for strukturar som hev mist den opphavlege substansen sin og dimed utspela si rolla. Dei fleste EU-kritikarane og EU-skeptikarane stend for ein nostalgi for den europeiske nasjonalstaten slik han var fyrr. Det gjer dei endå um dei sosialdemokratiske og kristelegdemokratiske nasjonalstatane på 1950- og 1960-talet bar i seg tendensane til alle dei problemene me hev i dag.

Det er velkjent at EU slit både med “demokratisk underskot”, med ovstort og ineffektivt byråkrati – og med pengesterke lobbygrupper som set politikarane på sidelina. Desse problemene hev vore mykje umtala i ålmenta, men er dette problem som er sermerkte for EU? Talar ein ikkje snarare um problem som er generelle for heile det liberale demokratiet? Adinolfi meiner det, og han meiner difor at det berre er å gjera seg illusjonar dersom ein trur at desse problemene skulde verta mindre innanfor råmeverket åt nasjonalstatar som er tufta på den same liberaldemokratiske modellen. Dei som trur slikt, dei skynar ikkje korleis det liberale demokratiet fungerer og korleis det langsamt bryt ned alle alternative og hevdvunne strukturar.

Kor som er, slik er det med det meste av den konservative forsvarskampen i dag. Vår tids «konservatisme» er i røyndi ein liberalisme som køyrer med handbrekken på. Det tek berre litt lengre tid fyre ein endar på same staden. Den “sunne fornufti” åt “folk flest” som populistiske protestrørslor hevdar at dei målber, det er som regel ikkje anna enn ein freistnad på å

slakka ned ei utvikling som dei tykkjer gjeng for snøgt, men som dei ikkje hev noko truverdige alternativ til. Adinolfi kjem med nokre dagferske døme frå det offentlege ordskiftet:

1) Nasjonalistar og konservative vil gjerne slå ring um “familien”, men kva slags familie talar dei um? Familien slik han er i dag er vorten ein “Ersatz” til den familien som tradisjonelt hadde funne sin naturlege plass i ein storfamilie- og klanssamanheng – og som på den måten kunde vera byggjestein i ein organisk samfundsstruktur. Den moderne kjernefamilien er derimot like atomisert og isolert frå andre huslydar som einskildmenneski i forbrukarsamfundet er det frå kvarandre. Slik kann det i neste umgang framførast at ungar lyt i barnehagen for å verta “sosiale”, framfor å verta isolerte heime. Dei same argumenti høyrer me i vårt eige Noreg i ordskiftet kring kontantstudnaden.

2) Likeins ser me at dei tradisjonsmedvitne taper ordskifti um homoekteskap og homoadoasjon. Kvifor skal ikkje homofile ha dei same rettane og få oppfylt dei same egoistiske ynski um born og familie som det heterofile fær? Kvifor skal konservative kristne få blanda seg upp i korleis andre vel å liva sine private liv? Når ekteskap og familie hev vorte redusert til noko reint privat, so vert det ikkje anna enn moralisme når ein kjem og vil fortelja andre korleis dei skal liva sitt liv. Slik detaljregulering bryt dessutan med den tradisjonelle indoeuropeiske fyrestellingi um frie menneske som disiplinerar seg sjølve (dette spegla seg att i mytologien med, der ein i motsetnad til religionane frå Midtausten ikkje vart tvinga til å nasegrust underkasta seg ein autoritet, og det under trugsmål um gruvsame straffer). Adinolfi argumenterar for at ekteskapet må plasserast inn att i ein samanheng som gjer det til noko meir enn ein berre ein slags opphøgd sambuarkontrakt millom tvo egoistiske individ – slik det diverre er vorte til i dag. Berre slik kann ein slå attende åtaki frå LGBT-lobbyen, hevdar han.

Eller kva med eit døme frå vårt eige Noreg: 3) I sidemålsordskiftet vert det stødt – og med rette – argumentert med at nynorsk er vandt å læra og full av valfridom og rot. Målfolk flest freistar burtforklára dette, men yvertyder ingen. Kvifor ikkje helder taka tyren ved horni og reisa dei høgnorske ideali?

Det er ein fundamental kritikk mot det liberale demokratiet at den demokratiske staten etablerar seg som ein parallellstruktur som langsamt bryt ned dei strukturane

som frå gamalt av heldt samfundet uppe – jamfør Charles Maurras sine teser um “det formelle landet” og “det reelle landet”. Alt det som frå gamalt av var rekna for vent og verdfullt er takk vere det liberale demokratiet vorte pervertert til å verta sitt eige motstykkje, kann sume i dag gå so langt som til å hevda i dag. Ein hjelper berre dei undergravande kreftene dersom ein ikkje kann lyfta fram andre alternativ enn dei nest dårlegaste alternativ, poengterar Adinolfi.

Slik er det i Europa-ordskiftet med: Det trengst eit radikalt nytt og truverdige alternativ. På same måten som med familien so treng nasjonen å vinna attende substansen sin, og det kann han einast gjera um han gjeng inn i ein større samanheng. Denne større samanhengen er det lagnadshopehavet som dei europeiske folki hev saman.

Isolerte nasjonalstatar er ikkje noko å venda attende til

Nasjonalstatane Frankrike, Italia, Storbritannia og Tyskland er ikkje dei stormaktene dei var fyre andre heimskrigen. Det er ikkje berre tapet av koloniane som er grunnen til det. På 1980-talet fekk me satellittyrvaking og på 1990-talet kom Internett. Me hev fenge “Big Data” og masseyrvaking i stor skala frå dei store maktene – jamfør til dømes NSA si massive yrvaking av tyske styresmakter. Nasjonalstatane åleine hev ikkje noko å stella upp mot dette. Det trengst ei motmakt på kontinentalt nivå.

Ein retur til liberaldemokratiske nasjonalstatar kjem soleides berre til å gjera Europa endå veikare enn det er i dag. Dei europeiske statane kjem ikkje til å sitja med nokor reell makt, men slita med nett dei same problemene som fyrr – og det på eit nivå der det ikkje lenger er råd å løysa deim.

Um ein til dømes ser på den militære stoda, so er militært materiell vorte so dyrt og høgteknologisk at ikkje noko land kann halda seg med det åleine. Ein er nøydd til å samarbeida. Um Sverige til dømes skal halda fram med å utvikla kampfly, so treng dei at nordiske land gjeng saman um å hjelpa med dette – framfor å kasta milliardar ut vindauga til USA slik det er i dag.

Faktisk so er det slik at Europa hev gjort det bra på romfart og luftart. ESA-samarbeidet, Airbus og Eurofighter er gode døme på at europearar kann lukkast når dei vel å samla kreftene.

Eurokrisa og asylstraumen inn i Europa syner at eitkvart er grunnleggjande

gale med heile EU-systemet. Skal ein koma ut or den rådande vanstoda, so trengst det ein alternativ visjon. Nasjonalstatane kann berre få makt og påverknadskraft attende dersom det skjer innanfor rådeverket åt eit føderalt Europa, det er poenget som Adinolfi fører til torgs.

Regionale, nasjonale og europeiske identitetar styrkjer og utfyller einannan

Til liks med dei identitære so trur ikkje Adinolfi at regional, nasjonal og europeisk identitet er identitetar som stend i motstrid til einannan. Som eit døme på dette dreg han fram Tyskland. Den tyske oppkløyvingi i bundesland, alle med sin eigen identitet og serhått, syner at dei regionale identitetane slett ikkje treng å gå på kostnad av den nasjonale identiteten. Tvert imot kann dei styrkja kvarandre. Ein regionalisme av det tyske slaget kunde ha løyst mange av dei etniske konfliktane og spenningane som ein hev i til dømes Frankrike og Spania. So lenge det er den etniske identiteten som stend i sentrum, so finn alle dei hine identitetane sin naturlege plass i hierarkiet.

Um ein tek turen til Frankrike, so hev det heilt sidan den franske revolusjonen si tid vore ein einsrettande nasjonalisme som hev rådd grunnen. Denne statsnasjonalismen vert kalla for jakobinisme. Etter den franske revolusjonen vart dei gamle provinsane skifte ut med eit hopetals “departement” der grensone vart dregne på slump – og der ein jamvel hadde nummer i staden for namn. Til dømes hev ein Elsass oppkløvt i departement 67 og 68. Dette hev vore ein heilt medviten politikk for å bryta ned lokale identitetar og tvinga Paris-kulturen på alt folket.

No hev styresmaktene nyss kløvt upp landet upp i nye og store regionar, men diverre er desse nye regionane einaste bygde på ei rein slumpesam fusjonering av mindre regionar. Det er det rådande sosialistpartiet som hev nytta fleirtalsmakti si til å tvinga desse endringane igjennom, mot røystene til UMP og Front National. Til dømes so vilde ikkje styresmaktene nytta høvet til å slå saman Bretagne og Pays de la Loire til ein samla bretonsk region, slik lokalfolkesetnaden ynskte, og det samstundes med at det tradisjonelt tyskspråklege Alsace vart tvangssamanslege med Lorraine, Champagne og Ardennes til ein historielaus kjemperegion som aldri tidlegare hev funnest. Statsminister Manuel Valls gjekk so langt som til å segja at “det finst ikkje eit elsassisk folk” (Manuel Valls : «Il n’y a pas de peuple alsacien. Il n’y a

Nemesis kjem alltid til slutt

Jan Erik Skretteberg var i desember 2003 ein av dei som møtte fram på årsmøtet i Høgorskningen for å kasta Målmannen-redaktørane Olav Torheim og Klaus Johan Myrvoll frå alle umbod i målrørsla.

Skretteberg og hans medsamansvorne vilde ha hemn for at desse to hadde avslørt umfemnande økonomisk kriminalitet. Denne politiske utfrysingsaksjonen lukkast dei ikkje med: Målmannen vart skipa som ei alternativt plattform for å driva målpolitikk, fri for alle organisatoriske bindingar - og bladet hev sidan den gongen etablert seg som ei politisk kraft i målrørsla.

12 år seinare kjem rekneskapsdagen for Skretteberg: Saman med 9 andre personar stend han tiltala for umfemnande økonomisk kriminalitet i SOS Rasisme. Nemesis kjem alltid til slutt...



PEKER UT MEDTILTALT Frantzen vitnet i dag og pekte ut medtaltalt Jan Erik Skretteberg som sentral i støttejukset der SOS Rasisme meldte inn studier for medlemmene til staten og tjente store summer. Staten har politianmeldt organisasjonen for forholdet. Foto: Øistein Norum Monsen / Dagbladet

Dette er saken:

Dagbladet har siden 2010 jobbet med å avsløre medlemsjuks og rot i SOS Rasisme, som oppga å være Nord-Europas største antrasistiske medlemsorganisasjon, og blant Norges største, med over 45 000 medlemmer. Pengestøtten var på opp mot åtte millioner kroner i året, pluss andre inntekter.

To personer er allerede dømt for deltakelse i juks med innmelding av studietimer.

Det fretttest elles at Kristian Bjørkelo skal ha halde lanseringsmøte for "ekstremisme"-boki si tidlegst i februar. På møtet vart Bjørkelo spurd um det hadde kome nokon reaksjonar på bokutgjevingi. Bjørkelo svara at einaste reaksjonen var at ein "ikkje namngjeven fascist" skulde ha kommentert at han hadde vener i "miljøet som kommenterer høgreekstremer" - men denne personen var ikkje interessant nok til å koma med i boki hans. Etter å ha vore nøydd til å svara på merkelege påstandar frå Bjørkelo både i Humanist og i Samtiden, so er det berre fint at Bjørkelo endelegt hev slutta å interessera seg for Målmannen-redaktøren. Kor som er: Implisitt hev Bjørkelo med dette sagt at det ikkje finst interessante personar som hev brydd seg um bokutgjevingi hans. Han kann soleides vera glad for den vesle merksemdi me hev gjeve honom. Det er meir enn han fortener.

qu'un seul peuple français», dna.fr, 14. oktober 2014). Ein hev ikkje nytta høvet til å byggja upp regionar som knyter upp til den historiske og etniske serhåtten.

1989/1990: Ein historisk sjanse – som gjekk tapt

Det var eit historisk høve kring 1989/1990 til å få eit samla Europa. Tyskland og Frankrike tala jamvel saman um å skipa ein sams europeisk hør. Ikkje nok med det: Russland var faktisk viljuge til å gjeva Aust-Preussen attende, men dette vart avvist av Bonn-riksstyret – trulegt i redsle for reaksjonar frå Storbritannia – og heile utspelet vart halde løynt for ålmenta i 20 år. Den gongen var Russland bankerott og hadde gladelegt gjeve Königsberg (Kalinigrad) i frå seg. Kann henda hadde Polen gjort det same? Her kunde det ha kome til ein kjedereaksjon som me aldri fær vita endskapan på (Kjelda: "Wiedervereinigung: Moskau bot Verhandlungen über Ostpreußen an", Der Spiegel 21.05.2010).

På dette tidspunktet hadde helder ikkje CDU godteke Oder-Neisse-lina. Jamfør tala åt CSU-leidar Theo Waigel på Schlesiertreffet i september 1989, som snaudt nok ein NPD-målsmann vilde ha våga framføra i dag:

«Med kapitulasjonen åt tyske Wehrmacht, den 8. mai 1945, gjekk det tyske riket ikkje under. Det finst ingi folkerettslegt verksam akt som skil dei austlege partane åt det tyske riket ut frå dette. [...] Vårt politiske mål, det er og vert verande at det tyske folket kann nytta sjølvråderetten til å skipa upp att den statlege einskapen sin.»

Eit samla Europa der eit samla og nøytralt Tyskland var den politiske og økonomiske

drivkrafti? Det hadde nær sagt vore for godt til å vera sant. I staden vart DDR annektert inn i NATO-staten BRD. Og eit par tiår seinare vart jamvel Frankrike reintegrert inn i NATO.

Når USA pressar på for å få Tyrkia inn i EU, so er det nett av di dei ikkje ynskjer eit "europeisk" Europa. Dei er redde for det eit samla Europa kann få til. Eit Europa som er samla på eit anna grunnlag enn det reint økonomiske.

Brannfakkel: EU er ikkje udemokratisk, det er tvert um altfor demokratisk

Den europeiske unionen vert kritisert for å vera udemokratisk. Adinolfi snur saki på hovudet: Det grunnleggjande problemet er at EU er for demokratisk. Det er ministrar frå dei ulike landi som møtest på eit rundebordsnivå og må verta samde – og i beste fall kann dei taka avgjerder med kvalifisert fleirtal. På denne måten vantar EU nokon eigen politisk autoritet – og det vert dei reint byråkratiske kommisjonane som vert sitjande og arbeida ut lover og regelverk som ministrane skal verta samde um. Sidan EU-kommisjonen ikkje hev nokon røyndleg politisk autoritet som han lyt stå andsvarleg andsynes, so vert han eit lett bytte for alle slags pengesterke lobbygrupper.

Den europeiske sentralbanken kann berre utferda 8% av euroen – han burde etter Adinolfi sitt syn havt høve til å utferda alt. Det er dei nasjonale bankane i dei ulike landi som eig sentralbanken, men dei fleste nasjonale bankane er utanfor politisk kontroll – dei med. Den italienske sentralbanken vart privatisert alt i 1981.

Det er ikkje ein retur attende til like udemokratiske nasjonalbankar som



Deutsches Reich NICHT untergegangen, Theo Waigel, Tagesschau

trengst, det er ein reell politisk kontroll yver den europeiske sentralbanken, meiner Adinolfi. Til dømes kunde nasjonalfor-samlingane i dei ulike landi peika ut repre-sentantane direkte, i staden for at dei pri-vate sentralbankane gjer det.

Sentralbanken bør dessutan setja seg fleire målsetnader enn rein valutastabilitet. Økonomisk vokster og sosial utjamning er vel so viktugt.

Det nye Europa kjem ikkje til å skapa seg sjølv

Den nivellerande einskapen som EU stend for i dag, og som ikkje er tufta på anna enn reine finansielle umsyn, må skiftast ut med ein organisk einskap. Det er ein einskap som gjev europearane styrken attende på alle nivå – framfor å flata ut og øydeleggja.

Gabriele Adinolfi veit vel at dei visjo-nane som han dreg upp er langt undan det som dei fleste tenkjer er moglegt å få til i dag. Men utan radikale visjonar er det ikkje moglegt å endra på det slag.

Ingen reaksjon hev nokon gong lukkast dersom han ikkje fører med seg ei grunn-leggjande endring av makttilhøvi. Røyn-domen er at alle dei problemi som me hev med EU, dei hev me på nasjonalstatlegt nivå med. Å avskipa EU er å verta sitjande med dei same problemi på eit nivå der ein er endå meir maktlause. “Nasjonalisme i eitt land” kjem ein ingen veg med, det er berre å spela den verdspolitiske ballen yver til USA, Russland og Kina.

Det er klårt at einskildstatane helder kann velja å «samarbeida» um avgrensa oppgåvor på eit slags nasjonalstatlegt run-debordsnivå der ministrar møtest og tek fleirtalsavgjerder, medan kommisjonar og byrå lagar planar og gjer detaljarbeidet – men då er me i praksis nett der som EU er i dag (det er det same ein ser i miniatyr i Noreg med dei store interkommunale sel-skapi som liver sitt eige liv utanfor politisk kontroll).

Motkreftene må byggjast upp

Adinolfi tek ikkje til ords for at me skal verta EU-lobbyistar, snarare tvert imot: Han argumenterar for at det må byggjast upp motkrefter til det rådande EU-sys-temet. Dette må skje frå grunnen av – og det må skje på eit europeisk nivå.

Mange nasjonalistiske rørsler og parti hev skrive sers gode program som dei hev gjenge til val på. Dei hev dessutan kunna spela på generell misnøje i folkesetnaden og sumtid fenge sers gode valresultat. Problemet er at det stoggar alltid der: Det er sers avgrensa kva ein kann få til på det



Saman for Europa.

parlamentariske umkvervet, og folket vender dei fyrr eller seinare ryggen når dei ser at ingenting skjer. Dei endar med å gå i frø utan å ha konstruert det slag på det sosiale umkvervet som kunde ha gjeve deim ryggstødet dei trong for å koma seg vidare.

Det som ein treng å gjera er å byggja den sosiale basisen som gjer det moglegt å koma i posisjon til å setja visjonane ut i livet. Dei må arbeida både politisk og meta-politisk og byggja upp ei motmakt som i neste umgang kann setjast upp mot dei rådande europeiske maktstrukturane. Sosiale prosjekt som med italienske Casa Pound er berre eitt av mange døme på soverne initiativ. Med Casa Pound freistar ein å organisera folk beinveges med å skaffa seg det som dei treng og som styres-maktene nektar dei, som med husokku-pasjonar for å skaffa fatigfolk tak yver hovudet. Målrette og beinveges aksjonar som folk ser at dei hev noko att for, fram-for å protestera og krevja at politikarane skal gjera noko. Eit anna døme som Adi-nolfi dreg fram er Chrysi Avgi i Hellas. Dei hev nytta seg av det momentumet som dei gode valresultati gav deim til å byggja upp strukturar hjå greske vesalfolk. Til dømes vert løni åt parlamentsmedlemene nytta til å driva supermarknader for fattig-folk der dei armaste kann få kjøpt naudsynte varor til hushaldet sitt. Likeins hev dei organisert “folkeambulansar” som rykkjer ut og ordnar upp der det er prob-lem.

Stødt fleire europearar uppliver prob-lemi med masseinnvandringi direkte på kroppen, dette gjeld serskilt dei vesale og lågtlønne som fær eit nytt, importert under-sjikt som dei må tevla mot. Men den ålmenne kjensla av tapt identitet og kultur når mykje lengre, og her er det høve til å byggja alliansar både sosialt og på tvers av landegrensor. Adinolfi gjer seg tankar um ulike slags initiativ og kampanjar som

nasjonalistane kann sparka i gang yver heile Europa, og det kring emne som når lengre enn dei “vanlege” nasjonale sakene. Til dømes sams kamp mot lækjemiddelin-dustrien som freistar tvinga meiningslause vaksinor på folk. Eit anna framlegg som Adinolfi kjem med er å starta ein kam-panje yver heile Europa for re-nasjonalis-ering av naturressursar som er vortne selde ut til multinasjonale selskap. Her sviv det seg um problem som me alle uppliver på den same måten, og der me difor hev høvet til å setja inn motstøytan på eit sams europeisk nivå.

Det nye Europa må skapast frå grunnen av, og nasjonalistane må vera dei leidande i dette arbeidet – for det er ingen andre som kjem til å gjera dette arbeidet for deim, poengterar Adinolfi.

Adinolfi legg på slutten av boki fram nokre tankar um ein slags syndikalisme for dei ulike næringane og regionane i Europa. Han kastar dessutan fram nokre idear um eit all-europeisk senat – og um ei upp-kløyving i ulike slags kulturelle og kom-mersielle regionar som skal samsvara til dei ulike europeiske mentalitetane og arbeidsmåtene. Han drøymmer um eit europeisk imperium, med nasjonalstatar, regionar og lokalsamfund som arbeider fritt innanfor det føderale rāmeverket.

Likevel vert han etter mitt syn litt for diffus um kva det er for slags handfaste maktstrukturar han ynskjer for eit nytt Europa – og korleis desse nye strukturane skal sikra at dei europeiske folki atter skal kunna taka lagnaden i eigne hender. Under alle umstende so hev Adinolfi klårt adressert veikskapane både ved nasjonal-staten og ved dagsens EU, og levert eit godt utgangspunkt for dei ordskifti som må takast hjå nasjonalsinna og EU-kri-tikarar um kva som faktisk skal vera alter-nativet vårt.

Arbeids-vinstre og verdi-høgre

Av Alain Soral

Er det moglegt å byggja bru millom «høgre» og «vinstre»? Alain Soral, kommunisten som vart med i Front National og som hev grunnlagt skipnaden «Égalité et réconciliation», han trur det. Det er den same globalistiske ultraliberalismen som knuser faglege rettar og som bryt ned tradisjonar og kultur yver heile verdi. Og det er den same organiserte minoriteten som hev ein finger med i spelet og som set grupper opp mot einannan på umkverve der dei burde stå saman. Alain Soral hev formulert tesen um «arbeids-vinstre og verdi-høgre» som eit svar på dette.

(Tala framført på Six-Fours-les-Plages, 21. september 2007)



Etter at Sarkozy vann presidentvalet, so fekk me det endelege prøvet på at det korkje finst nokor retteleg høgresida eller nokor retteleg vinstresida lenger. Fillon-riksstyret si lefling med vinstresida var til sjuande og sist ikkje noko anna enn den heilage alliansen åt liberal-atlantistane (NATO-tilhengjarar, red.). Soleides er det klårt at det ikkje lenger er nokon skilnad å tala um i det heile – korkje på det økonomiske planet eller når det kjem til sosiale spursmål. Den liberale høgresida åt Sarkozy stend ikkje for nokon annan politikk enn det den salongradikale vinstresida åt Sosialistpartiet gjorde.

På vinstresida reknar dei framleis Sarkozy for å vera ein mann på høgresida. Fyrst og fremst av di han hev fenge ord på seg for å vera ein «lov-og-orden»-mann. Det er å gje honom ei merksemd han ikkje fortener: Tryggleiksfokuset hans gjeld ikkje andre enn den kvite småborgarskapen som privatbilistane representerar! På den nasjonal-sinna høgresida er Sarkozy for ein mann på vinstresida å rekna: «menneskerettsforkjempar» og talsmann for dei «papirlause», i beste fall ein slags fransk Tony Blair...

I røyndi kann ein i dag godt segja at alle systempolitikarane er frå vinstresida: Alle er dei for å gje statsborgarskap til kvar og ein som er fødd på fransk jord («droit du sol») og alle er dei for homoekteskap... Eller ein kann segja at dei alle er frå høgresida: Alle er dei for at marknadsøkonomien skal få styra politikken på alle umkverve – eller at marknadsøkonomien på alle sine umkverve skal få styra politikken, det gjeng ut på det same! Kor som er, denne samanblandingi av høgre og vinstre skriv seg frå det at definisjonane deira er blanda saman, dei med. Me

må difor hugsa på at det er to måtar ein kann definera høgre- og vinstresida på.

Framfor alt so hev me, historisk, den definisjonen som kjem frå det gamle regimet, frå tidi fyre den franske revolusjonen. Ein definisjon som høgresida sjølv hev kome med: Dei positive verdiane um æra, moral, vyrdnad for forfedarne og age for hierarkiet...

Vinstresida målber soleides liberalismen sin kamp for å øydeleggja desse verdiane. Ein liberalisme som munnar ut i den franske revolusjonen... Liberalismen sine verdier, det er den amoralske kalkylen og rasingi av den gamle ordningi. Ut frå den fyrste definisjonen må denne liberalismen soleides definerast som noko negativt og skadelegt, og vinstresida likeins. Nokre tradisjonelle høgrefolk, og då framfor alt slike som Jean-François Touzé, hev ein tendens til å gløyma nett dette – sidan dei systematisk stør upp um liberalismen...

Dinæst kjem den definisjonen som vinstresida kjem med, og som skriv seg frå marxismen og frå Oktober-revolusjonen. Her sviv det seg um tilhøvet millom arbeid og kapital. Dei som favoriserar arbeidet er frå vinstre, medan dei som favoriserar kapitalen er frå høgre. Ut frå denne definisjonen so er ein sjef frå PME frå vinstre – sidan han er på den produktive sida i arbeidsprosessen. Ein aksjonær frå Medef er derimot frå høgre – sidan han einast hevjar rentor og soleides hev ei reint parasittisk rolla. Han er den late sonen i familien, same kvar han sjølv freistar å plassera seg politisk.

Samstundes skal me merka oss at verdiane frå den franske revolusjonen – formelt frå vinstre, sidan dei er tufta på ein abstrakt egalitarisme, men praktisk frå høgre, sidan det er den endelege sigeren åt ein framvek-

sande liberalisme – ikkje gjev høve til å skilja klårt millom dei to sidone: Frå vinstre med folket – eller frå høgre med borgarskapen? Alt dette gjev næring til den franske forvirringi...

Ut frå denne klårgjeri so kann me alt no slå fast at ei «folkeleg» rørsle som både forsvarar dei moralske verdiane og dei faglege rettane, ho høyrer til på høgresida ut frå den fyrste definisjonen, og på vinstresida ut frå den andre... Det heiter ikkje at det ikkje lenger finst nokor høgre- eller vinstresida eller at alt gjeng ut på det same. Men det finst ei moralsk høgresida som, dersom ein tenkjer seg litt um, danar grunnlaget for vinstresida sin sosiale og økonomiske politikk. Og motsett so finst det ei amoralsk vinstresida som hev lagt det ideologiske grunnlaget for den økonomiske høgrepolitikken som i det siste hev synt seg på sitt mest brutale. Hugs på kva det er som førde oss til mai 68, til forbrukarsamfundet og til den lausslepte libertære liberalismen...

Den libertær liberalismen er ikkje noko anna enn det salongradikale vinstre – i tenesta for dei private verksemdene, med fyremål å øydeleggja både den sosiale vinstresida og den moralske høgresida. Altso det som utgjorde Frankrike fyre mai 1968, og som kann førast attende til den vidgjetne komiteen for det nasjonale motstandet...

Det sviv seg um ein libertær liberalisme som bryt ned både:

1. den sosiale vinstresida som det franske kommunistpartiet ein gong inkarnerte

2. og den moralske høgresida, som i den same epoken vart inkarnert av de Gaulle og dei maurassianske kulturverdiane som han stod for...

Det var ei dubbel øydeleggjing – i pengekreftene si tenest. Slik skynar ein snøgt korleis dei sokalla «pariaene» frå mai 68 kunde lukkast so formidabelt!

Den libertære liberalismen er lykjelen til å skyna alt det som hev hendt i fransk politikk dei seinaste 40 åri. Og det både når det gjeld den falske vinstresida, illustrert i våre dagar med Besancenot, og når det kjem til den rettelege atlantisk-liberale høgresida, som Sarkozy inkarnerar i dag. Dei siste er ei antinasjonal høgresida som den nasjonale høgresida i dag ikkje skynar seg serlegt på...

Eg vil herma frå ei tekst som eg hev skrive sjølv og som kom på prent i boki mi,


Jusqu'ou va-t-on descendre ? («Kor langt ned skal me gå?»). Det er ei tekst som fork-lårar suksessen åt den påstått revolusjonære Daniel Cohn-Bendit, bestefar til vår tids revolusjonære Besancenot! Systemet hev stødt havt eit falskt revolusjonært alternativ i bakhand!

Det eineståande ikonet, vinstreside-yndlingen framfor nokon, Daniel Cohn Bendit (som den norske medie-yndlingen Øyvind Strømmen er Facebook-tilhengjar av, red.) umtalar seg sjølv som nett liberal-libertær. Men kva heiter det å vera liberal-libertær? For den vanlege Libération-lesaren, so er det ein liberal mann med libertære tendensar, ein litt anarkistisk humanist – vel, vel, lat oss segja det er ein kuul kar. Med fåre for å verta rekna for å vera ein litt u-kuul kar sjølv, so vil eg leggja til at «liberal-libertær» inneber noko meir. Det inneber dessutan – ja, framfor alt – eit politisk og sosialt standpunkt.

Den liberal-libertære medgjev at han er liberal på produksjonsplanet: Han er for den økonomiske liberalismen, slik heile den klassiske borgarskapen er det (det heiter, korkje sosialist eller fascist, som er tvo ulike måtar å styra økonomien på politisk). Dessutan so er han libertær på det moralske planet, og det er dette som skil honom frå den klassiske borgarskapen, der arbeid-setikken og sparsemdi verka bremsande både på gjerandsløysa og på forbruket. Den liberal-libertære er soleides ein borgar som gjev ein god dag i den borgarlege moralen.

Men «liberal-libertær» kjenneteiknar ikkje berre ein politisk sensibilitet. Det er dessutan, på det kollektive planet, ein modell for eit serskilt brutalt samfund. Eit samfund som både er umgjengelegt med forbrukaren – det er ingen moralske sperror att som hindrar ein frå å forbruka so mykje og so ofte ein vil – og hardt mot produsenten – der arbeidsvilkåri er ustabile og løningane under press som fylgja av den globaliserte nyliberalismen.

Men det finst ein mekanisme som er lett å skyna: Di meir eit individ vert avlasta frå arbeidspresset av di han sjølv er ein som haustar fruktene av det (til dømes ein aksje-eigar eller einkvan som er sponsa til å underhalda i mediesirkuset), di meir kann han finna gleda i det liberale samfundet og gje seg heilt yver i sin libertære mentalitet. På den andre sida er det slik at di meir eit individ er underlagt den harde produksjon-srøyndomen, di meir vert den libertære lysti etter grenselause gledjor (sex, rusmidlar, festing) blokkert av dei vilkår som ein må liva under: Ein er millombels tilsett med avgrensa kjøpekraft, og dimes avgrensar



Øyvind Strømmen høyrer til den «grøne» rørsla i Europa – som i moral- og verdispursmål stend for nett den ultraliberalismen som Soral finn åt. At Strømmen styd upp um Cohn-Bendit politisk skal ein soleides ikkje undra seg yver.

kvardagen seg snarare til reising, arbeid og soving («métro-boulot-dodo»).

Det liberal-libertære huglaget er soleides, i røyndi, den objektive stoda til honom som ikkje treng – eller ikkje kann – å tilverka for å kunna forbruka. Det er huglaget åt honom som kann finna all sin sjarm i den liberalismen som han haustar dei materielle fruktene av, og som ikkje vil vita av den arbeidsmoralen og nøysemdi som bremsar honom frå å nytta seg av den privilegerte posisjonen sin. Det er difor han er so avslappa, den permanente smilen hans Daniel Cohn-Bendit. Det same nøgde andlitsuttrykket som ein kann finna ått hjå ein Jean d'Ormesson, men som korkje er nytt eller frå vinstresida.

Kannhenda dei godtruande Liberation-lesarane, um analysen min kann ha vekt dei upp frå dvalen sin ein liten augneblink, kann byrja forstå betre kvifor denne undergravings-aksjonæren, denne libertære liberalisme-tenaren, i røyndi aldri hev vore til meins for nokon – um ein ser burt frå lærarane som han hev frårana autoriteten og arbeidarane som han hev tent feitt på utan nokon gong å ha arbeidd sjølv. Kvifor er det slik at Makt tykkjer so vel um honom, og kvifor slepp han alltid undan med alt det han gjer: Raudt kaos, grøn forvirring, apologi for pedofili... Og for å gjera analysen min litt meir dagnær so vil eg leggja til at han stemmer nesten like godt med den vesle Besancenot – denne nye globaliseringskollektøren som Michel Drucker og heile handelsborgarskapen er so glad i. Det kann vel segjast å vera litt underlegt for ein som skal vera revolusjonær antikapitalist... men ikkje når ein endelegt skynar kven som tener på dette!

I ljøs av denne analysen, kva slags sams

kontaktpunkt finst det millom det nasjonale verdi-høgre og det liberale profitt-høgre? Eg vil segja at det finst ikkje nokon, utanum ein freistnad på politisk dominans frå tvo ulike sosiale grupper som i røyndi ikkje let seg sameina. Den eine gruppa er tufta på ein moralsk orden og eit naturlegt hierarki frå den gamle verdi. Den andre gruppa er tufta på ein amoralisme yver heile lina. Ein moderne amoralisme der profitt er det einaste som tel, og der porten dimes er open for alle slags oppkomlingar, alt slags moralsk forfall og dimes all slags sosial mobilitet...

Når desse tvo gruppone gjeng saman for å få politisk makt, so er det den fyrste – som ikkje hev midlane – som steller seg i tenest for den andre – som han ikkje deler nokon av verdiane sine med... Dei liberale nyttar seg stødt av dei konservative, som dei upp gjennom saga hev yvervunne og jaga frå makti. No tener dei einast til nyttige idiotar for å halda folket burte frå makti. Korleis skjer dette i praksis? Ved siste val var det sers mange borgarar med sympati for Front National som helder valde å røysta på Sarkozy av di dei tenkte at slik skulde dei få ein slutt på kaoset åt sosialistpartiet. Og kva fekk dei att for det? Ingenting! I røyndi gjeng «samling på høgresa» stødt ut på at det respektable verdi-høgre skal manipulerast av dei pengekreftene som – hugs kva eg hev fortalt – gjeng ut frå den historiske vinstresida... Ei soveri samling kann ein like godt kalla for ei samling millom ei lerka og ein gauk. Me veit kven som alltid vert tippa ut or reiret til slutt!

Når dette er sagt, og desse punkti er oppklåra, so er det upp til dykk å tenkja yver um de framleis vil rekna dykk for «høgre» eller ikkje!

Ungdomen til makti

Av Olav Torheim

Julien Langella,
"La jeunesse au pouvoir",
 Editions de Rubicon,
 2015

"Ungdomen no til dags..." Kven hev vel ikkje høyrte dette klagemålet? Ikkje minst i våre eigne nasjonalsinna krinsar vert det ofte klaga yver at dei unge er vortne for-dumma, individualiserte, veikte ned og ute or stand til å sjå samanhengar. No hev derimot Julien Langella, ein av grunnleggjarane åt franske *Generation Identitaire*, kome med ei bok der det er nett ungdomen som gjev von um at det enno kann koma til ein politisk snunad i Europa.

Det er mykje negativt ein kann syna til med dagsens ungdom. Det er berre å ta seg ein tur med T-banen eller ein spaser-tur på gata for å få det stadfest: Pluggar i øyro, den eine handi i lumma og den andre med ein mobiltelefon som ein glanar ned på... Openberre manipulasjon-sobjekt i den virtuelle verdi - og lette ran-soffer i den verkelege.

Um det ein dag skulde røyna på, kor-leis skal dei vera i stand til å samla seg og arbeida saman? Generasjonen yver 35 år var til dømes den siste som upplivde at dei fleste unge karar gjorde militærtren-esta...

Elles so er dei verste til å klaga yver dagsens ungdom paradoksalt nok dei som sjølve høyrer til 68-generasjonen. Ungdom i dag er so egoistiske og individu-alistiske og tenkjer berre på seg sjølve, vert det sagt. Men er det i grunnen so rart?

Det vert klaga yver at dei unge engas-jerar seg so lite i samfundsspursmål, men kva kann ein venta seg at dei forstår av samfundet ikring seg? Ein person som aldri hev lært seg å skilja ut ulike treslag, han ser skogen for berre tre når han er ute i marki. Ein treng knaggjar å hengja ting på, dersom ein skal vera i stand til å hugsa og systematisera saker og ting. Eit menneske som ikkje hev nokor verd-såskoding, ingen tradisjon å stydja seg på, han liver berre frå dag til dag. Han er vorten minka ned til eit frittstående indi-vid, lausriven frå bandi til det gamle og nedervde.

Skal ein kunna reisa seg kollektivt, treng ein eit rådeverk for dette. Tradis-jonar og nasjonar gjev sosial og kulturell



Framsida på
"La jeunesse au pouvoir"

kapital som menneske treng for å kunna skapa si eigi framtid. Dette rådeverket hev 68-generasjonen sjølve vore med på å riva ned.

Det er ungdomen no til dags fullt klår yver, meiner Langella.

68-generasjonen hev yverlate ungdomen til seg sjølv

68-generasjonen kunde gjera oppreist mot foreldregenerasjonen sin av di dei hadde fenge våpni som dei trong til å gjera oppreist. Dei hadde vore igjennom eit skuleverk som disiplinerte deim, som gav dei kunnskapen dei trong og som gav dei evna til å organisera seg og arbeida saman.

Den gamle skulepedagogikken var tufta på diktat og pugging, elevane skulde fyrst og fremst instruerast. Slik kunde ein få alle, same kva slags bakgrunn dei hadde, upp på eit visst grunnleggjande nivå.

Den nye pedagogikken er tufta på at eleven sjølv skal taka andsvaret for eigi læring, at han på eigi hand skal leita seg fram til informasjon. Problemet er det at det er berre eit mindretal som er i stand til dette. Elevar som kjem frå akademikarfamiljar og som kann få hjelp og studnad heimanfrå greider seg bra, medan andre elevar fell attum. Slik fører den nye pedagogikken til at skulen berre reproduserar gamle sosiale skilje.

Etterrøkjingar syner at elevane jamt og trutt vert dårlegare på grunnleggjande disiplinar, til dømes lesing og skrivning. Dette er paradoksalt når me veit at ungdomar, takk vere IT og sosiale media, brukar mykje meir tid på lesing og skrivning no enn dei gjorde tidlegare.

Det er fyrst når ein hev greidd å koma til eit visst nivå at ein sjølv vert i stand til å orientera seg på eigi hand. Jamfør at ein ikkje greider å improvisera med eit musikkinstrument utan å fyrst ha vore igjennom grunnleggjande tone- og takt-læra. Det som trengst er ein skule av tradisjonelt mynster - som gjev alle grunnleggjande kunnskap, dugleik og tame. Når ein er komen igjennom dette, so kann ein skilja millom dei som gjeng vidare til ei yrkesutdanning og dei som kann gå vidare til eit høgare studieløp og verta studentar.

Um ein spyrr ungdomane sjølve, so er det nett meir autoritet og disiplin i skuleverket som dei sjølve etterlyser.

Dei politiske avgjerdstakarane liver i fortidi

Det er færre enn 12 av dei 577 representantane i den franske nasjonalforsamlingi som er under 40 år. Helvten av dei er eldre enn 60. 1945-generasjonen, baby-boomane, hev i desse dagar nådd pensjonsalderen. Prognosane syner at i 2020 kjem det til å vera fleire franskmenn yver 60 enn det er under 20. I 2035 kjem meir enn 30 prosent av folkesetnaden til å vera yver 60 år. Alt dette heiter at det vert eit stødt større gap millom dei som tek dei politiske avgjerdene og dei som faktisk kjem til å få uppliva dei langsiktige konsekvensane av deim.

Den politiske og økonomiske makti - og dessutan mediemakti - ligg hjå dei som var tenåringer på 60-talet. I utgangspunktet trong ikkje det å vera eit problem: Ein kunde tvert um tenkja seg at det er positivt at det er dei som hev lengst livsrøynsla som styrer samfundet. Problemet er berre det at 68-generasjonen aldri hev vore upptekne av andre enn seg sjølve. Den gongen sveiv det seg um å sikra seg individuell fridom - og no gjeld det um å sikra seg pensjonar og tryggleik ut deira eigi tid. Dei er vortne gamle i kroppen, men i sinnet er dei like uansvarlege som fyrr.

Dessutan liver dei fleste av deim godt

skjerma for den nye røyndomen. Samfundet hev endra seg sers mykje dei seinaste 20 åri, og dei hev ikkje fenge det med seg. Kor mykje merkar ein av samfundsendringane dersom ein sjølv liver trygt og avskjerma i eit bustadfelt utanfor ein by som ein einast vitjar med bilen sin, og det for å køyra rett til arbeidet sitt der ein møter kollegaer med same sosiale bakgrunn?

Foreldregenerasjonen vår er i beste fall viljuge til å diskutera komande problem i ei framtid dei sjølv slepp å oppliva. Dei unge liver derimot midt uppi denne "framtid", her og no. Medan massemedia framstiller det som konspiratoriske skrekk-scenario at europearar vert minoritetar i eigne land, so er europeiske ungdomar minoritetar i eigen skulegard den dag i dag.

Um ein til dømes ser på stoda i Tyskland, so hev 16 millionar av 80 millionar menneske innvandrarbakgrunn - og det ser soleides ikkje so dramatisk ut. Um ein derimot ser på aldersgruppa 0-25 år, so fær ein eit heilt anna bilæte: Av totalt 29 millionar menneske, so er meir enn 8 millionar av utanlandsk upphav, altso ein av tri (Kjelda: <https://www.destatis.de/DE/ZahlenFakten/GesellschaftStaat/Bevoelkerung/MigrationIntegration/Migrationshintergrund/Tabellen/MigrationshintergrundAlter.html>).

Eller kva med vårt eige Noreg? Jamvel um norske kvinner einast fær 1,8 born i snitt - og soleides under reproduksjonsnivå - so hev talet på grunnskuleelevar dubla seg det seinaste tiåret. Kven er desse nye elevane, tru? Det vart for ei tid sidan slege stort opp at nynorskprosenten i skulen hadde tapt seg - men når ein såg på dei absolutte tali med nynorskelevar, so var desse meir eller mindre dei same som for 20 år sidan. Det er det store tilskotet av born og unge med innvandrarbakgrunn, der flestalle hamnar i storbyane, som hev ført til at nynorsken hev tapt seg (Kjelda: <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/nynorsk/stadig-mindre-elev-andel-skriver-nynorsk/a/23587972/>).

68-generasjonen voks opp i ei tid der kvinner kunde gå fritt ikring yveralt, der det ikkje var etniske gjengar i skulegarden, der det var arbeid til alle - og i alle fall arbeid dersom ein hadde ei utdanning. Mange av dagsens ungdom tek lange utdanningar som ikkje garanterar for noko anna enn studielån og arbeid i kassa på Rimi etterpå. Mange skulde nok ha ynskt

at dei helder hadde teke seg ei yrkesutdanning, men helder ikkje det er so endeframt: I stødt fleire bransjar kjem utanlandsk og ufaglært, svart arbeidskraft inn og tek yver heile bransjar (Sjå til dømes http://www.aftenposten.no/meninger/debat/At-dere-ber-norsk-ungdom-satse-pa-yrkesfag_-er-faktisk-utrolig-rattent--Eirik-Kornmo-8358454.html).

Etterrøkjingar syner at ungdomen er mykje meir redde for framtid enn det foreldri deira var på same alder. Dei fleste reknar til dømes med at dei må spara til sin eigen alderdom.

Det er elles ikkje berre trygge pensjonar som dei unge reknar med å sjå langt etter. Ordna arbeidstilhøve er noko som høyrer foreldregenerasjonen til, det med. Dagsens unge fær verta kjende med "prekariatet", der dei fleste arbeidssuppgåvor einast er på millombils basis og der ein heile tidi er på jakt etter nytt arbeid. Dei godmenneskelege 68'arane hev ingen medynk med desse ungdomane, tvert imot: I våre masse migrasjonstider so er redusert stillingsvern og meir bruk av millombils arbeidskraft millom verkemidli som vert selde inn i opinionen som "tiltak for å få flyktningar raskt i arbeid". Dei som betalar prisen for dette er ungdomar som stend på terskelen til arbeidslivet, og som aldri greider å etablara trygge nok råmor ikring seg sjølv til at dei kann byrja tenkja på å grunnleggja ein familie.

Dei gamle vil ha tryggleik, dei unge vil ha endring

Um ein ser på valresultati i Frankrike, so syner det seg at det er dei unge veljarane som strøymar til Front National, medan dei gamle held seg til systempartii. Meiningsmølingar syner at mest 50 prosent av folkesetnaden i alderen 25-34 år vil røysta på Front National. Dei gamle vil derimot ikkje risikera noko. Dei søker etter det trygge, og dei tenkjer at systempartii skal syta for at dei enno hev den vesle tryggleiken i kvardagen sin til dess at deira tid er umme ("Tøffe" UMP-politikarar som Sarkozy retter seg inn mot nett dette veljarsegmentet). Dei unge hev for sin part ikkje anna val enn å gjera opprør.

So kva kann ein gjera då? Julien Langella kjem på slutten av boki med nokre handfaste politiske åtgjerder som ein kann nytta seg av:

1. Borgarløn. Dagsens ungdom er vortne opplærde til individuell fridom, men kva

slags fridom? I forbrukarsamfundet skal ein masseprodusera i arbeidstidi og massekonsumera på fritidi. Det som ein skaper i arbeidstidi vert ein framandgjord frå, og i fritidi hev ein berre gleda av å øydeleggja ting etter bruk-og-kast-prinsippet. Ein fær soleides ikkje høve til å kasta inn kreftene sine for noko ein brenn for. Kvifor ikkje lata dei som ynskjer det få nytta nokre av dei beste åri sine til å arbeida saman for eit samfundstenlegt fyremål? Borgarløn gjev høve til dette.

2. Røysterett for 16-åringar. Å gjeva ungdomen røysterett fører ikkje til kaos og anarki, slik konservative stødt ottast. Um ein ser på resultati frå skuleval, so ser ein at ungdomsveljarane forsterkar alle dei trendane som alt finst i samfundet. Trendane ute i Europa i dag er at nasjonalismen er på frammarsj, og dette ser ein særskilt hjå ungdomen. I Austerrike gav ein for nokre år sidan røysterett til 16-åringar, og det er nett desse som massivt hev slutta opp um innvandringskritiske FPÖ ved val.

No er det visseleg ikkje ved val at den europeiske framtid kjem til å verta avgjort, og som me alt hev vore inne på so tyder den demografiske utviklingi på ein stødt eldre veljarmasse og dimed stødt færre høve for dei unge til å påverka gjennom dei vanlege politiske kanalane. Det viktugaste er å kunna skapa samanhengar der ungdomen sjølv fær taka initiativet og driva fram ein dagsetel. Langella dreg fram den tyske Wandervogelrørsla frå tidlegst tjugande århundre som eit døme på dette, men her kunde han godt ha vorte meir konkret på kva det er han ser fyre seg i vår tid.

"Me treng ingen ungdomspolitik. Ungdomen er vår politikk", heiter det i dei identitære si krigslysing. For det er ikkje slik at det er ungdomen som er problemet. Problemi som dei unge råkar ut for er generelle samfundsproblem som fyrr eller seinare råkar oss alle. Ein politikk som tek tak i dei problemi som ungdomen slit med, det er ein politikk som tek tak i dei grunnleggjande samfundsproblemi i vår tid. Di lengre me ventar med å gjera det, di meir vert det for komande ættleder å rydja opp i.

**Sank ein tingar til
høgnorskbladet
Målmannen!**

Støveltramp og politisk kamp

Av Olav Torheim

“Un Français” – endå ein film um skinnskallar, denne gongen frå Frankrike. Regissør er Patrick Asté, alias Diasteme, og han hev i intervju fortalt at fyremålet med filmen er å få fram kontinuiteten frå dei valdelege ekstremistmiljø i på 1980-talet og fram til det “respektable” Front National av i dag. Jamvel um han ikkje lukkast serskilt godt med det siste, so hev filmen andre sidor som gjer honom vel verd å sjå.

Diasteme hev sjølv umtala filmen sin som ein “antifascistisk” film. So då reknar vel sume med at Målmannen sin filmmeldar skal døma filmen nord og ned i dei sterkaste orde-lagi? Nei, faktisk so likar eg denne filmen. Kvifor det? Lat meg freista å forklåra.

Det hev framigjenom vore nøgdi med filmar um skinnskallar, og flestalle følgjer den same oppskrifti: Ei uppskakande hending fær hovudpersonen til å søkja seg til eit ekstremt miljø. Der fær han uppliva venskap og studnad, men alt dette hev sin pris – og til slutt kjem det til ei oppgjerd der hovudpersonen vel å bryta med miljøet og gjeng den vanskelege vegen vidare åleine. Slik var det til dømes i “American History X” og likeins var det i “This is England”.

“Un Français” hev langt i frå den filosofiske djupni som det var i American History X. Helder ikkje hev han det same umsynet til detaljar som ein såg i “This is England” – og som for min part vart i det meste, klisjefylde laget.

Derimot gjev “Un Français” oss ein retur attende til det røffe og rufsute, litt som i gode gamle “Romper Stomper” med Russel Crowe – og det er noko av det fyrste som fær filmen til å stikka seg ut i positiv leid. Hovudpersonen ser ikkje berre ut som skinnskallar – dei talar som skinnskallar og ter seg som skinnskallar med. Ein fær vera med dei på både festar i den lokale kneipa, i kranglar heime hjå foreldri og i slagsmål ute på gata.

1980-talet: Skinnskallane tek politikken ut på gata

Mykje av det som skjer i filmen skal ha vore inspirert av røynelege hendingar på 1980- og 1990-talet. Millom anna er det ein skyteepisode utanfor ein bar i Paris der ein av skinnskallane vert drepen og den andre hamnar i rullestol. Dette spelar openbert på det som hende med Iman Zandifar alias «Sniff» – den iranskfødde (!) songaren i den nasjonalistiske musikkgruppa Evil Skins – etter ein konsert i 1984.

Hovudpersonen i filmen, Marco, ynskjer med kvart å draga seg ut or



skinnskallmiljøet. Grunnen til at han ynskjer dette kjem aldri klårt fram, snarare framstår det som ein rein eksorsisme der han berre byrjar kjenna seg uvel og ikkje orkar meir.

Poenget som regissøren dimed aldri fær fram er at det sumtid verkelegt kann vera naudsynt å organisera seg i ein gjeng.

I filmen “Un Français” kann ein få lett tokken av at valdsbruken og rasismen åt skinnskallane spring ut or den fårlege høgreekstreme ideologien deira. Det motsette er røyndomen: Dei unge skinnskallane i Paris på 1980-talet var dei fyrste som upplivde korleis det var å verta minoritet i sitt eige grannelag. Dei var dei fyrste som upplivde at her laut ein anten underkasta seg innvandrargjengane eller ein laut reisa seg og slåst. Dette hev millom anna Serge Ayoub teke fyre seg i dokumentarfilmen «Sur les pavés».

Når desse ungdomane spraya keltisk kross på betongveggene og nytta seg av ekstreme symbol på jakkeslaget, so var det ikkje innlegg i eit politisk ordsifte dei kom med. Det var ein styrkedemonstrasjon: “Her bur me, og me er sterke nok til å stå for det me er. Vil de gjera noko med det, so berre kom og ta oss!” Eller som Leonidas vilde ha sagt det: Molon labe!

1990-talet: Frå støveltramp til politisk kamp

Kor som er: Ein kjem til eit punkt der folki i miljøet byrjar verta eldre. Sume fær nok med seg sjølve og sitt eige privatliv, medan andre vil gå vidare og gjera eit røynelegt politisk prosjekt ut or livsstilen sin. Styvlar og bomberjakke vert dimed skift ut med dress og slips (haha!). Optimismen i miljøet er stor, men Marco sjølv dreg seg ut or det heile. I staden vert han med og feirar det mangkulturelle franske fotballaget sin siger i fotball-VM i 1998. Venene tykkjer han er ein svikar, og kjærasten hans likeins. Han fær ikkje lenger møta dotter si.

Åri gjeng, og Marco observerar frå utsida

at Front National veks seg store. Me fær jamvel vera med ein liten sviptur til dei identitære som held suppekjøkken for arme franskmenn – suppa med svinekjøt i, vel å merka.

Marco liver derimot vidare sitt eige ein-same og triste liv som lagermedarbeidar på ein fabrikk. Slik er det no ein gong å verta redusert frå politisk soldat til rotlaus forbrukar. Det store politiske prosjektet som gav livet meaning er burte, i staden sit ein att med “métro, boulot, dodo”. Utan vener, utan noko større perspektiv yver livet. Han er ikkje noko rettelegt mannfolk lenger, difor kann han heller ikkje lenger få lov til å vera far til dotter si.

2000-talet: Bordet fangar...

For det er ei hårfin lina millom det å “koma på betre tankar” og det å vera ein svikar. Kva som er godt og kva som er vondt, det skil seg på augo som ser. I røyndi finst det ikkje anna enn ulike verdsåskodingar – og det finst tankar, ord og gjerningar som samsvarar eller som bryt med desse verdsåskodingane. Marco vil bryta ut or det råmeverket som hev lagt grunnlaget for heile livsførselen hans, men han endar med å sitja att med ingenting.

Filmen sluttar med ei scena frå våren 2013, der Marco sit framfor TV’en og lagar middag til seg sjølv. Medan han skrellar grøn-sakene, so kjem det ei nyhendesending der det vert rapportert frå dei store demonstrasjonane mot homoseksuelle ekteskap – “Manif pour tous”, som fekk meir enn ein million menneske ut i gatone. Det er hans eigi dotter som han brått fær auga på, i brodden av demonstrasjonstoget...

Marco held fram med å skrella potetor, og med det vert skjermen svart. Var det nissen som fylgde med på lasset – eller er det snarare bordet som fangar? Marco vilde ikkje kjempa imot mangkulturalismen og liberalismen. No er det dotter hans som må ta den kampen sjølv.

“Patries” - utanforskap i både svart og kvitt

Av Olav Torheim

I den franske filmen “Patries” (2015) so møter me dei to ungdomane Sebastien og Pierre. Franske Sebastien opplever å verta ein framand i sitt eige land, og det medan afrikanskætta Pierre kjenner seg rotlaus i det landet han er oppvaksen i. Både rasisme mot kvite og andre tabutynge emne frå det mangkulturelle samfunnet vert sette på dagsetelen i denne filmen. Med “Patries” hev regissøren Cheyenne Carron soleides levert eit vitnemål frå “la generation de la fracture ethnique”.

Sebastien hev vokse opp på landsbygdi, men flytjer inn til ein forstad i Paris saman med foreldri sine. Det fyrste varselet um at det nye livet ikkje vert so beinkløyvt, det fær han tidlegt: Nett etter at familien hev flutt inn i det nye grannelaget, so er dei på middagsvitjing hjå ein annan huslyd. Dotteri i huset segjer til Sebastien at han skal vera glad han ikkje er gjenta i det stroket der han er flutt inn. Der kann ikkje gjentor gå ikring utan å uppliva seksuell trakassering. Faren hennar vil ikkje høyra snakk um slikt, og freistar avdramatisera med det at det kann vera hardt nok å vera gut med. Det skal det syna seg at han fær rett i...

Medan Sebastien er ute ein spaseretur i grannelaget, so råkar han på gateguten Pierre som er ute på rullebrett. Pierre er opphavlegt frå Kamerun, men han kom til Frankrike som fireåring og hev budd i same grannelaget heilt sidan den gongen. Dei to finn tonen snøgt.

Sebastien freistar å gli inn i det svarte ungdomsmiljøet som Pierre soknar til, men han lukkast ikkje med det. Tvert um



uppliver han at sume møter honom med direkte fiendskap, og det frå fyrste dagen av. Ei tid seinare hender det ei mopedulukka medan heile gjengen er samla. Sebastien reagerar på at alle flyktar frå åstaden, men Pierre dreg honom med på flukta. Når mopedføraren seinare fær brev frå Politiet, so trur alle at det er Sebastien som hev sladra. Gjengleidaren Mahmadou gjev honom 24 timar på å koma seg burt frå grannelaget for alltid, elles skal dei drepa honom.

Sebastien vert nøydd til å kjempa for å vinna tilværeretten og respekten attende. Det vert ein hard kamp utan allierte, men han gjev seg ikkje...

På den andre sida so uppliver afrikanskætta Pierre at det franske storsamfundet ikkje hev nokon plass til honom. Han freistar få seg eit arbeid, men dei einaste som er interesserte i å tilby honom jobb er eit firma som sel eigedom i problembydelar, og som gjerne vil ha ein seljar “frå den synlege minoriteten”:


Pierre spyrr um det er slik å forstå at det ikkje er for skuld kvalifikasjonane, men einast av di han er svart, at dei tilbyd honom eit arbeid? Han fær til svar at “med dagsens sosiale stoda” so bør han takka ja til det arbeidet han kann få. Pierre gjeng frå jobbintervjuet i sinne. Etter dette eine jobbtilbodet, som han avviste, so er det ikkje anna enn sosialhjelp som ventar honom...

Pierre kjenner samstundes på ein sterkare og sterkare dragnad frå heimlandet Kamerun. Det er eit land han aldri hev vore i sidan foreldri flutte, og der han

ikkje ein gong kann språket. Mor hans hev ikkje tala anna enn fransk med honom, og det gjer honom arg å tenkja på det. Han konfronterar mor si med dette, men ho svarar at det aldri er for seint dersom det er det han verkelegt vil.

I staden for å gå gjerandslaus i eit land som ikkje hev anna enn sosialhjelp å tilby, kvifor ikkje reisa heim att og nytta kunnskapen og kompetansen sin der? Slik kann ein slå tvo flugor i ein smekk: Både hjelpa sitt eige folk med å byggja landet og samstundes tena til sitt eige levebrød. Pierre hev høyrte gjete um ein kar frå det same grannelaget som nokre år tidlegare hadde flutt attende til Afrika og grunnlagt eige firma i byggebransjen. Den vesle startkapitalen hadde han samla frå vener og kjende som hadde tru på honom. Pierre spyrr um å få kontakthinformasjonen hans...

I denne filmen finn ein meir enn nok av det sprengstoffet som i dagsens Paris og Europa kva tid som helst kann eksplodera med bilbrannar og gateslag. Men dette er ikkje nokon dystopisk film, det er tvert um ein film som syner at ein-skildmenneske kann velja å bryta den vonde sirkelen og faktisk gjera ein skilnad. Trulegt måtte det nett ein maghrebinsk regissør til for at ein film med sopass mange politisk ukorrekte implikasjonar skulde få sleppa igjennom “sensuren” i Frankrike. At han skal koma på kino i Noreg er nok altfor mykje å vona på, men filmen kann tingast på DVD frå fnac.fr.



Fosse-trilogien

Av Stig Andresen

Trilogien – Andvake, Olavs draumar og Kveldsvævd / Jon Fosse. Oslo: Samlaget, 2016. 240 s., ISBN 978-82-521-8915-5 (hf.)

Vonlegt er det vorte kjent for dei fleste at det var forfattaren, lyrikaren og dramatikaren Jon Fosse som vann Nordisk Råds litteraturpris for hausten 2015. Prisen fekk han for det bokverket som meldaren nyss hev havt i hende: Trilogien. Eit bokverk sett i hop av dei nær sagt novelleliknande verki “Andvake” (2007), “Olavs draumar” (2012) og “Kveldsvævd” (2014). Ei samstemd pressa hev prisa verket upp i skyene, og lat det verta sagt fyrst som sist: Prisen er honom vel fortent.

Handlingi i bokverket gjeng fyre seg i eit ikkje-tidfest Bjørgvin - men av grunnar eg ikkje skal nækja her so lyt det vera fyre 20. februar 1789. I meldaren sitt hovud hev Fosse tenkt seg at handlingi er sett til ein gong på 1600-talet, men det vert litt upp til lesaren sjølv å døma um. Bokverket tek fyre seg livet til kjærasteparet Asle og Alida, og her kunde kanskje Hamsun si Victoria ha vorte dregi inn - sidan Fosse hev den same evna som Hamsun til å pensla fram det stormande indre livet åt tvo unge menneske,

Asle og Alida er tvo vesale ungdomar på 17 år frå ei bygd nær Bjørgvin. Alida bær Asle sitt barn i magen, med alt det som fylgjer for ugifte foreldre på denne tidi. Boki er mest utan punktum, og sumtid gjer det henne litt trøytande å lesa. Samstundes er dette greide litterære grepet med på å riva lesaren med i det som sumtid kjenner seg som ein einaste lang tankestrøm.

“Andvake”

I Andvake fylgjer me oppbrotet frå det heimlege bygdemiljøet deira - og fêrði inn til storbyen Bjørgvin. Det er ei dramatisk bok, og Asle er sett mot veggen - med dei fylgjene dette fær for dei vali han tek. I sann Fosse-stil vert lite sagt beinveges, men ein anar likevel kva Asle gjer for å kunna halda Alida og det komande barnet i live. Snild mot umverdi er han ikkje, men i den toetine verdi til desse unge elskande so spelar ikkje det nokor rolla. Alle bruer i vêrði kann brennast ned, berre Asle fær vera herre i sitt



eige liv og nær si høgt elska Alida. Logen i kjærleiken deira brenn so sterkt som han berre kann brenna hjå slike unge elskande.

“Olavs draumar”

Den mest kjensletyngde og - som namnet spelar på - draumeliknande parten, han kjem so med Olavs draumar. Her fylgjer me framfor alt Asle, som no hev teke namnet Olav, og “Olavs draumar” skilddrar det indre livet til Asle/Olav på eit hjarteskjerande sett. Asle freistar skapa eit livsgrunnlag for seg og den vetle familien som no er auka til tri etter at vesle Sigvald er fødd. I Olavs draumar er det ikkje klåre skilje millom draum, tanke og røynd. Eg skal ikkje segja kva som hender, men lesaren skynar at slik som Asle hev føta seg mot andre so kann ikkje dette enda godt.

Meldaren merka ikkje at sidone flaug i veg (boki vart lesi på ein dag), og Fosse er her i vêrdsklasse. I ettertid tok ein seg i å undra på um Fosse hev drege vekslar på Ambrose Bierce si novella An occurrence at Owl Creek Bridge (1890). Fosse skal jamvel hava heider for å ha drege noko so vestlandsk som kumlør inn i handlingi (klubb eller raspeballar hjå sume andre, so slepp me å kivast um det). Det er løjje og bittersøtt å tenkja på kor annleis den bergenske identiteten kunde ha vore i dag, um ting hadde enda på anna vis med målkampen.

Fosse hev endeleg teke steget dit at han no skriv eit norskare språk med a-endingar på verbi, millom anna. Kanskje me kann vona på at den komande bokse-

rien han etter segjande skriv på vert på høgnorsk mål? Einaste meldaren stussar yver er at Fosse språkleg sett ikkje nyttar seg av noko so grunnleggjande som rett form på ordi ut i frå kyni. Han skriv til dømes at ein mann er vorten, noko som sjølv sagt er heilt rett. Samstundes kann ei kvinna i neste setning vera vorten, ho med. Dette skjêr i alle fall denne lesaren i augo, sidan ei kvinna slett ikkje er vorten. Ein mann er kanskje vorten noko, men ei kvinna er derimot vorti noko. Dette gjeld andre verb au (bunden – bundi, til dømes). Kor som er so er denne bolken etter meldaren sitt syn den mest framifrå bolken i heile boki.

“Kveldsvævd”

Kveldsvævd rundar so av dette storverket. Her fylgjer me i hovudsak Alida som er vorti eldre og ser attende på livet som var. Å gjera slike lange hopp i tid, det er eit litterært grep som me minnst frå Fosse sitt andre meistarverk, Morgon og kveld (2000). Dette skaper ein tidssus yver verket: Det gjer det til noko storslege, og det med enkle trekk.

Den religiøse råma som Fosse ofte set i verki sine, ho er til stades her au. Denne gongen litt meir nedtona og mest umerkande, kor som er. Den kristne miskunni er vel kanskje det ein bit seg mest merke i på det feltet. Det er noko livstrøytt yver denne siste parten i verket, og dette er det vel titelen spelar på med. Ættefolki våre hadde eit hardt liv, men slitet deira knytte dei til landet og jordi som dei stræva på. Desse bandi hev diverre losna i våre dagar, men det vert sjeldan nemnt i offentlegt ordskifte.. Fosse hev her gjeve sitt tilfang til å skapa eit band attende i tidi, jamvel um hovudstadsmeldarane neppe bit seg merkje i det.

På sikker plass i litteratursogelista

Jon Fosse er ein av våre heimlege skattar, og med denne trilogien hev han for ålvor sikra seg ein plass i norsk litteratursoga (etter meldaren sitt syn burde det ha vorte klårt alt i år 2000 med “Morgon og kveld”, rett nok). Trilogien fortener mange, mange lesarar og vonleg kann Nordisk råds litteraturpris gjera sitt til å skaffa honom dette. Målmannen gratulerar med prisen og ser fram til å fylgja Fosse i mange år frametter.

“Levande stein”: Ei onnorleis bok og mann

Av Stig Andresen

Levande stein / Jon Fosse. Oslo: Samlaget, 2015. 96 s., ISBN 978-82-521-8788-5 (ib.).

«Og eg kjem i hug noko anna Hauge sa: kunsten «skal tena religionen». Eg skjønar godt kva Hauge meinte, og eg er samd» (Fosse, 2015:12).

Ei onnorleis bok og ein annleis mann

Jon Fosse er kjend hjå flestalle nordmenn med eit snev av ans for kultur. Det dristar eg meg i alle fall til å hevda. Han er kanskje den mest spela samtidsdramatikaren i verdi, men ikkje nok med det: Han hev ei rad romanar og diktsamlingar attum seg òg. Fosse voks upp i Hardanger og han hev gjennom heile sitt offentlege liv vore ein trufast landsmålsmann. Ein kann segja at han hev vore ein etter måten hardtslåande fyregangsmann for målsaki i ei tid der alle ser ut til å hava tagna. På tampen av 2015 vart Fosse tilkjend Nordisk Råds litteraturpris for trilogien *Andvake*, *Olavs draumar* og *Kveldsvævd*.

For å feira dette - og for å heidra ein av dei siste attlevande målmennene me kjenner til (dvaske samnorskingar tel ikkje) - so sikt

Målmannen seg inn mot å lesa seg i gjennom alle verki til Fosse. Når dette er gjort, so kjem me til å gjeva lesarane Fosse-meldingar som perlor på ei snor. Alternativt kann det henda det kjem eit særnummer um bokheimen hans...

Boki me tek fyre oss her er det ein kann kalla ei onnorleis bok. Ho minner sers mykje um Tarjei Vesaas sine meir eksistensielle verk (*Båten om kvelden*, til dømes), sidan det ikkje er nokor nemneverdig handling å tala um. Boki sviv seg meir kring lause iakttakingar, mystiske samtalar millom namnlause skapningar og inspirasjon frå den europeiske religionssoga. Fosse er som kjent umvend til katolisismen, trulegt av di den norske lutherdomen anno 2016 er vorten for tannlaus.

Mykje av skrivarii til Fosse krinsar kring Trui, slik det bør vera i verk som skal tola tidi si tonn. Religionen gjev ei djupn til Fosse og verki hans, og boki me skal sjå på no er ikkje noko undantak. Som me kann sjå so segjer Fosse seg samd med ein annan kjend harding i at kunsten skal tena religionen. Fosse er verkelegt i utakt med tidsånd, og slik sett er det vonfullt at Fosse vert tilkjend ein so gjæ

pris som den frå Nordisk Råd. Ein religiøs målmann som talar bykulturen rett imot? Framifrå!

Drøymt i stein

Den viktugaste bolken i boki heiter «Drøymt i stein», og han tek fyre seg noko slags ras som er kome, og so sit det etterpå nokre folk og drøftar kva dette tydde. Er raset eit fysisk ras, eit personleg «ras» elder nokor slags forløyssing med samband til den programsetningi me fyrst nemnde? Det vert aldri sagt beint fram, måvita, som det helder ikkje bør verta i god litteratur. Den typiske Fosse-attakingi kjem her med, som ein ser i etter måten mange av stykkji hans på scena. Er skapningane kanskje daude og komne i Skirselden elder er dei kanskje ein annan stad? Det er sumt som tyder på det siste:

«Lagar steinane mura saman eit ope rom?

Ja.

Er det noko i det rommet?

Eg trur det. Eg merkar at noko er der.

Og så sit vi tause.

Han der som snakka om at ingenting er i alt.

Ja. Kva med han, seier eg.

Nei, ingenting.»

(Fosse, 2015:43-44).

Som ein ser so sviv det seg meir um stemning og tankar enn um ei handfast handling. Det skapar kor som er ei serskild indre sinnstemning hjå lesaren, som ein kjenner frå Vesaas sine mange verk med. Ei fager melankolsk kjensla set sitt merke på heile boki, men samstundes kjenner ein ei slags von um det som skal koma. Boki vert avslutta med desse ordi:

*«Du ser det no
du ser og ser og ser det
og er til stades
der ingenting er»*

(Fosse, 2015:90).

Boki vart meg snøgt kjær og eg kjem til å venda attende til henne. Det er ei slags blanding av novellor, dikt og litteraturteori som fungerer sær godt. Kvar einskild lesar kjem til å lesa boki på ulike vis, men det er nok syftet med henne au. Ei bok for ålmenti er det kor som er ikkje, men noko vent kjem nok alle til å sitja att med.



Idis Örlög, «Frøya og Svipdag» (CD)

Den siste plata til det heidenske folkemusikkprosjektet *Idis Örlög* er ute sidan juni 2015. Med heile 12 nye songar der det sviv seg um å finna attende til dei norrøne og heidenske rotene våre – gjennom naturupplevingar og gamle sogor og segner. Attåt song og akustisk gitar, so er det både harpespel, fløytespel og hardingfela. Til CD-plata fylgjer det ein flott utsmykka hefte med alle songtekster og fine naturfotografi frå både Nordhordland, Sunnhordland, Ytre Nordfjord og Sunnmøre.

Tinga plata frå høgnorsbutikken:
<https://www.maalmannen.no/shop>

Wergeland-poesiar med Fosse

Av Stig Andresen

Poesiar – Etter Henrik Wergeland / Jon Fosse. Oslo: Samlaget, 2016. 88 s., ISBN 978-82-521-9020-5 (hf.)

«Å han smiler

han ser på huset
der han voks opp
slik det stod
då han forlét det som gut
dei same pærene på trea

og sjela hans er atter barn
i det han døyr» (Fosse, 2016:84)

Etter at han busette seg med staten si signing i diktarbustaden Grotten i Oslo, so hev Jon Fosse sett seg fyre å lesa Henrik Wergeland på nyo. Denne gongen ei grundig gjennomlesing. Slik meldaren skynar det so hadde ikkje Fosse lese Wergeland i nemnande mun tidlegare, men etter at han hadde busett seg i Wergeland sin gamle residens so tykte han at det var på høg tid.

Wergeland-lesnaden gav Fosse mykje å tenkja på, og tankane samla han i det verket me no hev i hende. Som fleire meldarar hev peika på so er det ikkje godt å segja kva som er Fosse og kva som er Wergeland her, men dette er ikkje til mein

for samlingi. Det hev visselegt gjenge hovudstadsmeldarane hus forbi, men Målmannen sin meldar merkar seg snøgt at Fosse hev stramma til språket sitt - og til mi gleda gjenge yver til å skriva med a-form i verbi.

Emni som Fosse tek upp er velkjende frå hans andre verk: Gud, religion, natur, Skapingi, kjærleiken som vinn yver alt - og ikkje minst dauden som lurar attum det heile. Samlingi vert runda av med det diktet som er synt til fyrst i denne meldingi. Med det er ringen slutta, og vêrði kverv burt både for den einskilde og for manneætti.

Tonesett av Bon Iver, med hans Holocene som høveleg bakgrunn for slike djupe tema, so las meldaren gjennom dei ulike versi. Jamt yver er nivået særst høgt og ein fann seg sjølv stødt dvelande ved både eine og hitt diktet. Ein tykkjer ein kann ana Hegel med sin guddomlege verdsande som spelar inn, her med, sidan vêrði vert framsteld som ho er Gud sin ande - og med Hans tankar som rører seg.

Samlingi er mangslungi og spenner vidt, og denne meldaren såg millom anna fyre seg slagmarkene i fyrste heimskrigen i eitt av dikti:

«I kinn

kvite av død
ser du ditt eige bilete
og du skal snart
i kinn
kvite av død
sjå tindane av
ei stjernekvit englevengje
loga glitrande

sjå englars vengje falda seg ut
i si rørsle
mot det eine» (Fosse, 2016:19)

Stemmingi i samlingi er gjennomgåande ålvorleg og stend fram på eit nivå og i eit toneleide det er vandt for notidige diktarar å koma upp på. At Fosse fær halda til i Grotten, det gjev von um at det er liv laga i norsk kulturliv likevel - millom alt det forfalne som fær skilta seg med nemningi kultur i kongeriket. Fosse er etter segjande i gang med ein romansyklus i mange band som skal koma i åri frametter. Med hans stegvise tilnærming til høgnorsken (vonlegt), so kann ein vona at målmeisteren Fosse ein dag nyttar fullt og heilt det språket han stødt takkar i si reinaste form. Wergeland hev fenge verdige lovord med denne samlingi, og Fosse skal hava takk for det.

Goatmoon og Stormheit med akustisk kveldsykt i Helsinki

Av Megan Leo



Laurdag 5. mars var det dei fire finske musikkgruppene Aurinkopyörä, Goatmoo, Pyhä kuolema og Stormheit som baud inn til ei akustisk kveldsykt i Helsinki.

Aurinkopyörä spela stemningsfull akustisk musikk. Gitar-spelet vart fylgt upp med klarinett, og det gjorde det ekstra spanande å lyda til.

Goatmoon spela nokre klassiske Goatmoon-nummer, denne gongen i akustisk utgåva. Endå um det var akustisk, so kjende energien seg like sterk som på metallkonsertane deira.

Pyhä Kuolema spela nasjonalromantisk neo-folk. Framfor alt var det den framifrå songrøysti som fengde, og publikum vart kveikte av tekstene som hadde ein høg poetisk kvalitet.

Siste mann ut var frontmannen åt Stormheit, som spela etter måten mange cover-låtar og eit par av sine eigne Stormheit-låtar på finsk. Diverre vart det ingen "Suuri suomen kansa", og det gjorde meg litt vonbroti sidan eg hadde gledd meg til å høyra denne akustisk. Kor som er so drog han den gamle Fortress-slageren "I hate the Commie scum", two gamle Misfits-songar, Bathory-songen "Man of Iron" og nokre fleire låtar som mange kjenner.



Alt medrekna so var det ei harmonisk og avslappande stemming heile kvelden. Ingen dårleg humor, men berre godlynte folk som kjenner og likar einanna og som diggar musikk med meining i. Litt merkelegt konsertlokale, fær ein vel segja, men det gjorde ikkje so mykje.

Soga åt keltarkrossen

Av Siv Kari Hjelmås Johansen

Som politisk symbol er den keltiske krossen sers verknadsfull. Det er eit symbol som er lett å teikna, måla og spraya upp. Det er eit symbol som vekkjer eldhug hjå sume og spreider skrekk hjå andre. Men kvifor er det i grunnen slik? Kva er det med den keltiske krossen? Det skal me sjå nærare på i denne teksti.

I sume land i Europa er den keltiske krossen vorten for eit "nazi-symbol" å rekna. I Tyskland er han jamvel vorten forboden. Dette endå um dette symbolet aldri vart nytta politisk i det tredje riket.

Som politisk symbol hev keltarkrossen ei etter måten stutt saga: Det var fyrst frå slutten av 50-talet av at franske Jeune Nation tok til å nytta seg av dette symbolet, fyrst og fremst i kampen for eit fransk Algerie. Symbolet var sidan nytta av andre nasjonalsinna grupper som Œuvre française, Occident og Ordre Nouveau.

Dei som hev sett filmen "Zeitgeist", fær til dømes høyra at den keltiske krossen er eit heidensk symbol, og det vert gjort eit stort nummer ut or dette. Kor som er: Det er ikkje rett at den keltiske krossen er eit reint heidensk symbol. Den keltiske krossen er tvert imot resultatet av ein synkretisme: Ut frå tvo tradisjonar kjem det noko heilt nytt. Det er både eit solsymbol og eit hjarta på ein gong...

Solhjulet - Livet er ein kamp

Mange naturkrefter er kaotiske, veret til



Solvogni frå Trundholm i Danmark (Ca 1600-1800 f.kr)

dømes. Men soli og årstidene er stabile, og skulde ein ha stabile menneskesamfund i gamle dagar, so laut ein halda seg i fasa med desse. Slik kunde menneski i det gamle fyrrkristelege samfundet halda samfundsordenen uppe, i kampen mot dei ville naturkreftene (jamfør kampen mellom gudar og jotnar i norrøn mytologi).

Frå bronsealderen kjenner ein til mange solhjul. Framvoksteren åt metallurgien gav liv til ein solkult. Fyre menneski makta gjera upp eld sjølv, so var det toreveret som gav eld, og glørne laut ein vakta på.

Likeins var dei metalli ein fann uppe i dagen gjerne av meteorisk opphav. Og kunsten å arbeida med metall vart rekna

som noko magisk. Ein rekna metalli som embryo som smeden på magisk vis kunde få fram snøggare (dette hev eit visst samsvar med røyndomen, sidan oksidering kann gjera minerali til metall).

Den nulte lovi i termodynamikken segjer at alt vert til kaos um det vert yverlate til seg sjølv. Det trengst ei tilførsel av energi utanfrå um ikkje alt berre skal gå mot stødt høgare entropi (meir uorden). Det er soli som stend for denne tilførsel.

I den norrøne mytologien ser ein tydelegt korleis ein ser fyre seg livet som ein kamp. Ved roti av livstreet, Yggdrasil, ligg draken Nidhogg. Han gneg på roti åt treet, og òg ein dag er det Nivldraken som



F.v: Heidensk solhjul (bronsealder), kristeleg keltisk kross (1000-talet) og politisk symbol (2000-talet).



skal draga det lengstre strået - medan jordi sokk i havet (jamfør siste verset i Voluspå).

Likeins ser me på norrønt trearbeid at det er eit vanleg motiv med "entrelacs" der ein drake gøymer seg i bakgrunnen. Ein freistar å byggja upp ein orden frå kampen millom kreftene, balansera dei, nytta seg av dei - men dei vert aldri burte. Jamvel i menneskesamfundet er dei dyriske instinkti aldri langt undan.

Nett som ein kann skilja millom livande og dautt, so kann ein skilja millom plantar og dyr, millom dyr og menneske, millom kropp og sjel, millom tankar og verdsåskoding (ånd). Alt dette er ulike abstraksjonsnivå, til sjuande og sist høyrer alt til i den same fysiske verdi som draken symboliserar. Det er ein kamp for å kunna eksistera i denne verdi, og han som ikkje kjempar gjeng under.

Slik forstår me kvifor dei gamle, keltiske krossane er fulle med "entrelacs", dei med. Dei keltiske krossane, som ein fyrste gongen finn i Irland, dei er symbol for livstreet - for kampen for å halda seg i live. Det er ikkje ein lidande Kristus på krossen som den keltiske kunsten symboliserar, det er den triumferande Kristus som sigrar yver døden.

Frå solhjul til solkross

Den keltiske kristendomen voks ut or den gamle keltiske druiderørsla. Um den keltiske tradisjonen veit me diverre lite, sidan keltarane motsette seg at tradisjonen deira skulde skrivast ned. Med ein gong noko vert skrive ned, so vert det til eit spursmål um teksttolking for den ein-skilde åleine - i staden for at det er ein livande tradisjon som nokon andre må initiera deg inn i (det er nett prinsippet um "Skrifti åleine" som hev gjort at protestantismen stødt hev vorte oppkløyvd i nye retningar og småe sekter).

Keltarane freista sakralisera landskapet - dei organiserte seg ut frå ein heilag geometri. Ein må hugsa på at det på denne tidi ikkje fanst kart, og det einaste som keltarane hadde å orientera seg etter var mentale modellar.

Um ein til dømes ser på korleis Irland var organisert, so vart landet oppkløyvt det dei kalla for i "femtepartar", endå det aldri på noko tidspunkt var fem kongedøme. Det var berre fire ulike kongerike i Irland på ein gong, men ein tenkte seg at det fanst eit femte i midten av landet. Grensone for Irland vart med andre ord sette med di ein gav landet eit sentrum.

Parisi, opphavet til vårt tids Paris, er eit anna døme på dette. Militært var ikkje Parisi noko sterkt, men åndelegt tente det til eit sentrum for dei fire stammene som budde ikring.

Likeins er det med soli slik ho flytjer seg på himmelen. Soli flytjer seg kring eit sentrum: Det arktiske opphavet åt hyperborearane - solmenneski.

Alle einingar som ikkje berre ei rein samanstelling (slik det liberale samfundet nettopp er) må ha eit sentrum. Dette sentrumet treng ikkje um å vera eit fysisk sentrum. Einskildmennesket er ikkje noko undantak, det med treng eit sentrum - og hjarta er dette senteret.

Eller for å segja det med ei strofa frå den eldgamle indiske vedaen:

"The sun and the moon and the stars, the very space and the clouds and the lightning and the rains—all this miracle of creation is within the heart of man."
(Chhandogya Upanishad)

Det som dei nykristna keltiske druidane gjorde, var altso at dei tok det eldgamle solhjulet og kombinerte det til eit hjarta - med di dei let krossen bryta igjennom sirkelen.

Det heilage hjarta ("Sacré-Coeur") er elles eit umtykt katolsk symbol. Det er hjarta åt Jesus, umgjeve med ein tornekrans og gjenombora med eit spjut, slik som Jesus vart stukken med lansa medan han hekk på krossen (eller slik Odin vart stukken på eit spjut medan han hekk på Yggdrasil-treet).

Den keltiske krossen dannar fem skjeringspunkt, og dette svarar beint til dei fem "heilage skadene" som Jesus vart påført under krossfestingi. Fire naglar gjennom armar og bein, og stukken i hjarta med ei lansa (pili gjennom hjarta er elles

eit umtykt symbol i mange andre samanhengar).

Det urikkande senteret

Soli sin syklus representerar stabilitet, noko som stend fast. Hjarta representerar senteret i eit individ, drivkrafti.

Det som både er urikkande og som er ei drivkraft, det er i tradisjonell tankegang det ein kallar Weltanschauung.

Dei fleste som nyttar seg av dette symbolet politisk, dei oppfattar det som eit motstandssymbol - noko å halda fast ved i ei verd som er i umskifte. Ein set upp nokre klåre grensor, og det med di ein bokstavelegt talar slær ring um dei europeiske kjerneverdiane.

Det at den keltiske krossen er vorten til som ein slags syntese millom heidenskap og kristendom, gjer honom dessutan til eit symbol som europeiske nasjonalistar kann samla seg um, same um den spirituelle tilnærmingi deira skulde vera kristeleg eller heidensk.

Eller som det heiter i den fjerde strofa åt den franske soldatsongen "Les lansquenets":

*Demain nous irons au combat,
La croix celtique guidera nos pas,
— Que crèvent les marxistes
Et les capitalistes,
Au rythme des hauts tambours
des lansquenets.*

Svart er fargen for motstand, og ein keltisk kross på svart bakgrunn er soleides eit symbol som strålar ut vilje til motstand, vilje til å hevda seg mot alle desse verdsens nedbrytande makter.

(Mykje av sjølve fakta-informasjonen i denne teksti er henta or boki "La croix celtique", Synthese Editions, 2015)

Sluttordet:

*Uvisst er å vita
når på vegom ute
det spyrjast kann etter spjot.
Or Håvamål*

**Målmannen er alltid open for nye skribentar.
Kom gjerne med innlegg og stykkje, du med!**